



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.meld. nr. 24

(2001-2002)

Om samarbeidet i Atlanterhavspakt- organisasjonen i 2001

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 26. april 2002,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Samandrag

Det allierte forsvarssamarbeidet og dei transatlantiske banda utgjør berebjelkane i NATO, og er føresetnaden for evna til å handtere dei utfordringane dagens tryggingsspolitiske bilete stiller Alliansen og medlemslanda overfor. Terrorhandlingane i USA 11. september synte at dagens tryggingsspolitiske utfordringar er mangearta og at trusselbiletet er omfattande. I staden for ein klar og hovudsakleg militær trussel står vi no overfor ei rekkje truslar som er vanskelegare å møte med militære verkemiddel aleine.

Terrorhandlingane fekk store følgjer for NATO si verksemd hausten 2001. Den 12. september fatta NATO for første gong eit artikkel 5-vedtak, som slår fast at eit angrep på ein alliert er eit angrep på alle. Vedtaket vart stadfesta 2. oktober då USA la fram informasjon som viste at al-Qaida sto bak terrorhandlingane. Etter førespurnad frå USA vedtok NATO 4. oktober ytterlegare tiltak i kampen mot terrorisme, m.a. styrkt etterretningssamarbeid, hjelp til allierte eller andre statar som gjennom støtte til antiterrorkampanjen pådrog seg auka risiko for terrorangrep, og styrkt vern om allierte anlegg på eige territorium.

I dagane som følgde 11. september vedtok Det euroatlantiske partnerskapsrådet (*Euro-Atlantic Partnership Council - EAPC*), Fellesrådet NATO-Russland (*Permanent Joint Council - PJC*) og NATO-Ukraina-kommisjonen (*NATO-Ukraine Commission - NUC*) erklæringar som fordømde terrorhandlingane og slo fast at respektive partnerland ville stå saman med NATO i kampen mot terrorisme.

I tillegg til dette kom ulike militære bidrag. NATO sende fem overvakingsfly til USA for å verne amerikansk luftrom, og NATO sine ståande flåtestyrkar vart dirigerte til det austlege Middelhavet. Her var norske marinefarty involverte. NATO sette òg i gang eit arbeid for å forbetre forsvarsevna si mot masseødeleggingsvåpen og styrkje den sivile beredskapen.

Kampen mot terrorisme har fått innverknad på NATO sitt forhold til omverda, i første rekkje EU, Russland og dei andre partnerlanda. For Noreg er det viktig å sikre effektiv internasjonal ressursutnytting og unngå overlapping mellom ulike organisasjonar i innsatsen mot terror. NATO sitt nettverk av partnerland er ein unik ressurs i kampen mot terrorisme.

Alliansen står framfor eit langsiktig arbeid for å bli betre rusta i kampen mot internasjonal terrorisme. Dette vil påverke Alliansen både politisk og militært, og vil kunne få innverknad på forsvarsstruktur, operative doktrinar og forsvarsplanlegging. Dette langsiktige arbeidet vil ta form utover i år 2002 og stå sentralt under NATO sitt toppmøte i november i Praha.

NATO sin innsats for fred og stabilitet på Balkan fortsette i 2001. For den internasjonale fredsstyrken (*Kosovo Force - KFOR*) under leiing av NATO vart året prega av godt samarbeid med dei nye styresmaktene i Beograd, innsats for å hindre at utviklinga i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia (*Former Yugoslav Republic of Macedonia - FYROM*) skulle få negativ innverknad på situasjonen i Kosovo og fortsett støtte til FN-administrasjonen (*United Nations Mission in Kosovo - UNMIK*). KFOR si støtte til UNMIK og OSSE (*Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa*) var viktig for å

sikre at provinsvala kunne gjennomførast utan alvorlege valdsepisodar. Sterkt internasjonalt press fekk Beograd til å oppfordre kosovoserbarar til å delta, slik at provinsvala fekk deltaking frå alle etniske grupper. Den største utfordringa i 2001 var interne truslar som organisert kriminalitet, etnisk vald og væpna albansk ekstremisme i Sør-Serbia og den nordlege delen av Makedonia.

Spørsmålet om endeleg status for Kosovo er framleis uavklara. Serbarane i Kosovo vil at provinsen framleis skal vere ein del av Serbia, mens kosovoalbanarane ønskjer lausriving. Tryggingrådsresolusjon 1244 føreskriv eit Kosovo med stor grad av sjølvstende innan rammene av Jugoslavia. Det er brei semje mellom dei allierte om at det er for tidleg å ta stilling til spørsmålet om endeleg status for Kosovo.

Utviklinga av det sivile beredskapskorpset i Kosovo (*Kosovo Protection Corps* - KPC) heldt fram, men mykje står att før organisasjonen reelt kan fungere som ein sivil beredskapsorganisasjon. Enkelte i KPC ser framleis korpset som eit forstadium til ein eigen hær for Kosovo. Noreg og andre allierte legg stor vekt på at korpset strengt må halde seg til dei retningslinjene som er gjevne.

Situasjonen i Presevodalen i det sørlege Serbia har vore forholdsvis roleg i 2001. Gjennom ei rekkje tillitsskapande tiltak har ein lykkast i å bringe konflikten over i den politiske sfæren. Noreg har medverka til ei rekkje prosjekt som kan betre den økonomiske situasjonen i området. Det viktigaste er likevel at styresmaktene i Beograd blir oppfordra til vidare innsats for minoritetane i området.

I perioden april til september leidde Noreg, saman med Danmark, hovudkvarteret for KFOR-styrkane i Kosovo. Den norske KFOR-leiarskapen la stor vekt på eit tett samarbeid med UNMIK og eit godt forhold til styresmaktene i Beograd. Ein etablerte òg eit effektivt samarbeid på tvers av dei nasjonale kontingentane i styrken, slik at KFOR no i større grad verkar som ein reell multinasjonal styrke. Den norske innsatsen viste at Noreg har vilje og evne til å gje eit bidrag til europeisk krisehandtering og dei trygging- og forsvarspolitiske prosessane i Europa. Den vellykka norske leiarskapen av KFOR 5 har styrkt den norske profilen både i NATO og i EU-krinsar.

Trass i at det har det vore framsteg på den sivile sida i Bosnia-Hercegovina, er situasjonen i landet framleis svært skjør. Den NATO-leidde stabiliseringsstyrken (*Stabilisation Force* - SFOR) spelar derfor stadig ei viktig rolle for gjennomføringa av den sivile delen av Dayton-avtalen. Styrken har medverka til at krigshandlingane ikkje har blussa opp att, og har lagt til rette for gjenoppbygging av det sivile samfunnet og retur av flyktningar.

Det er avgjerande at dei bosniske styresmaktene tek eit meir aktivt ansvar for dei største utfordringane; meir sjølvstendig økonomi, flyktningretur, nedbygging av væpna styrkar, styrking av fellesinstitusjonar, utlevering av krigsforbrytarar, kamp mot korrupsjon og organisert kriminalitet og reform av politi og rettsvesen.

I juli annonserte dei tre presidentane formelt at Bosnia-Hercegovina har som målsetjing å slutte seg til ordninga med Partnerskap for fred (*Partnership for Peace* - PFP) i NATO, og det vart innleidd ein konsultasjonsprosess med dette for auge.

I Makedonia førte den stigande spenninga mellom den slaviske og albanske delen av befolkninga til at albanske ekstremistar gjekk til væpna aksjonar mot makedonske tryggingstyrkar på nyåret 2001. Etter sterkt vestleg press lykkast det den 13. august å oppnå semje om ein rammeavtale, Ohrid-avtalen, som skulle bringe fred ved å betre stillinga til den albanske minoriteten.

Ohrid-avtalen omfatta m.a. etablering av NATO-styrken *Task Force Harvest* (TFH), som i løpet av 30 dagar skulle samle inn og destruere våpen som NLA (*National Liberation Army*) frivillig gav frå seg. Operasjonen var vellykka, og på oppfordring frå Makedonia oppretta NATO i september ein etterfølgjarstyrke for å verne dei internasjonale observatørane som overvaker gjennomføringa av Ohrid-avtalen. Som følge av kampane gjennom året blei den etniske polariseringa i Makedonia svært sterk. Dette gjorde at det blei vanskeleg å få det slavisk dominerte parlamentet til å vedta dei grunnlovsendringane Ohrid-avtalen føreskreiv. Då endringane likevel gjekk igjennom i november, gav dette håp om at den politiske prosessen kunne haldast i gang. Ved nyttår vart mandatet førebels forlengt til 26. mars 2002. Styrken er under tysk leiing og har bidrag frå andre NATO-land, inkludert Noreg.

Hausten 2001 vedtok NATO sine utanriks- og forsvarsministrar at styrkesamansetjinga på Balkan skal gjennomgåast. Siktemålet er ein meir fleksibel styrke tilpassa dagens utfordringar. Den nye amerikanske administrasjonen stadfesta både under det ekstraordinære utanriksministermøtet i februar og det uformelle toppmøtet i juni at ein ikkje einseitig ville avbryte det amerikanske styrkenærværet på Balkan («inn saman, ut saman»). Dette har vore eit viktig spørsmål for europeiske allierte. Frå norsk side har ein lagt vekt på at det samla styrketalet ikkje må reduserast meir enn at dei kan handtere situasjonen på bakken.

Terrorangrepa 11. september gav samarbeidet mellom NATO og Russland ein heilt ny dynamikk. Angrepa viste at dei allierte og Russland står overfor felles truslar, og at eit effektivt motsvar krev samarbeid og felles innsats. Fellesrådet NATO-Russland (PJC) blei oppretta i 1997 nettopp for å styrkje samarbeidet mellom NATO og Russland om ei lang rekkje tema. Etter 11. september blei det klart at PJC ikkje var tilstrekkeleg for å møte dei nye utfordringane, og både dei allierte og Russland ønskte å styrkje samarbeidet ytterlegare. Under utanriksministermøtet i NATO i desember blei det såleis vedteke å opprette eit nytt organ der dei tjue deltakarlanda i PJC skal drøfte spørsmål av felles interesse som m.a. kampen mot terrorisme, krisehandtering, ikkje-spreiing av masseødeleggingsvåpen og sivil beredskap.

Det er eit felles ønske for NATO og Russland at det nye organet skal vere meir fleksibelt og utnytte dei høva til felles initiativ og avgjerder som ligg i Grunnakta for NATO-Russlandforholdet frå 1997 betre enn PJC-samarbeidet har gjort. Det er brei semje om at PJC-strukturen har vore for rigid. Utviklinga av det nye samarbeidsorganet vil stå sentralt fram mot ministermøtet i Reykjavik i mai, der det skal lanserast. Noreg har heile tida sett stor verdi i eit tettare samarbeid mellom NATO og Russland, og i dei interne drøftingane støtta vi aktivt opp om eit styrkt samarbeid. Eit ufråvikeleg prinsipp er likevel at Russland ikkje vil få nokon vetorett over NATO sine vedtak.

Andre viktige element i samarbeidet mellom NATO og Russland i 2001 var opninga av NATO sitt informasjonskontor i Moskva i februar, og vedtaket om

opning av eit militært liaisonkontor for NATO i Moskva under forsvarsministermøtet i desember. Samarbeidet har òg omfatta sivil beredskap, fredsoperasjonar, konsultasjonar om spreing av masseøydeleggingsvåpen, og søk og redningsoperasjonar til sjøs.

I 2001 har ein fortsett førebuinga av søkjarlanda, men Alliansen har ikkje starta på diskusjonen om kva for land som skal få invitasjon til medlemskap. Denne diskusjonen vil først komme i gang etter ministermøtet i Reykjavik våren 2002. Albania, Bulgaria, Estland, Latvia og Litauen, Makedonia, Romania, Slovakia og Slovenia tek del i handlingsplanen for NATO-medlemskap (*Membership Action Plan - MAP*). I løpet av prosessen har kandidatlanda blitt meir systematiske i sine førebuingar til medlemskap, og ambisjonane står no betre i forhold til tilgjengelege ressursar. Noreg har gjeve sterk støtte til NATO si utviding, men har òg lagt vekt på behovet for realisme når det gjeld mål, ressursar og prioriteringar. På norsk side har ein òg lagt vekt på regionalt samarbeid, integrering av minoritetar, forhold til naboland og økonomiske reformer. Kandidatlanda sine militære framskritt vil vere ein viktig faktor når ein skal invitere nye land, men avgjerda vil i siste instans vere politisk. Ei rekkje ulike faktorar vil måtte vurderast. Frå norsk side er det streka under at kandidatlanda må vurderast etter same målestokk, uavhengig av historie eller geografi.

NATO sitt politiske samarbeid med partnerlanda i EAPC vart òg prega av hendingane den 11. september. Dei 46 medlemslanda var raskt ute med støtte til Alliansen sitt art. 5-vedtak. Sverige og Finland tok initiativ til å utarbeide ein handlingsplan med konkrete tiltak for korleis EAPC kunne styrkje si rolle i kampen mot terrorisme. Noreg støtta aktivt opp om dette initiativet. Ikkje minst vil eit nærare samarbeidsforhold til landa i Sentral-Asia vere viktig.

Det nære politiske og militære samarbeidet med partnerlanda har kontinuerleg vorte utvida og styrkt sidan opprettinga av det militære samarbeidet Partnerskap for fred (PFP) i 1994. PFP gjev rett til konsultasjonar med NATO om partnerane ser sin tryggleik trua. I 2001 har ein arbeidd vidare med praktiske samarbeidstiltak for å auke evna til å operere saman. Ein har òg utvida PFP-samarbeidet til nye område som antipersonellminer, ammunisjon, handvåpen og internasjonal humanitær rett. Fram mot toppmøtet i Praha vil dei allierte i samråd med partnerane vurdere utviklinga av PFP i framtida i lys av den kommande utvidinga av NATO, forholdet mellom NATO og EU og den auka trusselen frå terrorisme.

Regjeringa har lagt til grunn eit aktivt norsk engasjement i utviklinga av samarbeidet med partnerlanda. Etter norsk syn har partnerane si deltaking i SFOR og KFOR og i kampen mot terrorisme vist at PFP kan yte konkrete bidrag til bygging av europeisk tryggleik. Noreg har helsa velkommen ein gjennomgang av PFP, og har understreka behovet for å utnytte dei eksisterande programma og tiltaka på ein slik måte at potensialet i desse vert nytta fullt ut. Då vert ikkje mengda nye initiativ og aktivitetar viktig i seg sjølv. Det er viktigare å sikre at kvaliteten i PFP vert halden oppe og utvikla vidare.

Terrorangrepa 11. september påverka òg samarbeidet mellom Ukraina og NATO. Ukraina støtta raskt opp om Alliansen sitt art. 5-vedtak, og uttrykte under ministermøtet i desember ønske om eit tettare samarbeid med Alliansen. I 2001 stod forsvarsreform i sentrum for samarbeidet, og planleggings-

og tilsynsprosessen i PFP (*Pfp Planning and Review Process* - PARP) har fått ei viktig rolle i reformarbeidet. Ei vanskelegare sak var dei ukrainske leveransane av tungt militært materiell til Makedonia. På alliert side var ein uroa over den effekten leveransane kan få for stabiliteten i regionen, og oppmoda Ukraina om å stanse leveransane inntil vidare. Diskusjonen om desse spørsmåla vil fortsetje.

Samarbeidet med Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Jordan innanfor ramma av NATO sin Middelhavsdialog fekk òg ein ny og meir politisk dimensjon etter 11. september. Alle dialoglanda tok avstand frå angrepa og støttar opp om antiterrorkampanjen. Den strategiske rolla som dialoglanda spelar i den arabiske verda, gjer det naturleg for NATO å oppgradere samarbeidet. I oktober møttest for første gang NATO og alle dialoglanda samla for å diskutere terrorisme. NATO har òg opna for at dialoglanda kan delta på PFP-øvingar. Frå norsk side støttar vi aktivt opp om dialogen, samstundes som det har vore viktig å halde på det naturlege skiljet mot partnerlanda.

Konsultasjonsordningane mellom NATO og EU blei etablerte på nyåret 2001. Dei omfattar felles rådsmøte mellom PSC og NAC, eit felles utanriksministermøte under kvar EU-formannskap, kryssrepresentasjon av NATO sin generalsekretær og EU sin høgrepresentant ved ministermøta i kvar organisasjon og kontakt mellom ekspertar og sekretariata. Konsultasjonsordningane har vore praktiserte gjennom heile året. Særskilt har ein diskutert situasjonen på Balkan, men òg kampen mot terrorisme og sjølve samarbeidet mellom EU og NATO.

Trass i denne utviklinga var det liten framgang i arbeidet med formalisering av dei permanente samarbeidsordningane mellom EU og NATO. Ei av hovudårsakene til at det framleis er usemje om korleis EU skal kunne gjere bruk av NATO sine ressursar i ein EU-leidd krisehandteringsoperasjon, er spørsmålet om deltakarordningane i EU sine krisehandteringsoperasjonar for europeiske allierte som ikkje er medlemmer av EU. NATO-landet Tyrkia meiner at dei europeiske allierte som ikkje er medlem av EU bør ha tilnærma automatisk tilgang til deltaking i EU-leidde krisehandteringsoperasjonar også når EU ikkje gjer bruk av NATO sine ressursar, medan EU-landet Hellas ikkje er villig til å gå med på så opne ordningar. Tyrkia har derfor halde att i drøftingane i NATO. Gjennom heile 2001 prøvde sentrale land å utforme forslag til ordning som var akseptable for EU, og som tok omsyn til dei tyrkiske synspunkta. I desember blei eit omarbeidd utkast akseptert av Tyrkia, det er no til vurdering i EU.

Derimot har det politiske og praktiske samarbeid mellom NATO og EU på Balkan utvikla seg positivt. Særskilt samarbeidet i Makedonia har gjeve gode resultat og står fram som eit glimrande eksempel på korleis dei to organisasjonane kan utfylle kvarandre i praksis. Balkan var òg hovudsaka for det første formelle utanriksministermøtet mellom EU og NATO i Budapest i mai 2001, og har stått sentralt i ei rekkje felles rådsmøte mellom EU sin komité for utanriks- og tryggingsspolitikk (*Political and Security Committee* - PSC), og NATO sitt råd (*North Atlantic Council* - NAC).

Frå norsk side har ein arbeidd aktivt for å sikre at dei deltakarordningane som EU-toppmøtet i Nice vedtok for europeiske allierte som ikkje er medlem

i EU, blir utvikla på ein så inkluderande måte som mogleg. Samstundes ønskjer Noreg at ordningane for at EU skal kunne nytte NATO sitt planleggingsapparat og kommandostruktur under ein EU-leidd operasjon, må utformast så generøst som mogleg og raskast mogleg. Ein har sett det slik at ei vidare blokkering av dette spørsmålet lett kan føre til at EU ser seg nøydt til å byggje opp egne reiskapar for utføring av sine krisehandteringsoppgåver. Ei slik utvikling vil vi ikkje vere tente med.

Vestunionen (VEU) er bygt ned. Det har ikkje vore arrangert møte på ministernivå i 2001. Den belgiske formannskapet avgrensa sin innsats til å slutføre overføringa av krisehandteringsoppgåvene til EU. Den formelle tilknyttinga for dei assosierte medlemmene har ikkje endra seg, men i praksis er samarbeidet med rest-VEU lite.

Hovudutfordringa i det allierte forsvarssamarbeidet i dag er å femne over eit breiare spekter av oppgåver innanfor ein og same struktur, samstundes som nasjonale forsvarsbudsjett vert reduserte og det er liten vilje til å auke bidraga til NATO sitt fellesbudsjett.

Forsvarsplanleggingskomiteén (*Defence Planning Committee* - DPC) heldt i 2001 fram arbeidet med å tilpasse Alliansen sine forsvarsstrukturar til den nye tryggingpolitiske situasjonen, mellom anna ved å arbeide for integrering av initiativet for betre forsvarsevne (*Defence Capability Initiative* - DCI) i den årlege styrkeplanprosessen. Medlemslanda blei i 2001 vurderte opp mot styrkemåla som gjeld for perioden 2001-2006. Hovudkonklusjonen er at styrkemåla kan seiast å vere oppfylte, men det er uro over europeiske allierte si manglande oppfylting av viktige styrkemål. Dette kan få alvorlege følgjer for Alliansen si evne til å løyse oppgåvene sine i framtida.

DCI er også viktig å ha «in mente» for den vidare utviklinga av det norske forsvaret, og er ein grunnleggjande føresetnad for den omstillinga forsvaret no er i gang med. Målet er at dei allierte skal kunne bidra til styrking av den felles tryggleiken og å bevare NATO som ein truverdig og effektiv forsvarsallianse og krisehandteringsorganisasjon.

Alliansen sitt arbeid med rustingskontroll, nedrusting og ikkjepreiring har i 2001 vore prega av dei store omleggingane i amerikansk politikk. Utviklinga av eit nytt amerikansk strategisk rammeverk og eit nytt forhold til Russland, som byggjer på samarbeid meir enn konfrontasjon, gav nye moglegheiter og nye utfordringar. Utviklinga av eit amerikansk rakettforsvar har skote fart, og det er indikert interesse for eit samarbeid med «venner og allierte» frå USA si side på dette området. Dei allierte møtte USA si ein-sidede avgjerd om å seie opp ABM-avtalen (*Anti-Ballistic Missile Treaty*) i desember med å understreke behovet for konsultasjonar. Samstundes vart opplysningane om dei ein-sidede reduksjonane i atomvåpenarsenalet ønskte velkomne. Parallelt med dei bilaterale forhandlingane mellom USA og Russland har det vore konsultasjonar med Russland i NATO, mellom anna om trusselen frå masseødeleggingsvåpen og om mogleg samarbeid om eit avgrensa rakettforsvar (*Theatre Missile Defense* - TMD).

På grunnlag av den breie semja i Alliansen om å styrkje innsatsen for å avgrense spreinga av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen fortsette arbeidet med gjennomføringa av det såkalla WMD-initiativet (*Weapons of Mass Destruction* - WMD) frå toppmøtet i 1999. Terrorangrepet mot USA

11. september og miltbrannutbrota i USA hausten 2001 førte til at spørsmåla fekk ny og dramatisk aktualitet.

Arbeidet med konvensjonell rustingskontroll fokuserte på føresetnadene for å kunne ratifisere den tilpassa CFE-avtalen (*Treaty on Conventional Armed Forces in Europe*) frå 1999. Noreg og dei fleste andre medlemsland vil berre setje i gang ratifisering dersom Russland oppfyller Istanbul-krava som er knytte til taka for materiell i flanken og uttrekking av russiske styrkar frå Georgia og Moldova. I 2001 var det framdrift når det gjeld flanken og Moldova, mens det er større grunn til uro når det gjeld situasjonen i Georgia. Ratifiseringsspørsmålet vil stå sentralt i 2002. Avtalen om opne luftrom (*Open Skies*) blei ratifisert av Russland og Kviterussland 1. november, og tredde i kraft 1. januar 2002.

Tidleg i 2001 var det stor merksemd omkring moglege helsemessige verknader knytte til bruk av granatar som inneheld utarma uran under luftkampanjen mot Jugoslavia i 1999. Dei undersøkingane som blei gjorde av NATO og av FN sitt miljøprogram (*United Nations Environmental Program - UNEP*), kunne ikkje stadfeste nokon samanheng mellom utarma uran og kreft eller andre helseskadar. KFOR si oppfølging av saka vart formelt avslutta i august 2001.

2 Terrorisme

2.1 Artikkel 5

Terrorangrepa i USA 11. september førte til at NATO den 12. september, for første gong i si historie, vedtok å ta i bruk plikta til kollektivt forsvar som er nedfelt i artikkel 5 i Atlanterhavspakta. Etter at USA presenterte informasjon om kven som stod bak terrorangrepa, vart artikkel 5-vedtaket stadfesta 2. oktober. Artikkel 5 i Washingtontraktaten frå 1949 er grunnpilaren i NATOsamarbeidet, og slår fast at eit angrep på ein alliert er eit angrep på alle. Sidan NATO blei oppretta i 1949 har artikkel 5-garantien vore ein hjørnestein i norsk og europeisk tryggingsspolitikk, som skulle sikre amerikansk hjelp dersom Noreg eller ein annan alliert blei utsett for eit væpna angrep. Det overraska derfor mange at første gongen denne garantien kom i bruk, var etter eit angrep på USA og ikkje på ein europeisk alliert.

Vedtaket om å ta i bruk artikkel 5 var eit viktig politisk og militært handslag til USA frå dei allierte, som synte at Alliansen stod samla bak USA for å møte truslane frå terrorisme. Dette var viktig for det amerikanske arbeidet for å byggje opp ein internasjonal koalisjon som stod samla bak mottiltaka. Vedtaket synte i tillegg for amerikansk opinion og media at dei europeiske allierte var klare til å gje USA støtte i den krisesituasjonen det amerikanske folket gjennomlevde.

2.2 Arbeidet innanfor Alliansen

Terrorangrepa har sidan 11. september sett eit klart preg på dagsordenen i NATO. Dei gjorde det klart for alle at trusselbiletet etter den kalde krigen har blitt meir mangearta og omfattande. I staden for ein klar og hovudsakleg militær trussel står vi no overfor ei rekkje truslar som er vanskeleg å møte med militære verkemiddel aleine. Handteringa av denne situasjonen vil ha både politisk og militær innverknad på Alliansen, og vil kunne påverke forsvarsstruktur, operative doktrinar og forsvarsplanlegging. Ho vil òg få innverknad på NATO sitt forhold til EU, Russland og partnerlanda. Dette langsiktige arbeidet vil ta form utover i år 2002.

Det er likevel ikkje nytt at Alliansen engasjerer seg i kampen mot terrorisme. I kommunikéet frå toppmøtet i Washington april 1999 går det fram at terrorisme er ein alvorleg trussel mot fred, tryggleik og stabilitet, og at medlemslanda vil kjempe mot dette i tråd med sine internasjonale plikter og nasjonale lover. Også Alliansen sitt nye strategiske konsept frå toppmøtet i 1999 viser til den trusselen terrorisme utgjør for dei allierte. Likevel har angrepa 11. september utan tvil gjort at antiterrorarbeid no er sett på Alliansen sin dagsorden på ein heilt annan måte enn før.

Etter førespurnad frå USA vedtok NATO 4. oktober mellom anna å styrkje etterretningsamarbeidet både bilateralt og innanfor Alliansen. Målsetjinga med dette var å kunne avsløre og motverke truslar frå terrorisme, å hjelpe allierte eller andre statar som pådrog seg auka risiko for terrorangrep fordi dei

støtta opp om antiterrorkampanjen, og å kunne setje i gang nødvendige tiltak for å verne om amerikanske eller andre allierte sine anlegg og institusjonar på eige territorium.

I tillegg gjennomførte NATO i *Operation Eagle Assist* overvaking av USA sitt luftrom med fem overvakingsfly av typen AWACS (*Airborne Warning and Control system*). Personell frå Noreg, stasjonert i Tyskland, utførte ei rekkje oppdrag knytte til denne overvakinga. I tillegg blei NATO sine ståande flåtestyrkar dirigerte til det austlege Middelhavet. I første omgang dreidde dette seg om Middelhavsflåten (*Standing Naval Force Mediterranean* - STANAVFORMED), men denne er i periodar blitt avlasta av Atlanterhavsflåten (*Standing Naval Force Atlantic* - STANAVFORLANT) der den norske fregatten KNM Narvik har inngått. Vidare gav dei allierte overflygingsløyve, flyplass- og hamnerettar for amerikanske eller andre allierte militære fly og farty som deltek i kampanjen.

På lengre sikt vil kampen mot terrorisme gripe inn i Alliansen sitt verkeområde i brei skala. NATO har sett i gang eit arbeid for betring av Alliansen si forsvarsevne mot masseøydeleggingsvåpen på alle felt, noko som krev alt frå politisk og militær til medisinsk innsats.

Likeins er innsatsen innan sivil beredskap forsterka. På oppdrag frå NATO-rådet og plenarsesjonen til Høgnivåkomitéen for sivil beredskapsplanlegging (*Senior Civil Emergency Planning Committee* - SCEPC) utarbeidde denne komitéen ein handlingsplan for betring av sivil beredskap i høve til moglege biologiske, kjemiske eller radiologiske angrep (*Chemical, Biological or Radiological* - CBR). Føremålet med handlingsplanen er å gje SCEPC ei prioritert liste over tiltak, med tidsfristar og ansvarlege styresmakter for dei ulike tiltaka. Partnerlanda har vore involverte i dette arbeidet fordi ein trussel om bruk av masseøydeleggingsvåpen eventuelt vil ramme alle. Vidare koordinerer NATO og partnerlanda nasjonale ressursar når det gjeld transport, medisin og forskning, slik at desse raskare kan gjerast tilgjengelege i fall CBR-angrep skulle ramme sivilbefolkninga. Noreg har ekspertar knytte til Det euroatlantiske koordineringssenteret for katastrofebistand (*Euro-Atlantic Disaster Response Coordination Centre* - EADRCC) som NATO har bygd opp i Brussel.

I kampen mot terrorisme har USA teke i bruk eit breitt spekter av verkemiddel og bygd opp ein omfattande koalisjon av nasjonar og institusjonar som støttar og tek del i kampanjen. NATO er ein av mange aktørar. Kampen mot terrorisme vert òg ført gjennom lovreform, etterretning, finansierings- og bankverksemd, politisk samarbeid, nasjonal beredskap og helsetiltak. Dei ulike organisasjonane må konsentrere seg om sine spesialområde for å unngå overlapping og for å sikre mest mogleg effektiv bruk av tilgjengelege ressursar. Mellom anna er det no ein prosess i gang for å finne ut korleis NATO og EU best kan samarbeide på dette feltet. For Noreg er det viktig å sikre at innsatsen mot terror vert transparent og koordinert i begge organisasjonane.

Sidan terrorisme ikkje avgrensar seg til enkelte geografiske område, ein religion eller gruppering, men forgreinar seg til mange land og kulturar, krev trusselen eit motsvar som strekkjer seg på tvers av dei same grensene. NATO sitt nettverk av partnerland er unikt og veleigna til bruk i kampen mot terror-

isme. I dagane etter 11. september vedtok både EAPC, PJC og NUC erklæringer som fordømde terrorhandlingane. Dei erklærte terrorhandlingane som brutale og meningslause angrep på medlemslanda sine felles verdier og slo fast at respektive partnerland ville stå saman med NATO.

Den 7. oktober starta USA og Storbritannia, under leiing av USA, militære aksjonar mot terroristnettverket al-Qaida og Taliban-regimet i Afghanistan. Det faktum at det var den militært sett mektigaste allierte som vart angripen 11. september, har avgrensa behovet for direkte militært engasjement frå NATO. Dei allierte, inkludert Noreg, spelar likevel viktige støtteroller. Mellom anna har NATO-styrkane på Balkan medverka i kampen mot terrorisme. I Bosnia-Hercegovina har SFOR-styrkane arrestert fleire personar mistenkte for å vere terroristar med samband til al-Qaida-nettverket. Noreg deltek i operasjonen i Afghanistan mellom anna med spesialstyrkar og mineryddingslag.

2.3 Den humanitære situasjonen i Afghanistan. NATO si støtte til FN

I den tidlege fasen av den militære kampanjen i Afghanistan, då situasjonen framleis var svært spent, var det uklart om FN kunne handtere den humanitære situasjonen i landet utan hjelp frå andre aktørar. På førespurnad frå USA utarbeidde derfor NATO planar for ein mogleg humanitær innsats i Afghanistan. Arbeidet vart utført i tett og positiv kontakt med FN sin generalsekretær Kofi Annan og høgkommissæren for flyktingar Ruud Lubbers. FN sin ståande koordineringskomité (*Inter-Agency Standing Committee* - IASC) har utarbeidd retningslinjer for bruk av militære fly og anna løftekapasitet under naturkatastrofar. I følgje dei såkalla «Oslo-retningslinjene», som vart vedtekne på ministermøtet i Oslo i 1992, går det fram at militære ressursar berre skal brukast dersom det ikkje finst realistiske sivile alternativ. Formålet er at det ikkje skal kunne reisas tvil om at den humanitære bistandsoperasjonen er nøytral. Etter kvart som situasjonen på bakken utvikla seg raskt i positiv retning, vart det klart at FN hadde den humanitære situasjonen under kontroll. Det vart derfor ikkje aktuelt for NATO å ta på seg ei humanitær rolle i Afghanistan.

3 Situasjonen på Vest-Balkan

3.1 Kosovo

Situasjonen i Kosovo har endra seg i løpet av 2001. På den eine sida vart året prega av ei positiv utvikling i samarbeid med dei nye styresmaktene i Beograd og vidareføring av støtta til UNMIK, særleg i samband med provinsvalet 17. november. På den andre sida utgjorde organisert kriminalitet, etnisk vald og væpna albansk politisk ekstremisme i Sør-Serbia og i den nordlege delen av Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia store utfordringar. Det vil ta tid å skape eit klima i Kosovo der dei ulike folkegruppene kan leve og arbeide fredeleg saman mot felles mål. Innsatsen frå KFOR-styrken er derfor framleis eit naudsynt bidrag i arbeidet for betring av situasjonen og den allmenne tryggleiken.

KFOR-styrken er breitt samansett med troppar frå eit trettitals land. Personell frå ikkje-allierte land utgjer omlag 20 % av den totale styrken. I underkant av 40 000 KFOR-soldatar arbeider for å skape tryggleik og stabilitet i Kosovo, mellom anna ved å støtte FN-administrasjonen (UNMIK) i innsatsen for å gjennomføre dei sivile delane av tryggingrådsresolusjon 1244. I tillegg til etnisk motiverte valdshandlingar og organisert kriminalitet, var dei største utfordringane til styrken i 2001 handteringa av væpna albansk politisk ekstremisme knytt til situasjonen i Sør-Serbia og det nordlege Makedonia.

Spørsmålet om endeleg status for Kosovo er framleis uavklara. Tryggingrådsresolusjon 1244 føreskriv eit Kosovo med stor grad av sjølvstende innanfor Jugoslavia. Det er brei semje blant dei allierte om at det er for tidleg å ta stilling til spørsmålet om Kosovo sin endelege status. Medan serbarane i Kosovo ønskjer at provinsen skal vere ein del av Serbia, er det eit like klart ønske på kosovo-albansk side om lausriving. Dette gjeld òg for dei moderate kosovoalbanarane. I Beograd held ein fast på at Kosovo er ein del av Serbia. Men inntil vidare har Beograd prioritert å etablere seg som ein partner i Kosovo-spørsmålet og å handtere andre problem, som t.d. den økonomiske utviklinga og forholdet mellom republikkane Serbia og Montenegro.

Utviklinga i områda rundt Kosovo har hatt ein blanda innverknad på KFOR det siste året. Forholdet til Jugoslavia og styresmaktene i Beograd har utvikla seg positivt. Tidlegare president Slobodan Milosevic er utlevert til FN sin internasjonale straffedomstol for det tidlegare Jugoslavia i Haag, og Beograd har oppretta ein samarbeidskomité for Kosovo som blir leidd av den serbiske visestatsministeren Nebojsa Covic. Komitéen møtest no regelmessig med leiinga i UNMIK og KFOR. Tryggingssona på bakken mellom Kosovo og Sør-Serbia er avvikla, og lufttryggingssona i same området redusert. I tillegg er samarbeidet betre når det gjeld lagnaden til sakna personar og frigjeving av arresterte. Ein gryande retur av internflyktningar har blitt registrert, og Beograd støtta serbisk deltaking i provinsvala hausten 2001. Beograd bør likevel oppmodast til framleis å leggje vekt på tryggingsskapande tiltak i Presevodalen, og til å inkludere personar frå alle etniske grupper i den lokale administrasjon.

Situasjonen i Presevodalen har vore forholdsvis roleg utover i 2001. Styresmaktene i Beograd sette mykje inn på å stabilisere situasjonen, og den såkalla Covic-planen gjorde sitt for å redusere støtta til væpna ekstremisme i området. For å finne ei varig, fredeleg løysning på problemet vert no konkrete tiltak sette ut i livet for å styrkje dei politiske og kulturelle rettane til det albanske mindretalet. Noreg spela ei viktig rolle i denne prosessen gjennom rask finansiering og gjennomføring av fleire prosjekt for vatn, elektrisitet og telekommunikasjon i Presevo, Bujanovac og Medvedja. Styresmaktene i Beograd må likevel oppfordrast til vidare innsats for minoritetane i området. Internasjonale gjevarar bør samstundes framleis støtte opp om denne prosessen.

Krisa i Makedonia utgjorde ei operasjonell utfordring for KFOR i store delar av 2001. Særskilt gjaldt dette disponering av troppar og kontroll av grenseområda. Den såkalla *Operation Eagle* førte til arrestasjon av meir enn 1000 personar etter ulovleg kryssing av grensene og konfiskering av meir enn 2000 våpen. I tillegg gjorde operasjonen det vanskeleg for den makedonske *National Liberation Army* å få forsyningar frå Kosovo. Krisa i Makedonia synte klart at forsyningslinjene til KFOR kan vere sårbare, i og med at store delar av dei går gjennom område i Makedonia der det til tider har vore kamphandlingar. I løpet av hausten har ein difor drøfta om delar av forsyningane kan bli transporterte inn gjennom Albania eller Serbia.

Innsatsen for å utvikle det sivile beredskapskorpset i Kosovo (KPC) heldt fram i 2001, men framleis gjenstår det mykje før organisasjonen kan seiast å vere ein sivil beredskapsorganisasjon. Det er framleis nokre som ser KPC som eit mellomstadium, og vil gjere korpset om til ein eigen hær for Kosovo. Meininga med KPC er å gje tidlegare medlemmer av den kosovoalbanske frigjeringshæren (*Kosovo Liberation Army* - KLA) lovleg inntektsgjevande arbeid og sivil opplæring. Mykje arbeid er lagt ned for å klargjere grunnlaget for KPC og for å fjerne ueigna personar, folk som er involverte i organisert kriminalitet eller etnisk vald o.l. Talet på korpsmedlemmer skal reduserast, og i 2002 er det lagt opp til at 2000 personar skal bli overført til reservane. Under drøftingar i NATO har Noreg og andre allierte i ei rekkje samanhengar lagt vekt på at korpset og medlemmene strengt må halde seg til dei retningslinjene som er gjevne.

Alle dei etniske gruppene deltok i provinsvala i Kosovo 17. november 2001. Dette var viktig, og kom som følgje av at styresmaktene i Beograd, etter sterkt internasjonalt press, bestemte seg for å støtte opp om valprosessen og å oppfordre kosovoserbarar til å delta. Under registreringsprosessen før valet og på sjølve valdagen gav KFOR aktiv støtte til UNMIK og OSSE. KFOR la stor vekt på å sikre at valprosessen gjekk føre seg utan alvorlege valdsepisodar.

Det kosovoalbanske partiet *Den demokratiske liga*, leidd av Ibrahim Rugova, vann 46 % av røystene, medan *Kosovos demokratiske parti*, leidd av Hashim Thaci, fekk 26 %. Den serbiske koalisjonen *Retur* fekk 11 % av stemmene og vart såleis det tredje største partiet. Ved utgangen av 2001 hadde det nyetablerte provinsparlamentet framleis ikkje lykkast i å velje president, og det var dermed ikkje etablert ei regjering.¹⁾

Etter etablering av ei regjering i Kosovo er det meininga at UNMIK skal ha ein rådgjevande posisjon og i størst mogleg grad overlata den daglege sty-

ringa til dei nyvalde styresmaktene. Det gjenstår å sjå om kosovarane på eiga hand er klare til å etablere ein fungerande lokal samfunnsadministrasjon.

Den norske kontingenten i KFOR i 2001 var ekstra omfattande ettersom Noreg saman med Danmark leidde styrken frå april til september. Den norske kontingenten utgjer eit solid bidrag til operasjonen og er blant dei desidert største sett i forhold til folketal og militære ressursar. Som eitt av få KFOR-land har Noreg gjeve sjefen for styrken høve til å disponere troppane fritt. Dette inneber at norske troppar inngår i ein taktisk reserve. Dei har ved fleire høve blitt sende til urolige område rundt om i provinsen.

3.2 KFOR 5

I perioden april til september 2001 stilte Noreg saman med Danmark kjernen i det femte hovudkvarteret for KFOR-styrkane i Kosovo (kalla KFOR 5). Etter dansk-norsk tilråding vart Generalløytnant Torstein Skiaker utnemnd til høgaste leiar for KFOR (ComKFOR) og Noreg blei utpeika til leiingsnasjon. Som sjef over styrken leidde Skiaker i underkant av 40 000 soldatar frå eit trettitals land. Kjernen av personell i KFOR 5-hovudkvarteret kom frå dei permanente NATO-hovudkvartera i nordregionen. Personell frå dei regionale underkommandoane på Jättå ved Stavanger (*Joint Sub-Regional Command - JSRC NORTH*) og i Karup i Danmark (*Joint Sub-Regional Command - JSRC NORTHEAST*) vart flytta til Pristina i den aktuelle perioden. KFOR 5-hovudkvarteret vart sett saman av omlag 900 personar frå 29 nasjonar. I tillegg til personellet frå Jättå og Karup stilte Noreg nasjonalt personell til hovudkvarteret. Noreg bidrog òg med ei rekkje andre kapasitetar, til dømes ei helikopteravdeling på fire Bell 412, eit *Combat Camera Team*, sanitets- og ambulanseteneste, omsetjing, vakthald og personleg sikring. I alt gjorde 190 - 200 norske befal og soldatar teneste i samband med Noreg sitt ansvar som leiingsnasjon. Dette personellet kom i tillegg til den norske bataljonen og støtteelementa i KFOR som utgjer omkring 1200 personar.

Det er vanleg at leiingsnasjonen stiller ein operativ reservestyrke til disposisjon for ComKFOR, som vert brukt i situasjonar som krev rask innsats. Noreg har oppretta ein slik styrke under namnet *Task Force Viking*. Denne styrken, som er leidd av ein norsk bataljonssjef, er i hovudsak sett saman av eit norsk infanterikompani og ein britisk kavalerieskadron. *Task Force Viking* er ført vidare etter KFOR 5.

I den perioden KFOR var under norsk leiing, vart det lagt stor vekt på å ha eit godt og tett samarbeid med UNMIK. Erfaringane synte kor viktig det er å utvikle det sivil-militære samarbeidet, særskilt når det gjeld lov og orden. Det dreier seg om å skaffe dei militære tilleggskapasitetar og trening i enkle politioppgåver, men òg ei større forståing mellom militære styrkar og politi om korleis dei saman kan betre tryggleiken i Kosovo. UNMIK innførte i løpet av 2001 eit nytt regelverk som letta samarbeidet mellom KFOR og UNMIK på det juridiske feltet. Utviklinga av eit godt samarbeid med Beograd gjorde at

¹⁾ I byrjinga av mars 2002 lukkast dei politisk valde representantane å einast om regjeringssamansetjinga. 4. mars blei Ibrahim Rugova (*Den demokratiske liga* - LDK) vald til president medan Dr. Bajram Rexhepi (*Kosovo sitt demokratiske parti* - PDK) blei vald til statsminister.

returen av serbiske og jugoslaviske styrkar til tryggleikssona vart gjennomført på ein utmerkt måte. Forsterka kontroll i grenseområda til Sør-Serbia og Makedonia gjorde det vanskeleg for ekstreme grupper å operere der. ComKFOR Skiaker la òg mykje vekt på å etablere eit godt og effektivt samarbeid på tvers av dei nasjonale kontingentane i styrken, med sikte på at KFOR i større grad skulle stå fram som ein reell multinasjonal styrke, med auka handlefri- dom for ComKFOR og reduserte kostnader for operasjonen. For å utnytte dette potensiale krevst det langt sterkare samordning av nasjonane sine inter- esser, større vilje til å ta risiko og sterkare fokus på kostnadsinnsparing. Slike endringar vil eventuelt få implikasjonar for både den nasjonale og NATO si for- svarsplanlegging. Under norsk leiing vart det gjort eit grunnarbeid for at KFOR skal bli ein meir fleksibel styrke med håp om at troppebidraga over tid skal bli mindre bundne av nasjonale avgrensingar. Etter regjeringa sitt syn synte den norske leiinga av KFOR 5 at Noreg har vilje og evne til å bidra til europeisk krisehandtering og til dei tryggings- og forsvarspolitiske proses- sane som skjer i Europa. I ei tid der EU søker å utvikle ein operativ krise- handteringskapasitet, markerte den norske leiarskapen Noreg si aktive innstilling til det europeiske utanriks- og tryggingspolitiske samarbeidet. Den vellykka leiarskapen av KFOR 5 har styrkt den norske profilen både i NATO og EU.

3.3 Bosnia-Hercegovina

Stabiliseringsstyrken (SFOR) spelar framleis ei viktig rolle for gjennom- føringa av den sivile delen av Dayton-avtalen i Bosnia-Hercegovina. Styrken har medverka til at krigshandlingane ikkje har blussa opp att, og har samtidig spela ei avgjerande rolle i arbeidet med å leggje til rette for oppbygging av det sivile samfunnet. Situasjonen i Bosnia-Hercegovina er stabil, men skjør. Dette kom til uttrykk fleire gonger i 2001, som då det kroatisk partiet HDZ sitt påtrykk for ein tredje kroatisk entitet fekk den kroatisk komponenten av føderasjonshæren til å desertere og trekkje seg ut av militærleirane sine.

Det gjenstår altså mykje før ein kan tale om ein berekraftig fredsprosess. Utan omfattande økonomiske reformer vil samfunnet framleis vere avhengig av hjelp frå utlandet, hjelp som allereie er i ferd med å bli kraftig redusert. Saman med dei internasjonale aktørane i landet må styresmaktene i Bosnia-Hercegovina jobbe for ein meir sjølvstendig økonomi. Elles er dei største utfordringane framleis flyktningretur (minoritetsretur), nedbygging av dei væpna styrkane, meir effektive fellesinstitusjonar, utlevering av mistenkte krigsforbrytarar, kamp mot korrupsjon og organisert kriminalitet og reform innan politi og rettsvesen.

Styresmaktene i Bosnia-Hercegovina har hovudansvaret for å pågripe og overføre personar som er klaga for krigsbrottsverk til FN sin internasjonale straffedomstol for det tidlegare Jugoslavia (*International Criminal Tribunal for the former Yugoslavia* - ICTY) i Haag. Ein har sett visse tendensar til at sty- resmaktene kan vere villige til å gripe fatt i problemet. Men den tidlegare bos- nisk-serbiske leiaren Radovan Karadzic og general Ratko Mladic er framleis på frifot. Saman med styresmaktene i landet må SFOR-styrkane setje alt inn på å få bringa desse to og andre mistenkte personar til domstolen i Haag.

Utviklinga av eit fleiretnisk samfunn krev utvikling av ei rekkje godt fungerande fellesinstitusjonar og fjerning av parallelle institusjonar som hindrar ei fleiretnisk utvikling. NATO har i denne samanhengen eit utstrekt og viktig samarbeid med forsvarssektoren i Bosnia. I 2001 har forsvarssjefane i dei delane av landet inngått ein avtale med SFOR-leiinga om at dei væpna styrkane skal reduserast med 40 % i løpet av dei neste tre åra.

I juli annonserte dei tre presidentane formelt at Bosnia-Hercegovina har som målsetjing å slutte seg til Partnerskap for fred (PFP). NATO-eksperter besøkte landet i september. Presidentskapet har i tillegg vedteke ein felles forsvarsstrategi for landet som legg stor vekt på utvikling av felles standardar, samarbeid og samordning, for å spare pengar og for å betre kvaliteten i tråd med dei krava NATO stiller til alle land som ønskjer å bli medlem av PFP. NATO bør fortsetje å støtte opp under reform av dei væpna styrkane i Bosnia-Hercegovina, og styrkje den ståande komitéen for militære saker (*Standing Committee on Military Matters* - SCMM). Det bør vere eit mål å utvikle SCMM til hjørnesteinen i ein felles kommando- og kontrollstruktur i Bosnia-Hercegovina.

I løpet av år 2000 og 2001 vart SFOR-styrken redusert frå omlag 33 000 soldatar til omlag 20 000. Hausten 2001 vedtok NATO sine utanriks- og forsvarssministrar at stykesamansetjinga skal gjennomgåast på ny. Den norske militære innsatsen er konsentrert om KFOR og Kosovo. I løpet av 2001 har rundt eit dusin norske offiserar gjort teneste i Bosnia.

3.4 Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia - FYROM

Væpna albansk ekstremisme fekk større oppslutning i Makedonia etter krigen i Kosovo. Framgangen til den kosovoalbanske geriljaen oppmuntra desse grupperingane til å søkje større rettar for den albanske minoriteten. I oktober 2000 blei den albanske grupperinga Den nasjonale frigjeringshæren (NLA) kjend, og i januar 2001 byrja denne gruppa å gå til væpna aksjonar mot makedonske tryggingstyrkar.

Våren 2001 såg det internasjonale samfunnet faresignala. EU fekk i april den makedonske regjeringa til å skrive under ein avtale der styresmaktene forplikta seg til å søkje ei fredeleg løysing på krisa. I mai vart det danna ei nasjonal samlingsregjering der dei viktigaste makedonske og albanske partia deltok.

I juli var det ei større opptrapping i kampane mellom NLA og regjeringsstyrkar. Likevel lykkast det, med sterkt vestleg press, å få partane til å skrive under ein rammeavtale som skulle bringe fred til landet. I den såkalla Ohrid-avtalen frå 13. august inngår det at albansk skal brukast som eit offisielt språk i områder der albanarane utgjer meir enn 20 % av befolkninga, at maktfordelinga skal vere jamnare, at meir ressursar skal gå til undervisning på albansk, at etniske referansar i grunnlova skal fjernast og at fleire albanskætta personar skal inngå i politiet.

Avtalen bana vegen for at NATO-styrken *Task Force Harvest* blei etablert i slutten av august. Styrken på 3 500 soldatar skulle i løpet av 30 dagar samle inn og øydeleggje våpen som NLA frivillig gjekk med på å gje frå seg. Det vart samla inn 3 300 våpen, inkludert handvåpen, maskingevær, bombekastarar,

luftforsvarssystem, to stridsvogner og to armerte personellkøyrety. Vidare vart det innsamla store mengder ammunisjon for handvåpen og bombekastarar, i tillegg til 600 miner og granatar. Denne operasjonen, kalla *Essential Harvest*, vart gjennomført innan den planlagde tidsfristen og var ein suksess. Operasjonen demonstrerte NATO si evne til raskt å kunne setje inn militære styrkar for å støtte ei politisk løysing.

Trass i den vellykka avvæpninga av NLA hadde kampane gjennom året ført til ytterlegare polarisering av folkegruppene. Hausten 2001 var det politiske klimaet svært spent. Situasjonen vart likevel halden i sjakk gjennom ein intens innsats frå det internasjonale samfunnet. NATO, EU og OSSE arbeidde effektivt for å halde oppe og sikre eit visst samarbeid mellom partane. NATO sin generalsekretær George Robertson og EU sin Høgrepresentant for utanriks- og tryggingsspolitikk Javier Solana var særskild aktive pådrivarar og bidrog sterkt til å halde partane til lovnadene i Ohrid-avtalen.

På oppfordring frå presidenten i Makedonia, Boris Trajkovski, oppretta NATO i september ein ny styrke i landet etter at mandatet til *Task Force Harvest* gjekk ut. Oppgåva til den nye *Task Force Fox* er å bidra til å verne internasjonale observatørar som overvakar iverksetjinga av Ohrid-avtalen. Mandatet varte i utgangspunktet berre i tre månader, men er førebels forlengt til 26. mars 2002.²⁾ Styrken er under tysk leiing med deltaking frå andre NATO-land, mellom anna Noreg. Totalt består *Task Force Fox* av omlag 1000 soldatar.

I Ohrid-avtalen vart NLA førespegla ei rekkje grunnlovsendingar parallelt med at dei leverte frå seg våpna sine. 16. november gjekk endringane gjennom i parlamentet. Vedtaket gav eit forsiktig håp. Mot slutten av året var òg valdsepisodane færre.

3.5 Regionalisering og rasjonalisering av NATO-operasjonane på Balkan

I løpet av hausten 2001 vedtok NATO å vurdere potensialet for regionalisering og rasjonalisering av NATO sine operasjonar på Balkan. Noreg er positiv til dette og ser det som eit ledd i NATO-styrkane si tilpassing til den regionale utviklinga. Det er ikkje tvil om at ei regionalisering og rasjonalisering kan gje positive resultat. Meir fleksibilitet og tilpassing av styrkestrukturen vil kunne gje mindre dobbeltarbeid og gjere styrkane i betre stand til å handtere utfordringar med stadig større regional karakter, som organisert kriminalitet, korrupsjon og politisk ekstremisme. Frå norsk side er det likevel lagt vekt på at både SFOR, KFOR og TFF må ha ein struktur og ein storleik som gjer dei i stand til å handtere den situasjonen dei til kvar tid møter på bakken. I tillegg til militære omsyn må ein derfor også ta omsyn til den sivile og politiske situasjonen. Ein reduksjon må skje når den reelle situasjonen opnar for det, og ikkje ut frå ønske frå deltakarlanda om å trekke ut personell. Under NATO sitt ekstraordinære utanriksministermøte i februar og på toppmøtet i juni stadfesta den nye amerikanske administrasjonen at ein ville stå solidarisk med andre allierte for å gjennomføre NATO sin innsats på Balkan. Omgrepet «inn

²⁾ Mandatet har nå blitt ytterlegare forlenga til 26. juni 2002.

saman, ut saman» var eit viktig signal for andre allierte om at USA ikkje ville gå til ein-sidede styrkereduksjonar.

4 Alliansen og forholdet til partnerlanda

4.1 Forholdet til Russland

Terrorangrepa mot USA 11. september gav forholdet mellom NATO og Russland ein heilt ny dynamikk. Angrepa viste at dei allierte og Russland står overfor felles truslar, og at eit effektivt motsvar krev samarbeid og felles innsats. Eit betre forhold mellom Russland og Vesten var allereie i emning før 11. september, men vart klart stadfesta av den umiddelbare støtta Putin gav til USA i kampen mot terrorisme. 13. september utarbeidde PJC ei erklæring som fordømde terrorangrepa og stadfesta Russland si støtte til NATO sitt art. 5-vedtak og den kampen Alliansen førte mot internasjonal terrorisme. Toppmøtet mellom president Bush og president Putin i november gav viktige signal om korleis dei to nasjonane såg føre seg at forholdet mellom NATO og Russland kunne utviklast vidare. Generalsekretær Robertson og president Putin møttest før og etter dette. Tema var i første rekkje kampen mot terrorisme og mogleg styrking av samarbeidet mellom NATO og Russland. Denne utviklinga leidde til ein diskusjon i Alliansen om behovet for eit kvalitativt nytt forhold mellom Alliansen og Russland.

PJC blei oppretta i 1997 nettopp for å styrkje samarbeidet mellom NATO og Russland på område som er nedfelte i den Grunnakta som NATO og Russland vedtok same året. I den situasjonen som oppstod etter 11. september, ønskte både dei allierte og Russland å styrkje samarbeidet ytterlegare. Det var òg ei viss misnøye med resultata av samarbeidet i PJC. Moglegheitene for felles initiativ og avgjerd som ligg i Grunnakta, var ikkje blitt fullt utnytta. Dessutan ville Russland ha eit samarbeid mellom likeverdige partnerar (i 20-format).

PJC-møtet 7. desember var det første på ministernivå etter terrorangrepa. Det var prega av tydeleg felles interesse i kampen mot terrorisme og eit felles ønske om tettare og meir effektivt samarbeid. Møtet gav eit klart mandat til utforming av eit nytt samarbeidsforum mellom NATO og Russland. Målet er at 20 likeverdige partnerar kan drøfte spørsmål av felles interesse, ta initiativ og fatte vedtak i fellesskap. Område som vil eigne seg for samarbeid i det nye rådet er m.a. terrorisme, krisehandtering, ikkjespriing av masseøydelegingsvåpen og sivil beredskap. Det er eit ufråvikeleg prinsipp at Russland ikkje får noko veto over NATO sine vedtak, og at dei allierte sjølvsagt beheld retten til å drøfte alle spørsmål internt. Arbeidet med dei nye strukturane skal avsluttast innan ministermøtet i Reykjavik kommande mai.

Frå norsk side ser vi stor verdi i eit tettare samarbeid mellom NATO og Russland. Oppretting av det nye NATO-Russland-rådet er eit viktig bidrag til tryggleik og stabilitet i heile det euroatlantiske området.

Uavhengig av drøftingane om fornying fortsette samarbeidet med Russland i PJC i fjor. Eit informasjonskontor vart opna i Moskva i februar. Opninga av kontoret har stor symbolverdi, og bidreg med etterlengta informasjon til ulike russiske miljø om NATO sin politikk. Det var også gledeleg at det på forsvarsministermøtet i PJC i desember vart semje om opning av eit militært liai-

sonkontor. Kontoret vil gjere det lettare å etablere og samordne militære samarbeidstiltak mellom NATO og Russland. Samarbeidet om sivil beredskap blei styrkt gjennom vedtakinga av eit felles rammedokument. Dette er eit område der vi frå norsk side har hatt eit sterkt engasjement.

På militær side har Russland og NATO hatt eit svært godt samarbeid innanfor SFOR- og KFOR-operasjonane på Balkan. Innanfor ramma av PJC er NATO og Russland no i ferd med å utarbeide eit omgrepsapparat for felles NATO/Russland-fredsoperasjonar. NATO og Russland gjennomførte òg konstruktive konsultasjonar om trusselen frå masseødeleggingsvåpen (kjernevåpen, kjemiske og biologiske våpen) og om mogleg samarbeid om eit avgrensa rakettforsvar (TMD). Det har òg vore ført konsultasjonar om tryggingsskapande tiltak. Samarbeidet om søk og redningsoperasjonar til sjøs, som kom i gang etter Kursk-ulykka hausten 2000, blei styrkt ved eit nytt arbeidsprogram. Forslag til rammedokument er til vurdering på russisk side.

4.2 Utviding av NATO. Handlingsplanen for NATOmedlemskap (MAP)

På NATO-toppmøtet 13. juni var det semje om at toppmøtet i Praha hausten 2002 skal fatte eit vedtak om neste utvidingsrunde. Likevel er det enno ikkje teke stilling til kor mange som vert inviterte til medlemskap. Det er totalt ni kandidatland: Albania, Bulgaria, Estland, Latvia, Litauen, Makedonia, Romania, Slovenia og Slovakia. Sjølv om terrorangrepa i USA hausten 2001 har endra noko av fokuset i NATO, har ikkje dette påverka timeplanen for utviding.

Avgjerda om å utvide Alliansen vil i siste instans vere av politisk karakter, men vil måtte baserast på ei brei vurdering av ei rekkje ulike faktorar. Frå norsk side er det lagt vekt på at Alliansen sine egne behov må stå sentralt, og at kandidatlanda må målast etter same målestokk.

Framstega kandidatlanda har gjort i handlingsplanen for NATO-medlemskap (MAP), utgjer det sentrale vurderingsgrunnlaget for kven av dei ni som får invitasjon til medlemskap ved toppmøtet i Praha 2002. MAP vart vedteken på toppmøtet i Washington i 1999. Det er eit praktisk, handlingsretta instrument som førebur dei 9 kandidatlanda på medlemskap, men som ikkje er ein garanti for medlemskap. Dialogen med kandidatlanda skjer i årlege syklusar som startar på hausten ved at kandidatlanda legg fram nasjonale program (*Annual National Programme* - ANP). Desse nasjonale programma vert oppdaterte årleg, og dei gjer greie for status og mål når det gjeld politiske, økonomiske, forsvarsmessige og militære, ressurs-, trygging- og juridiske spørsmål. Programma vert gjennomgådde i løpet av hausten i møte mellom dei einskilde landa og NATO sin *Senior Political Committee*. NATO-sekretariatet utarbeider evalueringsrapportar, som utgjer eit viktig grunnlag for kandidatlanda sine individuelle møte med NATO på rådsnivå som finn stad om våren. Ein framdriftsrapport for MAP-prosessen blir lagd fram for ministermøta på våren og markerer avslutninga på kvar syklus.

Kandidatlanda er no inne i sin tredje og siste fullstendige runde før toppmøtet i Praha. Resultata så langt viser at MAP-prosessen fungerer. Kandidatlanda har utvikla ei meir systematisk og samordna tilnærming i sine førebuin-

gar til NATO-medlemskap. Ambisjonane står meir i samsvar med tilgjengelege ressursar. Kvaliteten på dei nasjonale programma er blitt betre, og dei allierte sine tilbakemeldingar meir målretta. Det står likevel att viktig arbeid, ikkje minst på forsvarsområdet.

I 2001 har det vore fokus på vidareføring av MAP-prosessen etter Praha. Ministermøta i NATO i desember fatta vedtak om at ein skal starte det interne arbeidet med å førebu NATO på nye medlemmer. Sjølv utvidingsspørsmålet vil melde seg med full tyngd etter utanriksministermøtet våren 2002. Samstundes er det semje om at MAP-prosessen skal først vidare for dei landa som ikkje vert inviterte til medlemskap ved toppmøtet i Praha, og for eventuelle nye søkjarland.

I dialogen med kandidatland har Noreg og dei andre allierte særleg understreka at det er naudsynt med realisme når det gjeld mål, tilgang på ressursar og prioriteringar. På norsk side har ein vidare lagt vekt på regionalt samarbeid, integrering av minoritetar, forholdet til naboland og økonomiske reformer. På forsvarsområdet har reform av forsvars- og styrkestrukturane stått sentralt (sjå òg kap 4.4). Under møta med dei baltiske landa har ein frå norsk side gjeve klar støtte til deira ønske om medlemskap i Alliansen.

4.3 Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC)

Arbeidet i Det euroatlantiske partnerskapsrådet har òg vore prega av hendingane den 11. september. Dei 46 landa som utgjer EAPC, var raskt ute med å støtte artikkel 5-vedtaket. Terrorangrepa vert rekna som angrep mot alle partnarland. Sverige og Finland tok initiativ til å utarbeide ein handlingsplan med ei rekkje konkrete tiltak for korleis EAPC kunne få ei forsterka rolle som støtte til Alliansen sin innsats i kampen mot terrorisme. Det blei mellom anna vedteke å halde eit arbeidsseminar i Warszawa i februar 2002 for å identifisere konkrete arbeidsoppgåver for EAPC. Noreg støtta aktivt opp om dette initiativet. Fleire partnarland har nyttig erfaring og kompetanse som Alliansen bør kunne trekkje på. Sær viktig er det å få til eit nærare samarbeid med landa i Sentral-Asia, som spelar ei strategisk viktig rolle i den internasjonale koalisjonen mot terrorisme.

Frå norsk side har vi sett på arbeidsgruppene som eit viktig regionalt innspel til det politiske arbeidet i EAPC.

Rådet hadde alt i april ein idéugnad om korleis Alliansen kunne styrkje sitt samarbeid med landa i Kaukasus og i Sentral-Asia. Dei to regionane har ulik politisk ståstad og ulike strategiske interesser, noko som krev ei differensiert tilnærming frå dei allierte.

Når det gjeld Kaukasus, tok ad-hoc-arbeidsgruppa opp att verksemda etter stans i over eit år. Arbeidsprogrammet for år 2002 legg vekt på praktiske samarbeidstiltak dei tre landa kan einast om. Konflikten mellom Armenia og Aserbajdsjan dempar landa sin bruk av EAPC som politisk forum for konsultasjon. Georgia har fleire gonger teke opp det spente forholdet til Russland og situasjonen i Abkhasia.

Også dei sentralasiatiske landa har ulike tryggingpolitiske interesser. Dei allierte har teke initiativet til etablering av ei ad-hoc-arbeidsgruppe, men førebels har ikkje landa sjølv vist interesse for praktisk retta, regionalt tryggingpolitisk samarbeid. Tadsjikistan blir først med i EAPC/PFP-samarbei-

det, i 2002. Rådet hadde eit møte med Usbekistan i november der deira strategiske rolle i forhold til konflikten i Afghanistan blei drøfta. Landet bad om støtte til militært utstyr m.a. for å sikre grensene. Nokre få allierte har bidrege bilateralt med materiell.

EAPC-arbeidsgruppa for handvåpen har fokusert på å førebu og følgje opp konklusjonane frå FN sin handvåpenkonferanse som fann stad i juni. Gjennom eit eige PFP-fond for destruksjon av handvåpen og miner har både allierte og partnerland vore med på å finansiere fleire prosjekt, spesielt på Balkan. Noreg er med og finansierer eit prosjekt for destruksjon av antipersonellminer i Albania.

Arbeidsgruppa for fredsbevaring held fram med sine drøftingar om ulike aspekt ved fredsbyggjande operasjonar. Det blei arrangert eit seminar i Bucuresti i november om dei sivile tryggingsspekta.

Utover desse aktivitetane blei arbeidsprogrammet for 2001 gjennomført som planlagt. Frå norsk side legg ein vekt på at aktivitetane i EAPC skal være komplementære til det arbeidet som bli gjort i andre forum.

4.4 Partnerskap for fred (PFP)

Sidan opprettinga i 1994 har den overordna målsetjinga for Partnerskap for fred (PFP) vore å fremje eit stabilt og demokratisk Europa gjennom praktisk militært samarbeid. 26 land har formelt slutta seg til PFP. Tadsjikistan er i ferd med å slutte seg til, og då vil alle EAPC-medlemmer også være medlemmer av PFP.

PFP er eit fleksibelt instrument. Det einskilde partnerlandet står nokså fritt med omsyn til mål for og omfang av eige engasjement. PFP gjev ikkje tryggingssgarantiar, men rett til konsultasjonar med NATO om partnerlanda ser tryggleiken sin trua. Arbeidsprogrammet for PFP dekkjer ei lang rekkje område, frå det militære og forsvarspolitiske til samarbeid om sivile beredskapsspørsmål. På grunnlag av programmet og presentasjonsdokumentet kvart land legg fram, vert det årleg utarbeidd individuelle partnerskapsprogram tilpassa det einskilde landet sine behov og prioriteringar.

Samarbeidet blei bygt ut og gjort meir operativt i samband med ei rekkje praktiske initiativ som følgde toppmøtet i Washington i 1999, mellom anna det politiske og militære rammeverket for NATO-leidde PFP-operasjonar (*Political-Military Framework* - PMF), planleggings- og tilsynsprosessen i PFP (PARP), det operative kvalifikasjonskonseptet (*Operational Capabilities Concept* - OCC) og det konsoliderte trenings- og utdanningsprogrammet (*Training and Education Enhancement Programme* - TEEP). I 2001 har ein fortsett arbeidet for å utvikle og styrkje desse praktiske samarbeidstiltaka, med auka evne til å operere saman som det overordna målet.

Samstundes har ein utvida PFP-samarbeidet til nye område som antipersonellminer, ammunisjon, handvåpen og internasjonal humanitær rett. Som følgje av terrorangrepa mot USA har òg kampen mot internasjonal terrorisme blitt plassert høgt opp på dagsordenen i dialogen med partnerlanda. Partnerlanda ønskjer sjølve å spele ei aktiv rolle i denne samanhengen, noko dei allierte har helsa velkomme. Land som Sverige og Finland har fremja konkrete

forslag til korleis samarbeidet mellom NATO og partnerane kan først vidare på dette området.

I planleggings- og tilsynsprosessen i PFP (PARP) har ein i 2001 gjennomført konsultasjonar om forsvarsplanane til alle dei 19 PFP-landa som tek del i prosessen. Felles for dei fleste av desse landa er at dei er i ferd med å gjennomføre store omstruktureringar av forsvaret. Prosessen og dokumenta som vert brukte i PARP ligg no svært nær opp til dei som vert nytta i styrkeplanlegginga på alliert side. PARP-prosessen utgjer òg det forsvarspolitiske elementet av MAP-prosessen. I 2001 gjennomførte ein særskilde konsultasjonar om styrkestruktur med dei fleste kandidatlanda innanfor ramma av PARP. Eit hovudinntrykk i denne samanhengen er at kandidatlanda er i ferd med å utvikle meir realistiske forsvarsstrukturar. Frå 2002 vil òg Usbekistan og Kasakhstan ta del i PARP.

PFP og PFP-liknande aktivitetar inngår òg som ein viktig del av iverksetjinga av NATO-initiativet for Sørøst-Europa (*South Eastern Europe Initiative* - SEED). NATO har òg opna for at PFP-aktivitetar i visse høve kan gjerast tilgjengelege for deltakarane i Middelhavsdialogen. Denne typen arbeid utgjer eit viktig bidrag til regional stabilitet og er og eit alternativ for land som ikkje tek del i PFP sine målretta samarbeidsprogram. Det er viktig å dra nytte av eksisterande mekanismar i størst mogleg grad og dermed skape kostnadseffektive synergjar mellom dei ulike aktivitetane i Alliansen. Samstundes eksporterer ein modellar for samarbeid og gjev eit regionalt eigarskap.

PFP utgjer allereie eit godt instrument for å utvikle partnerane sine strukturar og evne til samarbeid med NATO og allierte styrkar. PFP-samarbeidet hevar òg den generelle standarden innanfor dei væpna styrkane og stimulerer til utvikling av demokrati i partnerlanda. Noreg har helsa velkommen ein prosess der ein gjennomgår PFP-samarbeidet fram mot toppmøtet i Praha i lys av utviklingstrekk som utvidinga av NATO, forholdet mellom NATO og EU og den auka trusselen frå terrorisme.

Samstundes har Noreg understreka behovet for at potensialet i dei eksisterande programma og tiltaka vert nytta fullt ut. Her må det takast høgde for Alliansen og partnerane si reelle evne til å absorbere ymse aktivitetar, både når det gjeld kostnader og når det gjeld kva som er praktisk mogeleg å gjennomføre. I eit slikt perspektiv vert ikkje mengda nye initiativ og aktivitetar i seg sjølv det viktigaste, men å sørge for at kvaliteten i PFP vert halden oppe og utvikla vidare.

Regjeringa har lagt til grunn eit aktivt norsk engasjement i utviklinga av samarbeidet med partnerlanda. Frå norsk side har ein lagt stor vekt på å styrkje partnerlanda si deltaking, både operativt og i dei politiske prosessane. Dette skaper stabilitet i våre nærområde og aukar samstundes NATO si evne til å gjennomføre krisehandteringsoperasjonar. I 2001 har erfaringane med partnerskapssamarbeidet og partnardeltaking i ikkje-artikkel-5-operasjonar vore svært gode. Ikkje minst har samarbeidet i Bosnia og Kosovo og den internasjonale kampen mot terrorisme synt kor viktig støtta frå partnerland er.

4.5 Ukraina

Terrorangrepa 11. september påverka òg samarbeidet mellom Ukraina og NATO. Ukraina støtta opp om Alliansen sitt art. 5-vedtak både politisk og på anna vis (opning av luftrom). NATO-Ukraina-kommisjonen (NUC) vedtok 14. september ei felleserklæring som fordømde terrorangrepa og som slo fast at Ukraina ville bidra i kampen mot terrorisme. Utanriksminister Zlenko signaliserte under NUC-møtet i desember eit ønske om styrking av samarbeidet mellom NATO og Ukraina. NATO helsar denne interessa velkommen.

Det viktigaste innslaget i samarbeidet med Ukraina i 2001 har vore reforma av dei væpna styrkane, med PARP som eit særskilt støtteverktøy. Hausten 2001 blei det utarbeidd eit sett av konkrete målsetjingar som både er eit nyttig verktøy til støtte for ukrainske styresmakter i det vidare arbeidet, og eit viktig element for dei allierte i utviklinga av tosidige aktivitetar. Blant desse kan nemnast reform av tryggingssektoren, sivil kontroll over militære styrkar, nedlegging av basar og etterutdanning av tidlegare offiserar. Reforma av dei væpna styrkane rører ved alle sider av reformprosessen i Ukraina - politisk, økonomisk og militært. Det er langt igjen før det er samsvar mellom mål og midlar.

Dokumentasjons- og informasjonssenteret som NATO oppretta i mai 1997 i Kiev, driv ei aktiv informasjonsverksemd.

Alliansen verdset òg Ukraina si deltaking i dei NATO-leidde fredsoperasjonane på Balkan. I samband med dette er ukrainsk våpeneksport til Makedonia ei vanskeleg sak. På alliert side er ein uroa over at dei ukrainske leveransane av tungt militært materiell til Makedonia skal påverke stabiliteten i regionen. NATO har oppmoda Ukraina om å stanse leveransane inntil situasjonen i regionen har stabilisert seg. NATO og Ukraina har vedteke å gjennomføre drøftingar før eventuelle framtidige leveransar.

4.6 Middelhavsdialogen

Alliansen held fram med å byggje ut samarbeidet med Algerie, Egypt, Israel, Jordan, Marokko, Mauritania og Jordan innanfor ramma av NATO sin Middelhavsdialog. Særleg den politiske dimensjonen ved dialogen blei styrkt som eit resultat av terrorangrepa 11. september. Alle dialoglanda tok sterkt avstand frå angrepa og støttar opp om NATO sin antiterroragenda. Rådet heldt sitt første møte med dialoglanda i 19+7-format i oktober for å diskutere ei felles haldning til terrorisme.

Rådet hadde i oktober ein idédugnad om korleis samarbeidet kunne styrkjast. Det blei semje om at Rådet skal halde jamlege konsultasjonar med dei 7 i etterkant av ministermøta i NATO. Vidare skal det haldast årlege bilaterale konsultasjonar mellom det einskilde land og NATO. Det er opna for å halde regionale seminar om tryggingsspørsmål av felles interesse. NATO har halde fram med besøk på høgt nivå til landa i regionen, og fleire politiske leiarar frå regionen har vitja NATO.

Grunna den spente situasjonen i Midtausten er ikkje potensialet for samarbeid innanfor Middelhavsdialogen nytta fullt ut. Dei praktiske samarbeidsaktivitetane er likevel mange, særleg på område landa sjølve har prioritert: sivil beredskap, vitskapsprogrammet, handvåpen, krisehandtering, miner og spre-

ing av masseøydeleggingsvåpen. Landa er stadig avhengige av at NATO subsidierer deltakinga i dei tiltak som finn stad ved hovudkvarteret.

Innanfor forsvarssamarbeidet har NATO vedteke at dialoglanda på selektivt grunnlag kan delta på PFP-øvingar. Tidlegare hadde dei berre observatørstatus. Deltaking på seminar og kurs om forsvarsreform og strategisk planlegging er også blitt eit positivt element i det militære samarbeidet.

Informasjonsverksemda frå NATO si side overfor opinionsleiarar og utvalde miljø i dialoglanda har bore frukt. Det er ei meir positiv haldning til NATO i regionen no enn tidlegare. Likeins har verksemda til kontaktambasadane vore eit verdifullt bidrag for å gjere NATO si rolle og arbeid meir kjent.

Frå norsk side deler vi den oppfatninga at dialogen er viktig for tryggleiken i Middelhavsområdet og dermed for heile det euroatlantiske området. Dialoglanda si stilling i den arabiske verda er særst viktig med omsyn til å tryggje ei brei muslimsk oppslutning om den internasjonale koalisjonen mot terrorisme. Frå norsk hald har vi støtta opp om alle tiltak som kan bringe dialoglanda nærare Alliansen samstundes som det har vore viktig å halde på det naturlege skiljet mot partnarlanda.

5 Europeisk tryggings- og forsvarspolitik

5.1 Dei formelle rammene for NATO/EU-forholdet. Berlin pluss

Toppmøtet i Washington i 1999 presiserte dei grunnleggjande prinsippa for ei utvikling av forholdet NATO-EU. EU kan engasjere seg i krisehandteringsoperasjonar på sjølvstendig grunnlag, der Alliansen sjølv ikkje er engasjert. Spørsmålet om fullast mogleg deltaking i EU-leidde operasjonar for dei europeiske allierte som ikkje er medlemmer av EU, blei understreka.

Toppmøtet vedtok vidare at Alliansen er klar til å la EU nytte Alliansen sine kollektive ressursar under EU-leidde operasjonar. Tilbodet blir gjerne omtala som «Berlin pluss», noko som viser til vedtaka som vart gjorde av utanriksministermøtet i Berlin i 1996 om samarbeidet mellom NATO og VEU. Meir konkret skal det utmeislast eit tilbod til EU om bruk av Alliansen sin operasjonelle planleggingskapasitet, allierte kommandostrukturar og andre kollektive ressursar som EU ikkje sjølv har eller vil skaffe seg på eiga hand. Det skal utmeislast ei særskilt rolle for NATO sin militære nestkommanderande i Europa (*Deputy Supreme Allied Commander Europe* -DSACEUR) som strategisk koordinator mellom dei to organisasjonane innan operasjonell planlegging og med tanke på kommandoopsjonar. DSACEUR har mellom anna blitt utpeika som ein naturleg kandidat til å leie kommandostrukturen for ein EU-styrt operasjon, i ein situasjon der EU skulle ønskje å «låne» kommandoopsjonar av NATO. Tilbodet omfattar og eit nært samarbeid om styrkeplanlegging. Allierte kollektive ressursar skal identifiserast på førehand slik at EU kan vere trygg på at ressursane er tilgjengelege om behovet oppstår.

Vedtaket om å etablere militær krisehandteringskapasitet vart fatta på EU-toppmøtet i Helsingfors i desember 1999. Målet var å kunne reise ein styrke på 60 000 soldatar med tilhøyrande fly- og sjøstridskrefter innan 60 dagar for ein periode på eitt år. Dette vert gjerne omtala som EU sitt *Headline Goal*. Under EU sitt toppmøte i Nice i desember 2000 vedtok ministrane vidare permanente strukturar for den felles tryggings- og forsvarspolitikken i EU. Det vart oppretta ein fast komité for utanriks- og tryggingspolitikk (PSC), ein militærkomité (*European Union Military Committee* -EUMC) og ein militær stab (*European Union Military Staff* -EUMS). Vidare vedtok ministrane eit forslag til samarbeidsstrukturar overfor NATO og tredjeland. Det vart òg vedteke å halde eigne ministermøte med tredjeland under kvar formannskap.

Nice-vedtaka stadfestar dei viktigaste prinsippa for samarbeidet NATO-EU frå Washington, men understrekar samstundes EU sin autonomi og gjev ei meir sjølvstendig rolle til EU enn Washington-kommunikéet legg opp til. Nice-vedtaka gjev klare retningslinjer for samarbeidet NATO-EU og stadfestar at EU berre vil setje i verk ein militær operasjon når NATO som allianse ikkje er engasjert. Det er òg vist til at utviklinga av ein felles tryggingspolitikk vil bidra til å gje ei betre byrdefordeling mellom USA og Europa når det gjeld ansvaret for europeisk tryggleik. Vidare skal utviklinga av EU sin krisehandteringskapasitet skje i samsvar med styrkeplanlegginga i NATO og med dei

tilsvarende mekanismene som er utmeisla innanfor NATO sitt partnersamarbeid PARP.

5.2 Det praktiske samarbeidet mellom NATO og EU

Under NATO sitt utanriksministermøte i desember 2000, var det semje om at konsultasjonsordningane med EU måtte utvidast i høve til EU sitt forslag frå Nice, mellom anna med fleire felles rådsmøte (tre i staden for eitt) under kvar formannskap. Dei første konsultasjonsordningane mellom NATO og EU for rutinefasen blei etablerte gjennom ei brevveksling på nyåret 2001. Denne brevvekslinga utgjer den første formaliserte avtalen om samarbeid mellom EU og NATO og er såleis eit velkomme framsteg. Avtalen omfattar felles rådsmøte mellom PSC og NAC, eit felles utanriksministermøte under kvar EU-formannskap, kryssrepresentasjon av NATO sin generalsekretær og EU sin Høgrepresentant ved ministermøta i kvar organisasjon og kontakt mellom ekspertar og mellom sekretariata.

Dei viktigaste rammene for samarbeidet mellom NATO og EU har såleis utvikla seg i eit samspel mellom sjølvstendige vedtak i dei to organisasjonane. Det må òg seiast at konsultasjonsordningane som vart etablerte gjennom brevvekslinga, truleg vil utviklast vidare for å møte praktiske behov i samarbeidet.

Konsultasjonsordningane har vore praktiserte gjennom heile 2001. Det har funne stad fleire felles rådsmøte mellom NATO sitt råd og EU sin nye komité for utanriks- og tryggingsspolitikk, *Political and Security Committee* (PSC). Særskilt har ein drøfta situasjonen på Balkan, men òg kampen mot terrorisme og samarbeidet mellom EU og NATO sjølv. Det første formelle, felles utanriksministermøtet mellom NATO og EU fann stad i samband med NATO sitt utanriksministermøte i Budapest i slutten av mai 2001. Hovudspørsmålet under møtet var situasjonen på Balkan. Møtet synte ein klar vilje hos alle dei 23 deltakarane til å bruke dette nye formatet til reell drøfting av spørsmål av felles interesse for dei to organisasjonane.

Likevel har det vore lite framgang det siste året i arbeidet med å utvikle fleire av vedtaka frå toppmøtet i Washington i 1999 om eit samarbeid med EU om tryggingss- og forsvarsspolitikk. Drøftingane i NATO har synt at det er vanskeleg å einast om eit konkret opplegg for korleis EU skal kunne gjere bruk av NATO sine ressursar i ein krisehandteringsoperasjon leidd av EU. Heller ikkje i dei fire ad-hoc-gruppene som skal konsultere om praktiske løysingar for Berlin pluss, har det vore særleg framgang. Dei fleste møta fann stad på vårparten. Hausten 2001 vart det berre halde to slike ad-hoc-møte, eitt om styrkeplanlegginga og eitt om tryggingssavtalen.

Derimot har samarbeidet mellom NATO og EU på Balkan, både det politiske og på det praktiske planet i felt, vore svært godt. Særskilt gjeld dette i høve til situasjonen i det sørlege Serbia og i Makedonia. Her har NATO og EU samarbeidd aktivt for å finne fram til politiske løysingar og har støtta desse med økonomiske og militære tiltak. Dei positive resultatane viser kva for potensiale som ligg i samarbeidet mellom dei to organisasjonane. Som nemnt ovanfor var Balkan hovudspørsmålet på det første felles utanriksministermøtet mellom NATO og EU, og dei overordna styringsorganane i EU og NATO, NAC

og PSC, har gjennom hyppige fellesmøte gjort det mogleg med jamn utveksling av synspunkt og spørsmål om situasjonen på Balkan.

Dei uteståande spørsmåla frå Washington, og i høve til Berlin pluss, er korleis EU skal sikrast tilgang til NATO sitt operasjonelle planleggingsapparat, utan at NATO sitt råd må gje si tilslutning i kvar einskild situasjon. Det er heller ikkje avklart kva for rolle DSACEUR skal ha i EU-leidde operasjonar, eller kva for kommandoopsjonar NATO kan tilby EU. Vidare må det bli etablert ein tryggingssavtale mellom EU og NATO som kan opne for utveksling av klassifiserte opplysningar og dokument. Eit siste punkt gjeld forsvarsplanlegginga. Trass i visse framsteg er det ikkje avklart korleis, eller kor tett, eit samarbeid om styrkeplanlegginga skal vere. Det vert med andre ord utvikla ein eigen prosess i EU parallelt med NATO sine planleggingsstrukturar.

Ei av årsakene til at det framleis er usemje om Berlin pluss, er at deltakarordningane for tredjeland som vart vedtekne på EU-toppmøtet i Nice ikkje blei ansett som tilstrekkelege av Tyrkia. Samstundes uttala Frankrike, etter toppmøtet i Nice, at spørsmålet om deltaking for tredjelanda i EU-operasjonar no var avgjort. Gjennom heile 2001 prøvde sentrale land å utforme forslag til presisering av ordningane som var akseptable for EU, og som tok omsyn til dei tyrkiske synspunkta. I desember blei eit utkast akseptert av Tyrkia. Dette er no til vurdering i EU. Hellas har ytra visse motførestellingar, og prosessen kan ta tid. Det er neppe håp om å få fortgang i arbeidet med dei sentrale spørsmåla i NATO før ei avklaring om dette har funne stad i EU.

Frå norsk side har ein hele tida støtta utviklinga av tettare samarbeid mellom NATO og EU og delteke aktivt i forsøka på å finne konstruktive løysingar på Berlin pluss-spørsmåla. Noreg har lagt vekt på kor viktig det er å utvikle gode deltakarordningar for allierte land utanfor EU. Likeins er det lagt vekt på å unngå unødvendig duplisering av knappe ressursar og svekking av NATO sine kjernefunksjonar og dei transatlantiske banda. Vidareføring av dette arbeidet vil framleis vere ei viktig oppgåve for regjeringa.

5.3 Utvikling av ESDP, deltaking for dei europeiske allierte utanfor EU

Utviklinga av ein sjølvstendig tryggingss- og forsvarspolitikkk i EU skaut fart i løpet av 2001. ESDP blei erklært operativ under toppmøtet i Laeken i desember 2001. Samstundes vart det understreka at den faktiske handleevna vil bli utvikla over tid. Målsetjinga er at EU skal vere operativ for eit breitt spekter av operasjonar innan 2003. Laeken-vedtaket syner at det er ein sterk vilje innan EU til å byggje opp ei slagkraftig evne til europeisk krisehandtering, og til å overta eller iverksetje konkrete operasjonar. Den raske utviklinga i EU er ei utfordring for NATO i høve til dei måla som vart slått fast på toppmøtet i Washington 1999. Det er viktig å unngå ei utvikling der EU utviklar eigne ordningar i mangel av eit tilfredsstillande tilbod om å nytte seg av NATO sine ressursar.

Arbeidet med utviklinga av ein europeisk styrkekatalog er komme langt, noko som vart stadfesta på EU sin andre styrkekonferanse i november 2001. Også land utanfor EU er inviterte til å melde inn sine bidrag til EU-leidd krisehandtering. Det norske bidraget er på om lag 3 500 soldatar. Når det gjeld utviklinga i høve til det framsette *Headline Goal*, har EU avdekt ei rekkje manglar i dei samla styrkebidraga til EU-leidde operasjonar. Arbeidet har gått føre

seg i ei eiga ekspertgruppe (*Headline Task Force*) der ekspertar frå NATO har bidrege. Dei europeiske allierte ikkje-EU-medlemmene har òg fått delta i dette arbeidet med sine eigne nasjonale ekspertar, noko som har sikra innsyn i prosessen.

EU har òg utvikla sin eigen øvingspolitikk og eit eige øvingsprogram som blei vedteke av toppmøtet i Göteborg i juni 2001. Etter planen skal det haldast ei felles øving med NATO i 2003. NATO sine øvingsekspertar har delteke som observatørar i EU si planlegging av øvingsprogrammet.

Samarbeidet mellom EU og dei seks NATO-landa som ikkje er medlemmer i EU har omfatta to felles møte med PSC i kvar EU-formannskap (15 + 6-format) slik det vart vedteke i Nice. I tillegg kjem tilsvarende møte med kandidatlanda pluss Noreg og Island (15 + 15-format). Det har òg vore felles møte med EU sin militærkomité og dei seks europeiske allierte ikkje-EU-landa. I tillegg har dei seks etablert kontakt gjennom særskilde militære kontaktpersonar til EU sin nyoppretta militære stab. Frå EU-formannskapet si side har det dessutan vore bilateral oppfølging av bidraga frå tredjelanda.

Erfaringa frå møta med EU er at EU-landa ønskjer ein positiv dialog med tredjelanda og at dei verdset tredjelanda sine aktive bidrag og støtte til utviklinga av ESDP. Samstundes har det vist seg vanskeleg å gje møta i 15 + 15 og 15 + 6 ei god form. Møta har mest bore preg av informasjonsmøte der tredjelanda blir haldne orienterte av EU-formannskapet om utviklinga i EU. Møta har ofte komme i stand på kort varsel, og tredjelanda har i liten grad blitt tekne med på råd om kva som bør vere tema. Tredjelanda har heller ikkje fått tilgang til sentrale dokument før møta, noko som kunne ha opna for meir substansiell diskusjon.

Innhaldet på møta med EU har i høg grad krinsa om utviklinga i EU, og bidraga frå og deltaking av tredjelanda i EU-leia militære operasjonar. Det har òg vore mykje fokus på EU si utvikling av sivile aspekt ved krisehandtering. På dette området er det vist stor interesse for samarbeid frå begge hald. Sivil krisehandtering vil truleg etter kvart bli utvikla som eit genuint bidrag frå EU si side til internasjonal krisehandtering meir allment. Noreg har både bilateralt og i dei felles møta mellom EU og tredjelanda vore ein aktiv pådrivar for samarbeid på dette området. Sivil krisehandtering er eit område der Noreg har lang erfaring og der ein vil kunne gje eit positivt bidrag til EU.

Regjeringa sitt syn på ordningane er at vedtaka frå Nice med fordel kan utnyttast betre frå både partnerlanda og EU si side. Samstundes har møta vore eit supplement til fellesmøta mellom EU og NATO. Frå norsk side har ein aktivt arbeidd for at møta skal bli så innhaldsrike som mogleg, og ein har både under møta og i tosidige møte med EU-landa understreka behovet for eit reelt samarbeidsforhold mellom EU og tredjelanda.

Dei føreståande utvidingane av både EU og NATO vil gje Europa ein tryggingpolitisk arkitektur der medlemskapen i enno større grad enn no vil vere overlappande. EU sine samarbeidsordningar med tredjelanda vil truleg ikkje vere upåvirka av dette. I lys av denne utviklinga vil det kunne bli naudsynt med ein ny gjennomgang av kva slags samarbeidsordningar og deltakararrangement som best kan tene Noreg sine trygging- og forsvarspolitiske interesser.

5.4 Avviklinga av Vestunionen (VEU) si operative verksemd

VEU vart lagt ned i si eksisterande form 1. juli 2001. Dei relevante funksjonane i VEU vart i samband med dette overførte til EU. Det fann såleis ikkje stad noko rådsmøte med dei assosierte medlemmene under den belgiske EU-formannskapet hausten 2001. Den belgiske formannskapet avgrensa sin innsats til å slutføre overføringa av krisehandteringsoppgåvene til EU. Dei fullverdige medlemmene har aleine behandla dei institusjonelle spørsmåla. Den formelle tilknyttinga for dei assosierte medlemmene er stadig den same, men i praksis er samarbeidet med rest-VEU nær opphøyr. Tryggingssavtalen mellom VEU og dei assosierte er framleis i kraft. Den modifiserte Brussel-traktaten står ved lag.

I januar 2002 vart Institutt for tryggingstudiar i Paris og VEU sitt satellittsenter Torrejon i Spania lagde ned i VEU-samanheng og overførte til EU. Noreg har valt å ta imot tilbodet om å inngå ein assosieringsavtale med EU sitt satellittsenter. Dette gjev oss høve til i periodar å sende personell til senteret og å delta i ein konsultasjonskomité samansett av medlemmer frå EU-land og tredjeland som har inngått avtalar med senteret. Transatlantisk Forum er lagt ned som eige organ, og den faglege verksemda er ført vidare av Instituttet for tryggingstudiar. Mineaksjonen i Kroatia (*Western European Union Demining Advisory Mission* - WEUDAM) under leiding av Sverige blei avslutta i november 2001. Den internasjonale politioperasjonen i Albania (*Multinational Advisory Police Element* - MAPE) er teken over av EU med endra struktur og innhald.

VEU gjennomførte som planlagt den militære fellesøvinga VEU-NATO (*Joint Exercise Study* -JES) 01 i Nederland i juni. Målsetjinga var å fokusere på dei tekniske og operative sidene ved etablering av eit operasjonelt hovudkvarter som gjer bruk av ressursar frå NATO. For EU som ein framtidig potensiell brukar av NATO-ressursar, gav øvinga nyttige erfaringar. VEU sin militærstab hadde sitt siste møte i juli for å oppsummere øvinga.

Parlamentarikarforsamlinga fortset inntil vidare, og har i 2001 prioritert arbeidet med det europeiske trygging- og forsvarssamarbeidet ESDP. Målsetjinga er å sikre parlamentarisk innsyn i den utviklinga som skjer innanfor EU på dette feltet. Det har enno ikkje lykkast å få på plass ein oppfølgingsmekanisme mot EU-parlamentet som kan gje vidare tilgang for dei assosierte landa.

Arbeidet for å styrkje stillinga til den europeiske forsvarsindustrien og støtte det europeiske forsvarssamarbeidet held fram i den vesteuropeiske gruppa for materiellsamarbeid (*Western European Armaments Group* - WEAG), forankra i rest-VEU. Gruppa samlar dei fleste europeiske nasjonane på materiellområdet, og det er norsk syn at WEAG bør bli den viktigaste aktøren for eit europeisk forsvarsmateriellsamarbeid. Førebels er EU-landa ikkje innstilte på å opprette eit eige organ for slikt samarbeid under EU-traktaten. Følgjeleg er det framleis sentralt å arbeide for oppretting av eit eige europeisk innkjøpsorgan som kan handtere ulike prosjekt på vegner av medlemslanda.

6 Alliert militært samvirke

6.1 Forsvarsplanlegging. Oppfølging av initiativet for betre forsvarsevne (DCI)

Forsvarssamarbeidet i NATO er forankra i ein kollektiv og løpande prosess, underbygd av ein integrert militær struktur som vert halden ved like gjennom felles hovudkvarter, planlegging, øvingar og trening. Den generelle tryggingsspolitiske utviklinga har resultert i fleire og meir samansette krav til forsvarssamarbeidet og dei integrerte militære strukturane. På bakgrunn av dette har det vore naudsynt å vidareutvikle forsvarssamarbeidet, ikkje minst med tanke på deltaking i ulike typar fredsoperasjonar og eit utvida samarbeid med aktørar utanfor Alliansen. Den vidare utviklinga av forsvarssamarbeidet, og tilpassinga av dei militære styrkane, vil vere ein kontinuerleg prosess også i åra framover. Hovudutfordringa er å femne over eit breiare spekter av oppgåver innanfor ein og same struktur. Dette gjeld særskilt i dagens situasjon prega av reduksjonar i nasjonale forsvarsbudsjett, nedbygging av dei militære styrkane og mindre vilje hos allierte til å auke dei nasjonale bidraga til dei ulike fellesbudsjetta i NATO.

Komiteén for forsvarsplanlegging (*Defence Planning Committee* - DPC) er det øvste styringsorganet i det forsvarspolitiske samarbeidet. Her vert dei fleste saker som gjeld forsvarssamarbeidet drøfta, med hovudvekt på den kollektive forsvarsplanlegginga. DPC heldt i 2001 fram arbeidet med å tilpasse Alliansen sine forsvarsstrukturar til den nye tryggingsspolitiske situasjonen, mellom anna ved å arbeide for integrering av DCI i den årlege styrkeplanprosessens. Målsetjinga er at DCI skal innarbeidast i forsvarsplanlegginga og prosjekta i Alliansen. På NATO-toppmøtet i 1999 vart det oppretta ei eiga styringsgruppe (*High Level Steering Group* - HLSG) som skulle koordinere igangsetjinga og gjennomføringa av DCI. HLSG vert leidd av visegeneralsekretæren i NATO og er sett saman av nasjonale representantar på høgt nivå frå dei ulike medlemslanda. HLSG rapporterer til Det nordatlantiske rådet (*North Atlantic Council* - NAC). For framleis å halde eit sterkt fokus på utviklinga av DCI er det vedteke å forlengje mandatet for HLSG fram til toppmøtet i Praha hausten 2002.

Forsvarsplanlegginga i NATO blir gjennomført i tråd med *Ministerial Guidance*. Dette dokumentet blir oppdatert annakvart år, og blei sist godkjent på forsvarsministtermøtet i desember 2000. Dokumentet målber dei overordna politiske retningslinene for forsvarsplanlegginga på nivået under det strategiske konseptet.

I 2001 blei medlemslanda vurderte opp mot styrkemåla som gjeld for perioden 2001-2006. Gjennomgangen blei summert opp i *General Report*, som utgjer ei evaluering og godkjenning av korleis dei einskilde landa oppfyller styrkemåla sine. Hovudkonklusjonane er at styrkemåla kan seiast å være oppfylte, og at Alliansen er i stand til å løyse dei ulike typane militære oppgåver gjennom planperioden. Likevel er det gjeve uttrykk for stor uro over dei europeiske allierte si manglande oppfylting av viktige styrkemål, spesielt i høve til

behovet for modernisering på ei rekkje område. Det viser seg altså at trass i det fokus som er lagt på DCI og på å utvikle forsvarsstrukturane til å kunne løyse heile spekteret av Alliansen sine oppgåver, er det vanskeleg å innfri målsetjingane. Dette kan få alvorlege følgjer for Alliansen si evne til å løyse oppgåvene i framtida.

DCI påverkar òg utviklinga av det norske forsvaret, og er ein grunnleggjande føresetnad for den omstillinga forsvaret no er i gang med. NATO har uttrykt støtte til omstilling av forsvaret for betre å tilpasse det til dagens og framtidens tryggingpolitiske utfordringar. Dette medfører at forsvaret utviklar ein mindre og meir mobil styrkestruktur, betre tilpassa heile spekteret av Alliansen sine oppgåver. DCI medfører såleis store utfordringar med omsyn til ressursar, og er samstundes ein viktig katalysator for naudsynt modernisering og endring.

6.2 Kjernefysisk planlegging

Den kjernefysiske planlegginga går føre seg i Den kjernefysiske planleggingsgruppa (*Nuclear Planning Group* - NPG). Her møter forsvarsministrane i NATO for å drøfte ulike sider ved kjernevåpna si rolle for NATO, mellom anna kjernefysisk rustingskontroll. Alle NATO-land, med unntak av Frankrike, tek del i NPG-samarbeidet. Det løpande arbeidet som skjer mellom dei halvårlege ministermøta, blir handsama av ei stabsgruppe under NPG.

I 2001 har arbeidet i NPG vore konsentrert om vidareføring av Washington-erklæringa frå 1999, med særleg vekt på tiltak som vil styrkje forholdet til Russland. Her inngår dei forslaga om tillitsskapande tiltak som kom fram i NATO sin rapport frå desember 2000 om bidrag frå Alliansen til nedrusting og ikkjespriing. Samstundes har NPG handsama andre utfordringar knytte til kjernefysisk rustingskontroll og spreing av masseødeleggingsvåpen. USA gav i 2001 fleire orienteringar om planane for eit rakettforsvar som også skal kunne forsvare dei allierte. Alliansen blei òg orientert om forholdet til ABM-avtalen før USA i desember 2001 erklærte at dei ville trekkje seg frå den. Den amerikanske gjennomgangen av den nasjonale kjernefysiske styrkestrukturen fekk stor merksemd i 2001. Dei etterfølgjande einsidige erklæringane frå USA og Russland om kjernefysisk nedrusting blei godt mottekne i Alliansen.

6.3 Alliert øvings- og treningsaktivitet

Forsvaret si øvingsverksemd skal bidra til å setje freds- og krigsorganisasjonen i stand til å løyse dei oppdraga det kan bli stilt overfor i fred, krise og krig. Øvingsverksemda skal betre Noreg si evne til styrkeoppbygging og til å ta imot allierte forsterkningar. Samstundes må øvingskonseptet sjåast i samanheng med ambisjonen om å styrkje evna til å operere saman med andre allierte styrkar i internasjonale operasjonar, slik at NATO får auka slagkraft og fleksibilitet. Fleirnasjonale øvingar, og treningsaktivitet som spesielt involverer innsatsstyrkar og reaksjonsstyrkar, fremjar dette målet.

Øvingsaktiviteten i 2001 var om lag den same som året før. Noreg var ikkje vertskap for nokon større NATO-øvingar i 2001. Den høgst prioriterte øvinga for forsvaret var *Joint Winter*, som er ei nasjonal øving med deltaking frå alli-

erte land. Telemark bataljon deltok i *Adventure Exchange* i Tyrkia 2001. Dette er ei såkalla kombinert feltøving for *Immediate Reaction Forces - Land* (IRF-L), som øver både styrkar og administrative prosedyrar m.m. Også avdelingar i Luft- og Sjøforsvaret deltok på ulike øvingar for å tilfredsstille NATO sine krav til reaksjonsstyrkane.

Som følgje av utviklinga i NATO er øvingar knytte til krisehandtering og praktisk militært samarbeid, også blant partnerlanda, prioritert. Det blir derfor gjennomført øvingar i regi av programmet Partnerskap for fred (PFP). Noreg prioriterer i denne samanhengen øvingar i nærområda. Denne typen øvingar har eit militæroperativt tilsnitt, samstundes som dei kombinerer deltaking med sivile aktørar. I 2001 deltok forsvaret i øvinga *Combined Endeavour*, og var vertsland for *Nordic Peace*. *Nordic Peace* var den høgst prioriterte *in the Spirit of PFP*-øvinga i 2001. Øvinga, som blei gjennomført i bataljonsforband, tok utgangspunkt i ein FN-leidd fredsoperasjon, der samvirket mellom forsvaret, sivilforsvaret, humanitære organisasjonar og politiet stod sentralt.

Stramme øvingsbudsjett i NATO-landa har ført til at øvingane blir færre og har mindre omfang. I tillegg er øvingsssyklusane i NATO endra, noko som inneber at det vil gå relativt lang tid mellom kvar gong Noreg vil vere vertskap for større NATO-øvingar.

Eit viktig supplement til øvingar er alliert trening. Omfanget av alliert trening er i dag merkbart redusert. Det er ei klar utfordring å leggje til rette for konkurransedyktig øvings- og treningsaktivitet i Noreg, med deltaking frå våre viktigaste allierte. Tilrettelegginga for øvingsaktiviteten i Noreg må sjåast i samheng med at Noreg, i lys av strukturendringane på forsvarsområdet, vil bli meir avhengig av allierte forsterkingar i krisesituasjonar. Både øvingar og trening, spesielt i nord, er gunstig for å førebu dei allierte styrkane på klimaet vårt. Dette gjeld ikkje berre med tanke på forsterkingar til Noreg, men og med omsyn til innsetjing andre stader med krevjande klimatiske og topografiske forhold. Slik alliert verksemd gjer også norske militære einingar betre i stand til å operere saman med andre. Dette har komme til nytte både på Balkan og i Afghanistan.

For å oppretthalde alliert deltaking på øvingar og trening er fleire militæroleirar øyremerkte for formålet. Desse leirane har kapasitet til å ta imot styrkar av bataljonstorleik, noko som er vesentleg for våre viktigaste allierte. Dei andre leirane til forsvaret vert òg nytta i samband med alliert øving og trening.

6.4 Dei fellesfinansierte ressursprogramma

NATO-rådet godkjende i november 2001 årsrapporten for arbeidet med dei felles ressursprogramma i NATO. Rapporten gjev ei oversikt over dei hovudutfordringane som er knytte til ressursbehov på drifts- og investeringssida, og når det gjeld militærbudsjettet og investeringsprogrammet for tryggleik. Hovudutfordringa på ressursida er eit stadig aukande misforhold mellom NATO sine oppgaver og dei ressursane nasjonane stiller til disposisjon. På kort sikt er situasjonen tilfredsstillande, men på lengre sikt er det forventat at ressursbehova aukar som følgje av planlagde investeringar. Mellom anna er det planlagt investeringar i eit felles luftforsvarssystem og nye kommunikasjons- og informasjonssystem. I tillegg er det innafor ressursprogramma identifisert ei rekkje DCI-relaterte kapasitetar som ein forventar vil få høg prioritet.

Noreg har ved ei rekkje høve teke til orde for ein moderat auke av ressursprogramma. I motsett fall vil ein bli tvunga til enten å auke ressursrammene i eit monaleg omfang, eller oppleve eit aukande misforhold mellom Alliansen sine mål og midlar.

6.5 Forsvarsmateriellsamarbeidet

Det er brei semje om at Alliansen sine behov skal stå i sentrum for forsvarsmateriellsamarbeidet i NATO. Samarbeidet skal primært medverke til å oppfylle behov som er felles for fleire land, og som best kan løysast i eit samarbeid. Individuelle nasjonale ønske kjem dermed meir i bakgrunnen.

DCI er ei viktig rettesnor for materiellsamarbeidet i NATO, som organisatorisk finn stad under konferansen av nasjonale materielldirektørar (*Conference of National Armaments Directors* - CNAD). CNAD har hovudansvaret for ei rekkje DCI-tiltak og er ein viktig bidragsytar i fleire andre land.

I 2001 blei det arbeid vidare med dei nye prosedyrane for koordinering og informasjonsutveksling, som skal leggje til rette for etablering av samarbeidsprosjekt tidlegare i prosessen. Det framtidige materiell- og teknologisamarbeidet skal i aukande grad rettast inn mot å oppfylle Alliansen sine kollektive målsetjingar og behov. På bakgrunn av dei nye tryggingpolitiske utfordringane Alliansen står overfor, reknar CNAD DCI-arbeidet for å vere viktigare enn tidlegare.

Arbeidet med å skaffe Alliansen ein flyboren kapasitet for bakkeovervakning heldt fram i 2001. CNAD har gjeve viktig assistanse i samband med utgreiinga av ein framtidig alliert forsvarskapasitet mot langtrenkande ballistiske rakettar og missil.

7 Rustingskontroll, nedrusting og ikkjespreiing

7.1 Kjernefysisk rustingskontroll

I desember opplyste USA at landet såg seg nøydtt til å gå til ei ein-sidig oppseiing av ABM-avtalen. Dette hadde vore varsla i lang tid, og blei teke til etterretning i Alliansen og på russisk side. Dei allierte hadde heile tida blitt orienterte og konsulterte om dei amerikanske missilforsvarsplanane, arbeidet om utvikling av eit nytt strategisk rammeverk og tilsvarande, mellom anna i fleire ekstra rådsmøte. I utanriksministerkommunikéet i desember vart dei nyleg varsla reduksjonane i amerikansk atomvåpenarsenal ønskte velkomne. Dei allierte stadfesta samstundes at Alliansen er oppteken av å bidra til oppfølging av vedtaka frå tilsynskonferansen for ikkjespreiingsavtalen NPT i 2000.

7.2 Ikkjespreiing av masseøydeleggingsvåpen

På grunnlag av den breie semja i Alliansen om å styrkje innsatsen for å avgrense spreinga av masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen, fortsette arbeidet med gjennomføringa av det såkalla WMD-initiativet frå toppmøtet i 1999 og rapporten om arbeidet frå ministermøtet i desember 2000. WMD-initiativet tek sikte på å sikre at Alliansen har den naudsynte politiske og militære kapasiteten til å handtere dei utfordringane spreieing av slike våpen og leveringsmiddel utgjær. Fleire NATO-komitéar har engasjert seg i drøfting av desse utfordringane, som fekk ein ny og skremmande aktualitet etter terrorangrepa og miltbranntilfella i USA hausten 2001. Mellom anna den overordna politiske militære gruppa for spreieingsspørsmål (*Senior Political-Military Group on Proliferation* - SGP) og høgnivågruppa for forsvarsrelatert samarbeid om spreieingsspørsmål (*Senior Defence Group on Proliferation* - DGP) har vore aktive i høve til WMD-trusselen. SGP, som har til hovudoppgåve å utveksle informasjon om WMD-truslar og risikovurdering, har hatt drøftingar om utviklingsprogram for masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel i aktuelle land. Vidare har SGP drøfta bilaterale program og forsvarleg handtering av masseøydeleggingsvåpen i ein-skilde partnarland. SGP har òg hatt ekspertkonsultasjonar med Russland om desse tema. DGP har arbeidd vidare med utvikling av ein database for spreieingsrelatert informasjon, og i tillegg arrangert ei rekkje kunnskapsseminar om spreieingsrelaterte problemstillingar. Etter terrorangrepa blei det starta ein diskusjon om korleis NATO på ein ny og omfattande måte skal møte trusselen frå terrorisme. DGP vil ha ein naturleg plass i dette arbeidet.

Som ein konsekvens av terrorangrepa mot USA mottok WMD-senteret ein straum av spørsmål om WMD. Senteret trappa derfor opp informasjonsarbeidet, og utvikla ein eigen informasjonsstrategi.

NATO har òg ei rolle som forum for konsultasjonar om spørsmål til behandling i FN sin nedrustingskonferanse i Genève, i 1. komité under generalforsamlinga i FN og i andre forum. NATO organiserte eit slikt konsultasjonsforum i september 2001.

7.3 Konvensjonelle våpen

Arbeidet med konvensjonell rustingskontroll fokuserte i 2001 på føresetnadene for ratifisering av den tilpassa CFE-avtalen, underteikna i tilknytning til OSSE-toppmøtet i Istanbul i november 1999. For at Noreg og dei fleste andre medlemslanda vil ratifisere avtalen, er det avgjerande å finne ei løysing på problema med Russland si oppfyljing av materielltaka i flanken, samt etterleving av Istanbul-krava om uttrekking av russiske styrkar frå Georgia og Moldova.

Det var vore oppmuntrande framgang i 2001. Mellom anna tilseier nyleg gjennomførte materiellreduksjonar at Russland var under dei tak som gjeld for flanken ved siste årsskifte. Vidare har det siste halvår vore framdrift i uttrekkinga av russiske styrkar frå Moldova. I den siste informasjonsutvekslinga med Russland (halvårleg), melde Russland at dei har halde fristen frå Istanbul når det gjeld uttrekking og destruksjon av avtalefesta materiell (*Treaty Limited Equipment* - TLE) innan 31. desember 2001. Fristen for uttrekking av styrkar og anna materiell går ut innan utgangen av 2002. Sistnemnde forhold er ikkje direkte knytt til CFE-avtalen, men dei fleste medlemslanda ser også på dette kravet som ein føresetnad for ratifisering.

Når det gjeld Georgia, oppmoda NATO-utanriksministermøtet i desember til rask løysing av saka, og understreka at full etterleving av Istanbul-krava er ein føresetnad for ratifisering av den tilpassa CFE-avtalen.

Desse og andre spørsmål i tilknytning til konvensjonell nedrusting vert drøfta jamleg i ei intern høgnivågruppe (*High Level Task Force* - HLTF), og med Russland og andre partnerland. På ein tilsynskonferanse i Wien i mai 2001 blei det drøfta uteståande problem av teknisk karakter som gjeld implementering av CFE-avtalen. Konferansen var vellykka. Koordinering blant dei allierte er viktig når det gjeld verifikasjon. I tillegg til jamlege møte i verifikasjonskomitéen (*Verification Coordinating Committee* - VCC) vert det årleg avvikla eit seminar der problem og utfordringar i gjennomføringa av CFE-avtalen vert inngåande drøfta.

Det var gledeleg at avtalen om opne luftrom (*Open Skies*) blei ratifisert av Russland og Kviterussland 1. november, og såleis kunne tre i kraft 1. januar 2002.

8 Andre spørsmål

8.1 Samarbeid om sivil beredskap

NATO sin overordna komité for sivil beredskap (*Senior Civil Emergency Planning Committee* - SCEPC) er ansvarleg for den sivile beredskapsplanlegginga i organisasjonen. To gonger årleg møtest dei nasjonale leiarane for den sivile beredskaperen i dei allierte landa i SCEPC i plenumssesjon. Direktoratet for sivilt beredskap (DSB) representerer Noreg. I plenumssesjonen blir strategidokument godkjende, og ein førebur saker for endeleg vedtak i NATO-rådet. SCEPC har i tillegg faste møte ein gong i månaden. Her er Noreg vanlegvis representert ved den faste delegasjonen vår til NATO. Under SCEPC er det ni fagkomitéar, kalla *Planning Boards and Committees*, som står for samarbeidet innanfor mellom anna transportplanlegging, kommunikasjon, forsyningsberedskap og sivilforsvarssamarbeid. Dei relevante statlege og faglege styresmaktene representerer Noreg i alle komitéane.

Dei oppgåvene i NATO som er knytte til katastrofe- og krisehandtering og samarbeid med landa i Partnerskap for fred (PFP), har fått ei viktigare rolle i det strategiske konseptet frå 1999, og reflekterer omstillinga Alliansen har gått gjennom dei siste åra. Sivil beredskap er det største ikkje-militære programmet innan PFP. Så langt har dei individuelle partnerskapsprogramma som er inngådde, handla om katastrofeførebuing, lovgjeving, sivile aspekt ved krisehandtering, humanitær hjelp og sivilt-militært samarbeid.

I juli 2000 vart det vedteke nye overordna rammer for det sivile kriseplanleggingsarbeidet. Desse rammene har også vore framlagde for EAPC-ambasadørane, og omfattar fem hovudområde for verksemda i SCEPC og i dei ni underliggjande komitéane. Dei fem hovudområda er:

- *Sivil støtte til artikkel 5-aktivitetar* - Fundamentet i Alliansen er å gje sivil støtte til det militære i eit kollektivt forsvar, og dette er derfor ei kjerneoppgåve for det sivile kriseplanleggingsarbeidet i NATO.
- *Sivil støtte til militære krisehandteringsoperasjonar utanom artikkel 5* - Dette har utvikla seg til å bli ei av hovudoppgåvene for sivil side på grunn av det nye tryggingbiletet og Alliansen si auka vektlegging av denne typen krisehandteringsoperasjonar. utfordringa framover vert å utvikle det sivile kriseplanleggingsapparatet til aktiv deltaking i felles planlegging og øvingar med dei militære styresmaktene, og til å bli ein mest mogleg effektiv bidragsytar i slike aktivitetar.
- *Støtte til nasjonale styresmakter i sivile kriser* - I nasjonale krisesituasjonar og katastrofar vil nasjonale styresmakter ta seg av den operative krisehandteringa, men dei kan trenge bistand frå NATO og/eller andre nasjonar og internasjonale organisasjonar. Den sivile støtta har i slike situasjonar gått gjennom Alliansen sine kanalar og blitt handtert i EAPC-format ved det euroatlantiske koordineringssenteret for katastrofebistand (EADRCC). I etableringa av dette senteret er det lagt stor vekt på at bistanden frå NATO ved katastrofar i fredstid skal skje i nært samråd med FN sine bistandsorganisasjonar. I tilknytning til EADRCC er det også lagt til rette for katastrofebistand frå ei internasjonalt samansett innsatseining (*Euro-*

Atlantic Disaster Response Unit - EADRU). Eininga skal vere ei ikkje-ståande, multinasjonal samansetjing av sivile og militære element som frivillig er innmelde av EAPC-land.

- *Handtering av konsekvensane av bruk av masseøydeleggingsvåpen* - Det frivillige allierte samarbeidet på dette området går ut på å utveksle informasjon om nasjonal beredskap for å handtere tilfelle av bruk av masseøydeleggingsvåpen, å utarbeide ei oversikt over nasjonale handteringsressursar, å vurdere planar for utveksling av slike ressursar dersom det er naudsynt, i tillegg til planlegging for koordinering av militære og sivile svar på slike hendingar.
- *Samarbeid med partnerane* - I tillegg til SCEPC-møta mellom dei 19 medlemslanda har det òg funne stad SCEPC-møte i EAPC-format. Møte i dei ni fagkomitéane og NATO-kurs om sivil beredskap og sivilt-militært samarbeid er òg opna for deltakarar frå partnerlanda. Tillits- og demokratibyggning og kunnskapsoverføring har stått sentralt i arbeidet med partnerane. I 2001 blei det utvikla ein ny *Ministerial Guidance* med nye politiske retningslinjer. Dokumentet er eit resultat av ein langvarig debatt mellom ulike politiske interesser. Dette gjer at Alliansen sin revisjon av kriseplanleggingsarbeidet no kan gå vidare med blant anna utarbeiding av nye *Terms of Reference*, og gjennomgang av CEP (*Civil Emergency Planning*), SCEPC og underkomitéane sine ulike roller og forhold til kvarandre. Frå norsk side er det lagt stor vekt på behovet for å komme i gang med denne prosessen.

I 2001 har det blitt fokusert på å styrkje samarbeidet mellom NATO og Russland. Noreg har ytt bidrag til dette samarbeidet mellom anna gjennom å tilby presentasjonar og rettleiing til dømes innanfor risiko- og sårbarheitsanalysar, om Sårbarheitsutvalet si innstilling og liknande. Vidare skal ein representant frå DSB vere med under den første planleggingskonferansen for ei felles sivil øving mellom det russiske ministeriet for sivil beredskap (EMERCOM) og EADRCC i NATO. Både allierte land, partnerland og Russland vil vere med i planlegginga og i sjølve gjennomføringa av øvinga. Øvinga finn stad i 2002.

8.2 Samarbeid om miljøspørsmål

Miljøkomitéen i NATO (*Committee on the Challenges of Modern Society - CCMS*) er sentral i det allierte samarbeidet på det ikkje-militære området, og er Alliansen sitt forum for å ta opp miljø- og samfunnsutfordringar. Arbeidet er i første rekkje konsentrert om pilotstudiar som varer frå to til fem år, men har aukande innslag av korte ad-hoc-prosjekt og faglege temamøte. I desse formata ønskjer ein å oppnå ei målretta overføring av erfaring og kunnskap, spesielt frå NATO-land til partnerland.

Hovudverksemda i CCMS har også i 2001 vore retta mot mellom- og austuropeiske partnerland, samstundes som også sentralasiatiske land har vore meir aktive. Det siste året har det skjedd ei endring i CCMS sin aktivitet i retning av mindre vekt på tradisjonelle miljøutfordringar og større vekt på nye truslar og samfunnsutfordringar. Dette er både ei følgje av det reviderte komitémandatet og av den nye leiinga i det ikkje-militære samarbeidet i NATO. Samla har komitéen 15 prosjekt gåande.

Noreg har i 2001 teke initiativ til etablering av eit nytt ad-hoc-prosjekt knytt til arbeidet med det utvida tryggingssomgrepet. Under tittelen *Vulnerability of*

the Interconnected Society har Noreg samla 13 deltakarland med ei målsetjing om å finne fram til status og felles utfordringar både for NATO-land og partnarland. Det første møtet blei halde i Oslo i juni med utgangspunkt i meldinga frå Sårbarheitsutvalet og det løpande arbeidet i regi av Direktoratet for sivilt beredskap. Det har blitt auka interesse for prosjektet etter hendingane i USA 11. september og prosjektet er på bakgrunn av dette tett kopla med andre NATO-initiativ knytte til terror.

Utanriksdepartementet leier den nasjonale samordninga av aktivitetane i CCMS i nært samarbeid med Forsvarsdepartementet, Miljøverndepartementet, Noregs Forskringsråd og ymse forskingsinstitusjonar.

8.3 Utarma uran

Dei første månadene av 2001 var det stor merksemd i Alliansen omkring dei helsemessige verknadene ved bruk av granatar som inneheld utarma uran under luftkampanjen mot Jugoslavia våren og sommaren 1999. Det var stor uro for at desse granatane var årsak til kreft og andre helseskadar. Militærmedisinske ekspertar frå Alliansen fekk derfor i oppdrag å vurdere alt materiale som låg føre om bruken av denne typen stridsmiddel. Materialet gav ikkje grunnlag for å slutte at det var ein årsakssamanheng mellom uran og kreft og andre helseskadar. FN sitt miljøprogram (UNEP) vart oppmoda om å setje i verk ytterlegare undersøkingar. UNEP sine undersøkingsresultat vart presenterte i ein rapport i mars 2001. Korkje denne eller andre rapportar synte at utarma uran i Kosovo utgjør ein signifikant helserisiko for lokalbefolkninga eller for det internasjonale personellet. KFOR si oppfølging av saka vart formelt avslutta i august 2001.

8.4 Vitskapsamarbeidet

Samarbeid med partnarlanda på det sivile området er kjernen i NATO sitt vit-skapsprogram. Kwart år tek fleire tusen forskarar frå medlemsland og partnarland del i felles forskingsprosjekt og seminar gjennom NATO sitt stipend- og utvekslingsprogram.

Målsetjinga med programmet er å fremje kontakt, samarbeid og tillit mellom vit-skapsmiljø i NATO-land og partnarland, men òg mellom partnarlanda sjølve. Eit eksempel på eit slikt prosjekt er *Virtual Silk Highway* som skal knyte saman forskarar i åtte land i Kaukasusregionen i effektive internettkoplingar. Dette vil fremje utdanning og forskingssamarbeid i regionane. Partnarlanda er integrerte i alle delar av programmet. I 2001 fann for første gong eit møte i vit-skapskomitéen stad i eit partnarland, i Tbilisi i Georgia.

Vit-skapsprogrammet består av fire ulike delprogram: stipendordning for unge forskarar, støtte til felles forskingsprosjekt, støtte til infrastruktur i forskingsmiljøa og støtte til anvend vit-skap og teknologi. I tillegg vart det i 2001 etablert eit særskilt samarbeidsprogram med Russland. Talet på stipendiatar frå partnarlanda er aukande, og er no opp mot 75 prosent. Noregs stipendmidlar under ordninga går fullt ut til forskarar frå partnarlanda.

8.5 Informasjonsverksemda

Presse- og informasjonstenesta i NATO-hovudkvarteret produserer eit omfattande informasjonsmateriale på ulike språk og administrerer eit besøksprogram som kvart år fører tusentals gjester til NATO-hovudkvarteret i Brussel. Informasjonsverksemd overfor partnerland har høg prioritet i NATO.

Alliansen har oppretta kontaktambassarar i alle partnerlanda. Det vil seie at ein alliert ambassade har fått som funksjon å informere om NATO overfor styresmakter, lokalsamfunn, nøkkelinstitusjonar og personar i vertslandet. Ei anna oppgåve er å hjelpe partnerlanda i samband med besøk til eller frå NATO. Den norske ambassaden i Helsingfors blei kontaktambassade for Finland i 2001. I tillegg har NATO eit informasjonskontor i Kiev, Ukraina. Generalsekretær Robertson opna i februar 2001 eit informasjonskontor for NATO i Moskva.

Parallelt med NATO sitt informasjonsarbeid gjev Utanriksdepartementet, Forsvarsdepartementet og NATO-delegasjonen informasjon om NATO til det norske samfunnet. Størstedelen av informasjonen om NATO i Noreg vert kanalisert gjennom Den norske Atlanterhavskomiteén og Folk og Forsvar. Begge organisasjonane legg ut alle sine publikasjonar og informasjonsmaterieill på sine respektive internettsider. I tillegg organiserer både Den norske Atlanterhavskomiteén og Folk og Forsvar kvart år talrike seminar, konferansar og studieturar og gjev ut informasjonsmaterieill om tryggingsspolitiske spørsmål.

Folk og forsvar held ei rekkje konferansar og temadagar rundt om i landet, særleg retta mot ungdom i den vidaregåande skulen. Dei viktigaste tema i 2001 har vore internasjonal forsvars- og tryggingsspolitikk. Spørsmålet om NATO si nye rolle har vore eit sentralt element i desse. I tillegg vert det utarbeidd og distribuert ei mengd informasjonsmaterieill, ikkje minst studiehefte for den vidaregåande skulen.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Utanriksdepartementet av 26. april 2002 om samarbeidet i Atlanterhavspakt-organisasjonen i 2001 blir send Stortinget.

Vedlegg 1**Erklæringar og kommuniké****1.1 Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i Budapest, 29. mai 2001. Sluttkommuniké**

1. På møtet i dag gjorde vi opp status over det som er gjort for å fremje tryggleik og stabilitet i det euroatlantiske området, og gav retteleiing til vidare gjennomføring av vedtaka frå Washington-toppmøtet. Særskilt har vi:
 - stadfesta vårt engasjement for eit fredeleg, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa, og sagt oss fast bestemte på å motarbeide all vald enten motivet er etnisk, politisk eller kriminelt,
 - arbeid vidare med å utvikle nære og effektive relasjonar mellom NATO og EU for å styrkje den transatlantiske partnerskapen, og
 - bestemt oss for å intensivere diskusjonane om tryggingsspolitiske utfordringar i det 21. hundreåret, mellom anna spreining av masseøydeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike, og korleis desse utfordringane best kan møtast.
2. Vi stadfestar NATOs sterke engasjement for tryggleik, stabilitet, fred, demokrati og respekt for menneskerettane i Sørøst-Europa. Alliansen vil framleis arbeide iherdig for å nå dette målet, først og fremst gjennom NATO-leidde fredsbevarande operasjonar i Bosnia-Hercegovina og i Kosovo og gjennom tryggingssamarbeid med landa i regionen.
3. Vi hyllar mennene og kvinnene frå alle nasjonar som tenestegjer i SFOR og KFOR for deira profesjonelle og oppofrande innsats for fred og stabilitet. Vi uttrykkjer vår djupe medkjensle med familiane til dei som har mist livet eller er blitt skadde i tenesta. Vi takkar NATO-partnarane og andre land for dei vesentlege bidraga dei yter til vår felles innsats.
4. Vi uttrykkjer igjen vår støtte til territorial integritet og suverenitet for alle landa i Sørøst-Europa. Vi står fast på å fremje langsiktig stabilitet gjennom forsoning og samarbeid i regionen, godt naboskap, stabile og trygge grenser, vern om rettane til etniske grupper og minoritetar, tillitsskapande tiltak, ei varig løysing på problemet med flyktningar og fordrivne menneske og fullt samarbeid med FN sin internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY).
5. Vi gler oss over det stadig betre samkvemmet med Den føderale republikken Jugoslavia, og ser fram til det skal utvikle seg ytterlegare. Vi er oppmuntra over dei positive stega den demokratisk valde regjeringa tek, og trur at den konstruktive innstillinga regjeringa viser vil medverke til langsiktig stabilitet i heile regionen og gje nye utsikter til regionalt samarbeid og integrasjon i dei euroatlantiske strukturane. Vi gler oss over framgangen FRJ har hatt i arbeidet med å forbetre samkvemmet med grannelanda og i samarbeidet for full gjennomføring av den generelle rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina og tryggingrådsresolusjon (UNSCR) 1244. Vi gler oss over den meir samarbeidsvillige innstillinga FRJ viser til ICTY og dei positive tiltaka som alt er gjorde, og ventar oss at landet vil gå vidare på vegen mot fullt samarbeid med domstolen i arbeidet denne gjer i Haag, mellom anna ved å vedta eit eigna lovverk. Alle tiltala må stillast til ansvar for sine gjerningar i fullt samsvar med tryggingrådsresolusjon 827 om

- opprettinga av ICTY. I samband med dette gler vi oss over arrestasjonen av tidlegare president Milosevic.
6. Vi oppmodar Beograd og Podgorica om å ta opp att ein konstruktiv dialog om det konstitusjonelle tilhøvet dei imellom og å søkje løysingar som er akseptable for begge. Vi rår sterkt frå alle ein-sidede tiltak som kan true den politiske stabiliteten ikkje berre i FRJ, men i heile regionen. Vi tek opp att vår støtte til eit demokratisk Montenegro innanfor ein demokratisk føderal jugoslavisk republikk.
 7. Vi støttar den pågåande innsatsen for å finne ei fredeleg løysing på problema i det sørlege Serbia, idet det vert teke omsyn til fredsplanen til styresmaktene i FRJ/Serbia som søkjer å gjere noko med dei rettkomne klagemåla til den etnisk albanske folkegruppa. Vi er glade for at innsatsen til den personlege representanten for Generalsekretæren og det nære samarbeidet med Den europeiske unionen har vore medverkande i så måte. NATO vil framleis vere engasjert i denne prosessen, og vi ser fram til vidare samarbeid med styresmaktene i FRJ/Serbia på dette punktet. Vi er oppmuntra over den positive utviklinga som har skjedd i det siste etter at NATO, som eit vidare steg mot ei framtidig avvikling av bakketryggingssona, vedtok å tillate at styrkar frå FRJ under kontrollerte forhold kunne vende tilbake til sektor B under oppsyn av COMKFOR. Særleg gler vi oss over måtehaldet som er vist av FRJ-styrkane som har vendt tilbake til sona og at det ikkje har vore større konfrontasjonar med væpna grupper. Vi gler oss òg over at mange etniske albanarar som tidlegare tilhørte væpna grupper, under oppsyn av KFOR har gjeve frå seg våpna sine og innstilt aktiviteten.
 8. Ei vellukka fullføring av prosessen som er i gang i Sør-Serbia, og stabiliteten i regionen på lengre sikt, krev ei snarleg gjennomføring av handgripelege og verifiserbare tillitsskapande tiltak. Vi rosar dei første stega som er tekne i å gjennomføre det OSSE-støtta konseptet for opplæring av eit multietnisk politi, amnestiet dei serbiske styresmaktene har kunngjort, demilitariseringserklæringa som vart underteikna av leiarane for væpna grupper og ei endeleg avvæpning og oppløysing av desse gruppene. Streng politisk kontroll over FRJ-styrkane i regionen og integrering av etniske albanarar i lokale administrative og politiske strukturar er òg viktig. For sin del må dei etniske albanarane forplikte seg heilt og fullt til den politiske prosessen som skal føre fram til forsoning, til frivillig avvæpning, til oppløysing av væpna grupper og til å avstå frå vald. KFOR vil saman med UNMIK-politiet føre vidare den robuste innsatsen for å stanse straumen av våpen og væpna grupper mellom Kosovo, Sør-Serbia og andre delar av regionen, også Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ³⁾.
 9. Vi stadfestar vår oppslutnad om full gjennomføring av UNSCR 1244. Vi rosar det svært gode samarbeidstilhøvet mellom KFOR og FN's sivile operasjon i Kosovo (UNMIK) i arbeidet med å etablere eit fredeleg, multietnisk, multikulturelt og demokratisk Kosovo, der alle folkegrupper utan omsyn til etnisk opphav eller religion kan leve i fred og tryggleik og nyte godt av allmenne menneskerettar og fridommar på likeverdig basis, også ved å delta i demokratiske institusjonar. Vi gler oss over at spesialrepresentanten for FN's Generalsekretær (SRSG) har lagt fram ei forordning om dei konstitusjonelle rammene for eit mellombels sjølvstyre i Kosovo,

³⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

som er eit viktig steg i gjennomføringa av UNSCR 1244. Desse rammene vil danne grunnlaget for valet i Kosovo som skal haldast 17. november. Leiarane i Kosovo må ta sitt ansvar og gjere alt dei kan for å sikre at valet kan avviklast i fredelige og trygge former. Vi ber alle folkegrupper om å vere med på dette valet og å ta del i dei nye politiske strukturane i Kosovo. Alle fordrevne menneske må få høve til å delta i valet.

10. Vi stadfestar at det er viktig å leggje tilhøva til rette for at flyktingar og fordrevne, også kosovoserbarar og andre etniske minoritetar, kan vende tilbake til sine heimar på ein trygg og sikker måte. Vi oppmodar dei politiske leiarane i Kosovo om å gå meir aktivt inn for dette målet i samarbeid med KFOR og UNMIK.
11. Etablering av trygge forhold for alle i Kosovo er framleis ei prioritert oppgåve. Vi fordømmer sterkt all etnisk, politisk og kriminelt motivert ekstremistverksemd både frå etnisk albansk og serbisk hald, og likeins valdshandlingar mot det internasjonale nærværet. Slik vald kan ikkje unnskyldast, og strir mot interessene til Kosovo og regionen sett under eitt. Vi ber alle politiske parti og samfunn i Kosovo, særleg dei albanske, om eintydig å fordømme slike aktivitetar og å støtte KFOR og UNMIK i den store innsatsen desse gjer for å slå tilbake mot ekstremisme og styrkje rettsstaten og hindre at Kosovo blir brukt som base for ekstremistaktivitet i regionen. I samband med dette ber vi òg innstendig om at det snarleg vert kunngjort ei UNMIK-forordning som kan gjere det mogeleg å gå meir effektivt til verks mot talsmennene for ekstremisme og vald. Etniske spenningar i Mitrovica og minoritetsområda er framleis ei kjelde til uro.
12. Likeins er vi djupt uroa over det store omfanget av organisert kriminalitet med bindeledd til ekstremisme og eksterne finansieringskjelder. Organisert kriminalitet er ein trussel mot ei sunn økonomisk utvikling i Kosovo og representerer ei vesentleg kjelde til ustabilitet i regionen.
13. Eit velfungerande rettssystem i Kosovo er ein føresetnad for ei sunn demokratisk utvikling og økonomisk framgang. Vi gler oss over framgangen som er gjort med å skape ein sterkare rettsstat, men merkjer oss at det må gjerast fleire forbetringar. Vi rosar arbeidet OSSE gjer for å rekruttere og lære opp medlemmer av den fleiretniske polititenesta for Kosovo.
14. Vi gler oss over at etnisk albanske politiske fangar nyleg vart sette fri frå serbiske fengsel. Vi minner om at Beograd må setje fri dei resterande kosovoalbanarane som vert haldne som fangar i Serbia utan tilstrekkeleg rettsgrunnlag. Vi oppmodar om at alt vert prøvd for å gjere greie for sakna personar, utan omsyn til etnisk opphav, og strekar under at KFOR er parat til å samarbeide med den internasjonale kommisjonen for sakna personar.
15. Vi ser at Den sivile beredskapsstyrken for Kosovo (KPC) stort sett opptrer i samsvar med regelverket i si sivile rolle med UNMIK som øvste ansvarlege og under dagleg tilsyn av KFOR. Vi er likevel djupt uroa over tilfelle av overtramp frå enkeltmedlemmer og at det førekjem organisert kriminalitet, ulovleg våpeninnhav og støtte til ekstremistaktivitetar i Kosovo og omkringliggjande område. Vi fordømmer desse aktivitetane, og minner om at leiinga for KPC må setje inn fleire tiltak for å stanse dei og klart og offentleg fordømme ekstremistverksemd i Kosovo og i regionen. KFOR vil framleis føre nøye tilsyn med KPC i samsvar med dei retningslinene og prioriteringane som er fastsette av SRSG. Vi ser det som avgjerande viktig at tenesteinstruksen for KPC vert strengt handheva.
16. Vi merkte oss ein rapport om KFOR sine roller og oppdrag, med tilrådingar om omfang og struktur. Vi gler oss over konklusjonane, særleg at det

- inn til vidare ikkje er aktuelt å endre omfanget og profilen til KFOR.
17. Vi er framleis fullt ut forplikta til full gjennomføring av den generelle rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina. Vi støttar fullt ut målsetjingane til Fredsgjennomføringsrådet (PIC) og den faste viljen rådet viser til å integrere Bosnia-Hercegovina som ein stat, multietnisk og demokratisk og med sterke og effektive felles institusjonar, i dei euroatlantiske strukturane. Vi vil halde fram med å samarbeide nært, særleg gjennom SFOR, med Den høge representanten og med andre organisasjonar, mellom dei UNHCR, OSSE, Den europeiske unionen, FN-operasjonen i Bosnia-Hercegovina (UNMIBH), Den internasjonale politistyrken (IPTF) og ICTY. Vi sluttar sterkt opp om innsatsen som SFOR og ICTY kvar for seg gjer for å pågripe og stille for retten personar tiltala for krigsbrottsverk. I denne samanhengen minner vi om at entitetane har hovudansvaret for å stille personar tiltala for krigsbrottsverk for retten, og ber dei innstendig om å samarbeide meir effektivt med SFOR for å få i stand dette.
 18. Vi gler oss over at moderate, ikkje-nasjonalistiske parti etter vala sist haust er komne med i regjeringane på statleg plan og i entitetane. Det internasjonale samfunnet ventar seg at desse nye regjeringane vil gjere større og raskare framgang i retning av eit sjølvstendig, multietnisk demokrati. Vi ber dei nyvalde leiarane i Bosnia-Hercegovina ta større ansvar og føle meir eigarskap for prosessen med å gjennomføre Dayton-avtalen og å førebu Bosnia-Hercegovina på å bli integrert i euroatlantiske strukturar.
 19. Vi fordømmer alle former for separatisme og nasjonalistisk vald i Bosnia-Hercegovina. I samband med dette er vi djupt uroa over hendingane i Mostar på den eine sida og Trebinje og Banja Luka på den andre, som høvesvis kroatisk og serbisk ekstremistar nyleg stod bak og som direkte trugar Dayton-avtalen og dei lovlege institusjonane i Bosnia-Hercegovina, både på statsplan og i entitetane. Vi ber om at alle politiske leiarar i Bosnia-Hercegovina, og i andre land i regionen, må gje klart uttrykk for si fordømming av desse hendingane. Vi støttar fullt ut Den høge representanten og SFOR i deira innsats for å møte denne utfordringa. Vi ber alle borgarar i Bosnia-Hercegovina løyse sine tvistemål med fredelege, lovlege og demokratiske middel. Vi ber dei òg innstendig om å erkjenne at samfunnet deira er best tent med dei eksisterande institusjonelle rammene i Bosnia-Hercegovina og med å samarbeide med Den høge representanten og med dei lovlege styresmaktene på statsplan og i entitetane. Vald mot desse styresmaktene, borgarar av Bosnia-Hercegovina eller SFOR-soldatar eller andre representantar for det internasjonale samfunnet, vil ikkje bli tolerert frå noko hald.
 20. Vi ber dei bosniske serbarane innstendig om ikkje å streve etter snevre, lokalpatriotiske mål, men å innsjå at interessene deira er best tente med å arbeide for dei kollektive interessene til heile det bosniske samfunnet. Vi ber dei bosniske kroatane som har gått ut av føderasjonsstrukturane om å komme tilbake, og rosar dei som alt har vendt tilbake for deira engasjement for framtida til Bosnia-Hercegovina. Vi gler oss over at Kroatia avviser HDZ sine forsøk på å danne parallelle institusjonar.
 21. Vi oppmuntrar Presidentskapen til å prioritere reformprogrammet for forsvaret. Bosnia-Hercegovina treng væpna styrkar med felles kommando og leiing som kan utplasserast og opptre samla under leiing av internasjonale og regionale tryggingorganisasjonar. I samband med dette gler vi oss over at Presidentskapen har slutta seg til ein felles forsvarspolitikkk for Bosnia-Hercegovina. Vi stadfestar at vi er forplikta til å bidra ytterlegare til

- å auke stabiliteten og tilliten i Bosnia-Hercegovina og å styrkje samarbeidet mellom dei væpna styrkane i entitetane.
22. Vi ber leiarane i Bosnia-Hercegovina innstendig om å gjennomføre Vedlegg I B til Dayton-avtalen fullt ut når det gjeld tillitsskaping og tryggingsspørsmål. Vi ber om at nabolanda til Bosnia-Hercegovina på ein open og gjennomsiktig måte støttar den fullstendige gjennomføringa av avtalen, særleg dei landa som er signaturstatar til denne avtalen.
 23. Vi gler oss over bidraget frå OSSE til gjennomføringa av fredsavtalen og til opprettinga av ei ramme for fred og stabilitet i Sørøst-Europa. Vi ber om statane som deltek i forhandlingane om regional stabilitet i samband med avtalen, gjer full bruk av den nye framdrifta som er skapt gjennom Den føderale republikken Jugoslavia si deltaking i OSSE, med sikte på fullføre arbeidet snarast råd. NATO står klar til å støtte gjennomføringa av ein slik avtale innanfor rammene av Stabilitetspakta for Sørøst-Europa.
 24. Vi merkte oss ein rapport om SFOR sine roller og oppdrag med tilrådingar om omfanget og strukturen til styrken. Vi gler oss over konklusjonane i rapporten, spesielt om at det ikkje er tilrådeleg å vurdere større omstruktureringar eller reduksjonar i SFOR no, særleg i lys av aktuelle utviklingstrekk, men at ein moderat reduksjon i samla styrkenivå vil kunne gjennomførast innanfor den noverande styrkestrukturen på visse vilkår som dei militære NATO-styresmaktene fastset. Vi gjentek her tilrådinga frå rapporten om behovet for å utstyre dei fleirnasjonale spesialeininingane med alle dei avtala ressursane.
 25. Vi seier oss på nytt fullt forplikta til tryggleik, stabilitet og territorial integritet for Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁴⁾. Vi fordømmer sterkt dei valdshandlingane som ekstremistiske albanske grupper har stått for den seinare tida, som ikkje berre har trua stabiliteten til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁵⁾, men òg har undergrave innsatsen til dei etniske albanarane som arbeider saman med det internasjonale samfunnet for å føre fred, demokrati og stabilitet til den urolege Balkanregionen. Vi ber leiarane for etnisk albanske samfunn i regionen om eintydig å fordømme desse valdshandlingane. Ekstremistane må straks stanse valdshandlingane sine.
 26. Vi er oppmuntra over at det overveldande fleirtalet av folket i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁶⁾ har avvist å støtte dei som meiner at dei skal nå sine mål gjennom vald. Vi støttar styresmaktene i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁷⁾ i deira strev etter å isolere dei ekstremistiske elementa på ein måte som fremjar ei fredeleg løysing. Vi forventar at styresmaktene unngår overdriven maktbruk og at dei tek alle forholdsreglar for å hindre sivile tap.
 27. Vi gler oss over opprettinga av ei brei koalisjonsregjering. Vi oppmodar partane til å ta snare og konkrete steg i den pågåande interetniske dialogen under oppsyn av president Trajkovski, med politiske parti frå alle etniske grupper som deltakarar, med sikte på å oppfylle legitime behov, konsolidere det interetniske samkvemmet og sikre ei betre framtid for alle borgarar utan omsyn til etnisk opphav. I så måte merkjer vi oss dei tiltaka regjeringa har gjort for å etablere høgre utdanning på albansk, ein alban-

⁴⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

⁵⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

⁶⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

⁷⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

- skspråkleg fjernsynskanal og auka lokalt sjølvstyre.
28. Samarbeidet mellom internasjonale organisasjonar har resultert i ein samordna reaksjon og eit eintydig signal om at det internasjonale samfunnet er fast bestemt på å støtte stabilitet i regionen. Vi gler oss særleg over det tette samarbeidet mellom NATO og EU, som vi mellom anna har sett eksempel på i fellesoppdraga til Skopje ved Generalsekretæren i NATO og Den høge representanten for EU.
 29. Vi gler oss over at auka patruljering og utvida KFOR-styrkar på Kosovosida av grensa har gjort KFOR betre skikka til å oppdage, hindre og avskrekke transport av menneskap og materiell frå Kosovo til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁸⁾. KFOR er fast bestemt på å arbeide iherdig vidare med dette. Alliansen har nyleg utpeika sivile representantar på høgt nivå som skal arbeide for betre kommunikasjon og samordning med styresmaktene i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ⁹⁾ og andre politiske leiarar i landet.
 30. Vi gler oss over den betra militære samordninga og utvekslinga av militær informasjon med forsvars- og innanriksministeria i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁰⁾, og over opprettinga av eit NATO samarbeids- og koordineringssenter leia av NATOs militærrepresentant på overordna nivå, som skal lette informasjonsutvekslinga og opptre som sentral for bistandstiltak. Vi merkjer oss òg med glede innsatsen som allierte har gjort for å trappe opp den bilaterale bistanden til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹¹⁾. Alliansen vil framleis søkje praktiske løysingar for å auke bistanden på alle desse områda.
 31. Vi seier oss på nytt svært takksame for innsatsen som skjer i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹²⁾ for å støtte KFOR, og gler oss over avtalen som nyleg vart inngådd og som definerer den rettslege statusen til KFOR-personell mens dei oppheld seg på territoriet til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹³⁾.
 32. Skal Sørøst-Europa bli ein trygg og stabil region, må landa utvikle tilstrekkelege nasjonale evner til å garantere eit sikkert grensevern. Alliansen har her gjort konkrete tiltak for å hjelpe regjeringane i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁴⁾ og i Albania, og bruker dei rammene som alt eksisterer med EAPC og Initiativet for Sørøst-Europa (SEEI) for å engasjere seg i ein dialog med partnarane om dette spørsmålet.
 33. Vi fekk overlevert den konsoliderte framdriftsrapporten om utviklinga av SEEI og bidrag frå Alliansen til måla i Stabilitetspakta. Vi merkte oss med glede at mange av aktivitetane som er igangsette under SEEI har modnast og no leverer verdifulle resultat til støtte for regionalt samarbeid, og at dei enkelte landa gjer ein innsats for å bli meir integrerte i den euroatlantiske fellesskapen og dermed støtte og utfylle målsetjingane i Stabilitetspakta.
 34. Vi gler oss over det felles evalueringsdokumentet om regionale trygging-

⁸⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

⁹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹⁰⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹¹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹²⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹³⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹⁴⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

sutfordringar og utsikter (SEECAP), som skal vedtakast seinare i dag og som skal tene til å utvikle realistiske tryggingssprinsipp og reform av tryggingssystemane til landa i regionen. Vi ser òg på innsatsen til Styringsgruppa for tryggingssamarbeid i Sørøst-Europa (SEEGROUP) som eit verdifullt regionalt initiativ til støtte for SEEI og Stabilitetspakta for Sørøst-Europa. Vi er oppmuntra over framgangen som er gjort av landa i Sørøst-Europa i å utvikle sin eigen fredsbevaringsstyrke, og merkjer oss at Den fleirnasjonale fredsstyrken for Sørøst-Europa sa seg klar til innsats den 1. mai.

35. Vi er tilfreds med at Kroatia, i tillegg til Bulgaria og Romania, no dreg fordel av det vellukka programmet som vart igangsett av Alliansen og Verdsbanken, etter tilrettelegging gjennom Stabilitetspakta, for å omskolere og reintegrere tidlegare militært personell i den sivile økonomien.
36. Vi gjev Det faste rådet i oppdrag å arbeide vidare med tiltaka i samband med SEEI og Alliansen sine bidrag til Stabilitetspakta, særleg innanfor forsvarsreform, og ser fram til vidare framgang innan vi møtest neste gong.
37. Alliansen har sett svært alvorleg på den uroa som har gjort seg gjeldande hos folk flest etter rapportar om mogelege verknader av utarma uran på helsa til militært og sivilt personell som er med i NATO-operasjonar og på helsa til sivilbefolkninga. Ei omfattande informasjonsutveksling mellom dei allierte landa, landa i regionen, alle medverkande i SFOR og KFOR og aktuelle internasjonale organisasjonar, har ikkje påvist noko teikn på ein slik samanheng. Dei allierte vil halde fram med å utveksle informasjon og å samarbeide med FN-organ, særleg FN's miljøprogram, og andre relevante institusjonar om denne saka.
38. Vi tok føre oss framgangen som hittil er oppnådd i gjennomføringa av initiativet for betra forsvarsevne (DCI). Målet med DCI er uendra: å skaffe dei styrkar og evner Alliansen treng for å møte dei tryggingsspolitiske utfordringane i det 21. hundreåret, over heile spekteret av oppdrag som Alliansen har. Dei NATO-allierte må halde fram med å styrke forsvarsevnene og interoperabiliteten ved å gjere dei allierte styrkane lettare deployerbare og meir mobile, meir overlevingsdyktige og skikka til langvarige oppdrag og med større evne til å gripe effektivt inn, samstundes som det må sikrast meir effektiv kommando og leiing. Det krevst vedvarande engasjement for å nå desse ambisiøse måla - både i NATO-hovudkvarteret og i hovudstadene. Vi er framleis bestemte på å støtte dette arbeidet heilt og fullt, og merkjer oss særleg at innsatsen til Alliansen og dei allierte for å gjennomføre DCI og den innsatsen EU gjer for å styrkje dei europeiske evnene, er gjensidig forsterkande. Fordi partnerane har ei viktig rolle å spele i framtidige NATO-leidde operasjonar, gler vi oss over at dei no er engasjerte i delar av DCI.
39. Vi gjorde opp status for framdrifta i utviklinga av den felles europeiske tryggingss- og forsvarsidentiteten (ESDI) i samsvar med vedtaka som vart gjorde på toppmøtet i Washington og påfølgjande ministermøte. Vi sa oss på nytt fast bestemte på å forsterke den europeiske søyla i NATO, og går heilt og fullt inn for ein balansert og dynamisk transatlantisk partnerskap. Vi deler EU sitt engasjement for ein genuin strategisk partnerskap mellom NATO og EU innanfor krisehandtering. Alliansen vil framleis vere grunnmuren i fellesforsvaret av medlemslanda og aktivt fylle si viktige rolle i krisehandtering, slik det strategiske konseptet legg opp til. Partnerskapen mellom NATO og EU og utviklinga av ein dugande og effektiv ESDI, i sam-

- svar med prinsippa som vart fastlagde på Washington-toppmøtet og påfølgjande ministermøte, vil styrkje den Alliansen som gjer at vi er parat til å arbeide mot felles tryggingpolitiske mål der det er mogeleg.
40. Vi seier oss på nytt forplikta til eit tilhøve mellom NATO og EU basert på innsyn, samhald og samarbeid, som også heretter sikrar effektiviteten i Alliansen og samhaldet mellom dei allierte. Å auke dei europeiske evnene står sentralt i denne prosessen. Både NATO og EU har ei felles interesse av å sikre ei samkøyrd utvikling av dei militære evnene til sine medlemsstatar.
 41. Vi gler oss over den intensiverte dialogen mellom Alliansen og Den europeiske unionen sidan vi sist møttest i Brussel. Tett konsultasjon og samarbeid mellom dei to organisasjonane og dei gjensidig forsterkande tiltaka dei har sett i verk som svar på situasjonen på Balkan, viser at NATO og EU har engasjert seg i eit vellukka praktisk samarbeid i saker av felles interesse i tilknytning til tryggleik, forsvar og krisehandtering. Å vidareføre slikt praktisk samarbeid mellom dei to organisasjonane vil hjelpe til å sikre at kriser kan møtast med dei militære reaksjonar som er best eigna og at krisehandteringa fungerer effektivt. I denne samanhengen gler vi oss over den høge graden av samordning og samarbeid mellom Generalsekretæren og EUs høge representant, særleg dei felles oppdraga dei personlege representantane for desse har gjennomført i regionen.
 42. På desembermøtet vårt merkte vi oss mellom anna forslaga Det europeiske rådet la fram i Nice om permanente ordningar for å sikre fullt innsyn, samråd og samarbeid mellom NATO og EU. Vi var samde om at samrådet og samarbeidet mellom dei to organisasjonane skulle utviklast i spørsmål av felles interesse i tilknytning til tryggleik, forsvar og krisehandtering, slik at kriser kunne møtast med best eigna militære reaksjonar og effektiv krisehandtering vere sikra. Vi såg fram til ei snarleg oppretting av slike gjensidig tilfredsstillande ordningar basert på prinsippa som kom til uttrykk i Washington og påfølgjande ministermøte, som det vil bli teke omsyn til i rammeavtalen som skal opprette desse ordningane. Desse ordningane vil vere nøkkelen til eit tett, tillitsfullt og ope tilhøve mellom dei to organisasjonane, slik Washington-toppmøtet la opp til. Etter dei resultata som vart oppnådde på ministermøta i NATO og i Det europeiske rådet i Nice, vart det i januar i år utveksla brev mellom Generalsekretæren og Presidentskapen i EU. Minst tre møte mellom Det nordatlantiske rådet og EUs utanriks- og tryggingpolitiske komité og minst eitt ministermøte skal haldast under kvar EU-presidentskap. Kvar av organisasjonane kan etter behov be om møte ut over dette. Begge organisasjonane er forplikta til å trappe opp kontakten og møta i naudfasen av ei krise.
 43. Vi gler oss over dei fire møta som er haldne mellom Det nordatlantiske rådet og EUs utanriks- og tryggingpolitiske komité, og ser fram til fleire slike møte. Vi gler oss òg over framgangen som er gjort hittil i ad-hoc-arbeidsgruppene mellom NATO og EU. Vi ser fram til det vidare arbeidet i desse gruppene, der alle relevante saker vil bli drøfta, også spørsmål som gjeld deltaking.
 44. Vi merkjer oss den vellukka gjennomføringa av den mellombels NATO-EU-avtalen om informasjonssikring som kom i stand i fjor, og gler oss over framgangen i utarbeidinga av ei permanent sikringsordning mellom dei to organisasjonane, mellom anna det produktive arbeidet i ad-hoc-arbeidsgruppa mellom NATO og EU om sikringsspørsmål. Vi står klar til å inngå ein permanent sikringsavtale mellom NATO og EU som ei prioritert sak.

45. Dei europeiske allierte er forplikta til ytterlegare å styrkje sine militære evner og å forsterke den europeisk søyla i Alliansen. Dette vil gjere dei betre i stand til å bidra både til Alliansens oppdrag og til EU-leidde operasjonar ved Petersberg-oppgåver der Alliansen i seg sjølv ikkje engasjerer seg. Vi merkjer oss at denne prosessen ikkje inneber oppretting av ein europeisk hær, og at tilsegner om nasjonale ressursar til EU-leidde operasjonar vil vere baserte på suverene vedtak.
46. Vi gler oss over innsatsen som EU elles gjer for å oppfylle si hovudmålsetjing innan 2003, slik det vart bestemt av Det europeiske rådet i Helsinki, for såleis å bidra til å betre og styrkje dei europeiske militærevnene. Dei vesentlege tilleggsbidraga som europeiske allierte utanfor EU har tilbode til dei samla styrkane som står til disposisjon for EU-leidde operasjonar, er viktige og vil auke breidda i dei evnene som potensielt står til disposisjon for EU. Vi gler oss over dei bilaterale møta som er haldne mellom dei europeisk allierte i og utanfor EU for å avklare og evaluere deira bidrag til europeisk krisehandtering på grunnlag av dei same kriteria som dei som gjeld for medlemsstatar i EU, og ser fram til den vidare utviklinga av denne praksisen. Vi merkjer oss at EU erkjenner behovet for ytterlegare evneforbetringar. Alliansens initiativ for betra forsvarsevner tener òg som støtte for auka europeiske evner. Måla som går fram av NATOs DCI og EUs hovudmålsetjing er gjensidig forsterkande. Vi merkjer oss med glede at NATO, etter oppmoding frå Presidentskapen i EU og på grunnlag av eit rådsvedtak, sa seg samde i å støtte arbeidet til HTF Plus under den svenske presidentskapen gjennom ei ekspertgruppe som skal vere open for nasjonale ekspertar frå dei allierte som ønskjer å delta i dette arbeidet. For å vidareføre dette viktige arbeidet under den neste EU-presidentskapen, står NATO, med atterhald om eit snarleg vedtak i Rådet, parat til å yte ytterlegare ekspertråd etter oppmoding frå EU.
47. Vi understrekar, som vi gjorde under Washington-toppmøtet og påfølgjande ministermøte, det viktige i å finne løysingar som alle allierte kan godta når det gjeld spørsmålet om deltaking. Dei allierte gler seg over at møte mellom allierte i og utanfor EU har teke til. Dei allierte ser vidare fram til ei brei og effektiv praktisk gjennomføring av ordningane som vart avtala av Det europeiske rådet i Nice for dialog, samråd og samarbeid med europeiske allierte utanfor EU i spørsmål som gjeld trygging- og forsvarspolitikk og krisehandtering, og nærare reglar for deltaking i EU-leidde militæroperasjonar. Vi gler oss over at EU forpliktar seg til å intensivere konsultasjonane i krisetider, noko som òg vil setje europeiske allierte utanfor EU i stand til å ta opp spørsmål som dei er opptekne av og som dei meiner kan røre ved deira interesser. Det er særleg viktig i denne samanhengen at europeiske allierte utanfor EU kan be om møte med Den europeiske unionen og komme med forslag til punkt på saklista. Det er særleg viktig med samråd og samarbeid med EUs utanriks- og tryggingspolitiske komité og med EUs militærkomité, eventuelt også med militærstaben i EU, for å sikre at dei aktuelle allierte kan dra maksimal nytte av desse og å setje dei aktuelle allierte i stand til å medverke effektivt. Her vil vi igjen, i samsvar med Washington-traktaten, streke under kor stor vekt vi legg på det å respektere tryggingssinteressene til alle allierte og på pliktene dei har overfor kvarandre som allierte.
48. Vi gler oss over oppnådd framgang i å utvikle dialog, samarbeid og samråd mellom Canada og EU i alle trygging- og forsvarssaker av felles interesse. Dette omfattar ein felles lovnad om å intensivere konsultasjonane i kri-

setider, særleg når EU vurderer ein operasjon der NATO sine ressursar og evner kan bli tekne i bruk. Canada og EU har avtala å halde fram med dialogen for å avtale dei nærare vilkåra for konsultasjonar med Canada og om korleis det kan delta i operasjonar leidde av EU.

49. Idet ein tek omsyn til utviklinga av relevante ordningar i EU, held arbeidet fram innanfor Alliansen som pålagt under toppmøtet i Washington og avtala under påfølgjande ministermøte. Arbeidet går framover etter prinsippet om at ingenting skal avtalast før alt er avklara - deltakingsspørsmålet er også relevant i denne samanhengen. På dette grunnlaget, og i tråd med vedtak som vart gjorde i Washington og påfølgjande ministermøte, har intensiverte diskusjonar om deltakingsspørsmålet etter at vi sist møttest i desember, styrkt utsiktene for framgang på ulike område av Washington-saklista, spesielt når det gjeld ordningar for:
- garantert EU-tilgang til planleggingsevner i NATO som kan medverke til militær planlegging for EU-leidde operasjonar,
 - føresetnaden om tilgang for EU til førehandsutpeika NATO-evner og felles ressursar for bruk i EU-leidde operasjonar,
 - utveljing av eit spekter av europeiske kommandoalternativ for EU-leidde operasjonar, med vidare utvikling av rolla til DSACEUR for at han fullt ut og effektivt skal kunne oppfylle sine europeiske plikter, og
 - vidare tilpassing av Alliansens forsvarsplanleggingsystem.
 - Det står att viktig arbeid som vi vil følgje opp intensivt, samstundes som det vert teke omsyn til relevante aktivitetar i og forslag frå Den europeiske unionen.
50. Idet vi viser til vedtaka som vart gjorde på Washington-toppmøtet, samstundes som vi ser framover mot den gjennomgangen av utvidingsprosessen som stats- og regjeringssjefane i NATO skal gjere på toppmøtet i Praha i 2002, stadfestar vi at Alliansen forpliktar seg til å vere open for nye medlemmer. Alliansen reknar i åra som kjem med å invitere endå fleire land som har vilje og evne til å ta på seg det ansvaret og dei pliktene medlemskap inneber, når NATO finn at innlemming av desse statane vil tene dei overordna politiske og strategiske interessene til Alliansen og samla sett vil gje auka tryggleik og stabilitet i Europa. Ikkje noko demokratisk land i Europa som oppfyller målsetjingane med Washington-traktaten vil vere utelukka frå å bli vurdert som medlem, og kvart land vil bli vurdert ut frå sine føresetnader utan omsyn til geografisk plassering.
51. Prosessen rundt Handlingsplanen for medlemskap (MAP) understrekar at NATO stadig held døra open ved å hjelpe dei ni søkjarlanda i arbeidet desse gjer for å førebu seg på ein eventuell framtidig medlemskap. Effektiviseringa av denne prosessen, som vi har avtala med søkjarlanda, har gjeve gode resultat. Vi er tilfreds med at søkjarlanda har drege full nytte av tilboda som ligg i MAP.
52. Etter møta som vart haldne i Det nordatlantiske rådet i vår med høgtstående regjeringsmedlemmer frå søkjarlanda for å vurdere framangen, har vi no fullført den andre årssyklusen i MAP. Vi fekk i dag overlevert ein konsolidert framdriftsrapport om resultatane av den andre syklusen, dette som ein del av den løpande vurderinga av utvidingsprosessen, som òg omfattar gjennomføringa av handlingsplanen for medlemskap. Rapporten peikar på framgangen søkjarlanda har gjort i førebuingane til ein eventuell medlemskap - og utfordringar som enno er uløyste - på alle område som

fell inn under MAP, mellom anna politiske og økonomiske spørsmål, forsvars- og militærsaker, ressurs-, trygging- og rettsspørsmål. Vi gler oss over at søkjarlanda i så stor grad har utnytta MAP som ein reiskap til å fremje reformer, og over at dei er komne så langt i desse reformene.

53. Når vi no nærmar oss den tredje syklusen i MAP, oppmuntrar vi alle søkjarland til å halde fram med ein målretta innsats for å førebu seg på eventuell framtidig medlemskap i Alliansen - ved at dei byggjer vidare på framgangen dei har gjort hittil og strevar vidare mot dei utfordrande måla dei har sett seg. Her ber vi alle søkjarland arbeide vidare med å definere og gjennomføre realistiske og økonomisk gjennomførlege mål, mellom anna når det gjeld forsvarsreform. Vi gjev Det faste rådet i oppdrag å vurdere, i samråd med søkjarlanda, om det trengst ytterlegare endringar for å gjere gjennomføringa av MAP meir effektiv.
54. Vi er som før fullt ut forplikta til å styrkje EAPC og PFP for å auke samarbeidet, innsynet og tilliten mellom medlemmene i det euroatlantiske samfunnet. Partnerskap står sentralt i Alliansen si rolle med å fremje tryggleik og stabilitet i den euroatlantiske regionen og medverkar til å gje Alliansen betre evne til krisehandtering. Den felles innsatsen som Alliansen og partnerane er forplikta til når det gjeld å ta hand om felles euroatlantiske tryggingssoppgåver, er blitt tydeleg illustrert på Balkan, der mange partnerland yter verdifulle bidrag til både SFOR og KFOR, og støttar innsatsen til Alliansen og det internasjonale samfunnet i vidare forstand for å få i stand varig fred på Balkan. Med dette for auget ser vi fram til å ta imot utanriksminister Svilanovic frå Den føderale republikken Jugoslavia som gjest for å tale til møtet mellom forsvarsminitrane i EAPC i morgon.
55. Vi er tilfreds over dei mange EAPC/PFP-aktivitetane som skal fremje praktisk regionalt samarbeid i Sørøst-Europa og i Kaukasus og Sentral-Asia. Vi verdset at Kroatia forpliktar seg til aktiv deltaking i EAPC og PFP og har sagt seg interessert i framtidig NATO-medlemskap, og gler oss over at landet aktar å gå inn i ein intensivt dialog om medlemskapsprosjekt med Alliansen. Vi gler oss over at Tadsjikistan har til formål å gå inn i PFP, og ser fram til at landet snarleg vil underteikne rammedokumentet for PFP. Vi set pris på den rolla dei regionale ad-hoc-arbeidsgruppene for Sørøst-Europa og Kaukasus spelar for å fremje og støtte regionalt samarbeid, og ser gjerne at denne mekanismen vert brukt for å fremje og støtte regionalt samarbeid i andre område i den euroatlantiske regionen. Vi gler oss over den vedvarande innsatsen innanfor EAPC/PFP til støtte for ein breiare innsats som er sett i gang for å finne mottiltak mot spreininga av handvåpen og lette våpen og til støtte for global humanitær mineryddingsinnsats og til fremje av den humanitære folkeretten, mellom andre prioriterte EAPC-oppgåver. Vi gler oss over det første prosjektet som er lansert gjennom PFP-fondet for øydelegging av antipersonellminer, der det samla arsenalet på 1,7 millionar slike miner i Albania skal øydeleggjast. Vi gler oss over at det på denne måten framleis vert lagt vekt på resultatorienterte, praktiske aktivitetar. Vi understrakar som viktig å sikre at arbeidet til EAPC tek omsyn til og fullfører innsatsen som er gjort i andre euroatlantiske tryggingsspolitiske forum, til dømes OSSE. I denne samanhengen merkjer vi oss igangsette initiativ med sikte på å oppfylle denne målsetjinga.
56. Vi merkte oss i dag rapportar om ein betra og meir operativ partnerskap og om gjennomføringa av konseptet for betra operative evner. Prosessen med å styrkje Partnerskap for fred og gjere det til ein meir operativ organ-

isasjon, vil ytterlegare styrkje vår felles evne til å styre kriser effektivt. Vi ser fram til å ta føre oss den vidare framgangen i desse initiativa på vårt neste møte. Vi gler oss over vedvarande framgang med å yte effektiv og målretta støtte til innsatsen partnarane gjer for å omorganisere og omstrukturere forsvarssystema og dei væpna styrkane sine. Vi er som før fullt ut forplikta til fullstendig gjennomføring av dei politisk-militære rammene for NATO-leidde PFP-operasjonar. Innanfor desse rammene legg vi vekt på å utvide partnarane si rolla i politisk rettleiing og ordningar for tilsyn, planlegging og kommando av NATO-leidde krisereaksjonsoperasjonar. Vi fekk i dag overlevert ein rapport om framdrifta i gjennomføringa av dei politisk-militære rammene. Statusen for gjennomføringa representerer eit stort steg framover frå det som var tilfellet for 12 månader sidan. Likevel er det nødvendig å vidareutvikle og øve rutinane for at både NATO og partnarane skal kunne dra full nytte av rammeverket. Full gjennomføring av rammene er ein prosess som med tida vil vere eit bidrag til å gjere NATO-leidde operasjonar saman med partnarar meir effektive. Den neste fullstendige vurderinga av framdrifta bør vere ferdig innan utgangen av dette året, med rapport til ministermøta våren 2002.

57. Fire år etter at Grunnakta NATO-Russland vart underteikna i Paris, forpliktar Alliansen seg framleis til å byggje ein sterk, stabil og varig partnar-skap med Den russiske føderasjonen på grunnlag av prinsippa om innsyn, gjensidige ordningar og tillit begge vegar. Vi gler oss over oppnådd framgang i samrådingane og samarbeidet innanfor det faste fellestrådet (PJC).
58. Vi legg stor vekt på vidare og forbetra dialog i spørsmål som gjeld situasjonen på Balkan. Vi er tilfreds over at det praktiske samarbeidet med russiske styrkar både i SFOR og KFOR framleis er det beste.
59. Vi set pris på konsultasjonane og samarbeidet som er i gang med Russland innanfor PJC i spørsmål som ikkje-spreiing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike, forsvarsreform, spørsmål i samband med nedrusting og rustingskontroll, også CFE og avtalen om opne luftrom, vit-skaplege og miljøretta spørsmål, sivil beredskap og omskolering av dimittert militært personell. Vi gler oss over aktivt samarbeid om søk og berging til sjøs på grunnlag av samarbeidsprogrammet mellom NATO og Russland om dette spørsmålet som vart avtala forsvarsministrane i PJC i desember 2000. Vi ser fram til vidare konsultasjonar om det russiske forslaget om rakettforsvar og allierte forslag som gjeld tillits- og tryggingsskapa-nde tiltak (CSBM) på det kjernefysiske området. Vi gler oss over auka russisk deltaking i EAPC, og oppmuntrar Russland til å ta meir aktivt del i PFP.
60. Vi ser på opninga av NATO-informasjonskontoret i Moskva som eit viktig steg mot auka publikumsforståing for NATO og partnar-skapen med Russland. Vi ser fram til å utvikle NATOs informasjonsverksemd i Russland. Vi legg stor vekt på vidare utvikling av samarbeidet på militært nivå, og går såleis vidare i konsultasjonane med Russland om å etablere eit militært NATO-sambandskontor i Moskva, slik Grunnakta legg opp til.
61. Vi er djupt uroa over at konflikten i Tsjetsjenia held fram. Vi godtek Russlands rett til å ta vare på sin territoriale integritet og å verne alle innbyggjarar mot terrorisme og kriminalitet, som vi fordømmer i alle sine former. Vi ber alle partar straks setje i verk tiltak for å stanse kamphandlingane og å prioritere innsatsen for å finne ei politisk løysing. Vi er djupt uroa over dei stadige rapportane om brot på menneskerettane i Tsjetsjenia, og ber den russiske regjeringa innstendig om å undersøkje desse rapportane sys-

tematisk og å stille alle gjerningsmenn for retten. Vi ber Russland respektere inngådde internasjonale avtalar om vern av menneskerettane. Vi gler oss over at den russiske regjeringa har sagt seg reie til å leggje til rette for at bistandsgruppa frå OSSE kan vende tilbake til Tsjetsjenia, og ber Russland oppfylle sine tilsegner om å lette arbeidet til gruppa etter det føreliggjande mandatet. Vi ber òg om at Russland legg til rette for at humanitær bistand kan nå fram og lindre lidningane til fordrivne personar. Vi ber den tsjetsjenske sida om å samarbeide i god tru om å søkje ei politisk løysing på konflikten, om å fordømme terrorismen og å setje i verk tiltak mot denne.

62. Vi er stadig forplikta til den særskilde partnerskapen med Ukraina, der vi støttar eit uavhengig, demokratisk, stabilt og marknadsorientert Ukraina. Vi oppmodar Ukraina om å setje i verk konkrete tiltak for å føre reformprosessen framover, og i samband med dette å sikre full respekt for demokratiske verdiar og fridommar, menneskerettar og rettsstatspraksis, i tråd med dei internasjonale plikter Ukraina har teke på seg. Vi set pris på det gode tilhøvet Ukraina har til nabolanda, mellom desse Russland og medlemmer av Alliansen, som medverkar til stabilitet i Sentral- og Aust-Europa, og vi gler oss elles over den breiare innsatsen Ukraina gjer for å sikre stabiliteten Europa sett under eitt.
63. Som før nemnt set vi pris på bidraget Ukraina yter til KFOR, som vi ser som eit uttrykk for ein forpliktande vilje frå ukrainsk side til å gjere sitt i den felles innsatsen for å skape fred og stabilitet på Balkan. Vi er tilfreds over å sjå framgangen som er gjort i gjennomføringa av NATO-Ukraina-charteret om ein eigen partnerskap, som vart underteikna for fire år sidan i Madrid. Vi er nøgde med den vellukka gjennomføringa av dei militære og ikkje-militære samarbeids- og konsultasjonsaktivitetane som hittil er avvikla i tråd med den felles arbeidsplanen for NATO og Ukraina for 2001. Vi merkjer oss det betra samarbeidet når det gjeld omskolering av pensjonerte offiserar, sivil beredskapsplanlegging innanfor programmet Vitenskap for fred, og oppmuntrar Ukraina til å halde fram med det heilt avgjerande arbeidet med å få i stand forsvarsreform, mellom anna ved å gjere seg full nytte av den felles NATO-Ukraina-arbeidsgruppa for forsvarsreform. Det ukrainske vedtaket om å delta fullt ut i planleggings- og gjennomgangsprosessen (PARP) for å støtte opp om landets eigen forsvarsreformplan er ei positiv utvikling.
64. Vi står fast på å bygge vidare på desse oppnådde resultatane. I denne samanhengen gler vi oss over Ukrainas statlege program for samarbeid med NATO for 2001-2004, som understrekar Ukrainas forpliktande engasjement for eit sterkt tilhøve mellom NATO og Ukraina. Vi legg framleis spesiell vekt på rolla til NATOs informasjons- og dokumentasjonscenter i Kiev, som vart oppretta for å gjere publikum landet over betre kjent med den spesielle partnerskapen mellom NATO og Ukraina, og på NATO-sambandskontoret, som lettar den ukrainske deltakinga i PFP og innsatsen landet gjer for å gjennomføre forsvarsreformer.
65. Vi meiner som før at tryggleiken i heile Europa er nært knytt til tryggleiken og stabiliteten i Middelhavsområdet. Vi legg stor vekt på Middelhavsdialogen, som er ein del av Alliansens generelle samarbeidstilnærming i tryggingsspørsmål og forsterkar og utfyller annan internasjonal innsats.
66. Vi gler oss over at den første runden med besøk av høgtstående NATO-representantar til deltakarland i Middelhavsdialogen vart fullført med hell

i mars 2001. Besøka hadde til formål å utveksle synspunkt på Middelhavsdialogen med NATO og å få ei betre forståing av måla og prioriteringane til kvart av dialoglanda. Vi oppmuntrar landa i Middelhavsdialogen til å interessere seg for politiske konsultasjonar og praktisk samarbeid med Alliansen. I samband med dette ser vi fram til å opprette eigna ordningar med alle middelhavspartnarar om sikring av informasjon.

67. Vi stadfestar at det er meininga å utvide dialogen gradvis, og vil halde fram med å vurdere korleis vi kan styrkje den politiske og praktiske dimensjonen i samarbeidsrelasjonane med alle middelhavspartnarane i samsvar med vedtaka frå Washington-toppmøtet, på område der NATO kan tilføre meirverdi og der partnarane har sagt seg interesserte. Vi fekk i dag overlevert framdriftsrapporten om Middelhavsdialogen, og er tilfreds med den aukande samhandlinga mellom Alliansen og partnarane ved Middelhavet.
68. Vi gler oss over den vesentlege rolla OSSE spelar i det euroatlantiske området, spesielt i Sørøst-Europa. Vi ser òg med glede på framgangen i gjennomføringa av lovnadene som vart gjevne og initiativa som vart framlagde på toppmøtet i Istanbul i 1999 om å styrkje den operative evna til OSSE, for såleis å gjere organisasjonen betre skikka til krisehandtering. Vi minner om NATOs støtte til plattformen for kooperativ tryggleik, der OSSE sa seg innstilte på å arbeide saman med andre institusjonar. Vi gler oss over den store framgangen som er gjort i gjennomføringa av plattformen, særleg dei auka kontaktane og det utvida samarbeidet mellom NATO og OSSE i saker av felles interesse. I så måte set vi pris på det nære og fruktbare samarbeidet mellom NATO og OSSE om å fremje stabiliteten i Sør-Serbia og Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia.
69. Idet vi møttest i Budapest, gjennomfører partane i CFE-avtalen den andre tilsynskonferansen for avtalen i Wien. Dette er eit viktig høve til å stadfeste den avgjerande rolla til CFE-avtalen som hjørnestein i tryggleiken og stabiliteten i Europa. Konferansen skal ta føre seg verknaden av avtalen og elementa som er nemnde i sluttakta frå konferansen av partane i avtalen om konvensjonelle væpna styrkar i Europa av 19. november 1999. Vi håpar det vil kunne noterast viktige framsteg i spørsmål som er relevante for at den tilpassa avtalen skal kunne gjerast gjeldande. Tillit til at alle CFE-plikter og tilknytte krav vert oppfylte fullt ut og i rett tid, er avgjerande for at avtalen framleis skal kunne eksistere.
70. Vi konstaterer tilfreds at Den russiske føderasjonen har oppfylt sine lovnader for området aust for Uralfjella når det gjeld å øydeleggje avtala mengder av utstyrseiningar, samstundes som dei held fram med å øydeleggje stridsvogner i samsvar med krava. Vi er særleg uroa over at Russland enno ikkje oppfyller krava til utstyrmengder etter artikkel V («flankegrensene»). Vi merkjer oss at Russland har notifisert tilbaketrekkingar frå Nord-Kaukasus. Men Russland har ikkje gjeve «størst mogeleg innsyn» i form av detaljerte opplysningar om utstyr som er trekt tilbake og som blir verande i regionen og ekstra høve til inspeksjonar for å overvake tilbaketrekkinga av utstyr. Dette er svært utilfredsstillande. Vi legg som før svært stor vekt på at tilsegna frå regjeringa i Den russiske føderasjonen frå november 1999 om at russiske utstyrsnivå i Nord-Kaukasus ville bli reduserte til avtalenivåa for materiell og utstyr så snart som mogeleg, blir etterlevd under opnast mogelege tilhøve og på ein måte som er i tråd med avtala reglar og rutinar for teljing. Desse vilkåra er per i dag ikkje oppfylte i tilstrekkeleg grad til at andre partar på ein påliteleg måte kan verifisere kor store mengder av russisk avtaleavgrensa utstyr (TLE) som er trekte

- tilbake frå regionen og kor mykje som er att.
71. Vi gler oss over at Den russiske føderasjonen har fullført første fasen i tilsegna landet gav i Istanbul om å redusere og trekkje tilbake styrkar frå Georgia. Ein viktig frist nærmar seg med 1. juli 2001, då dei russiske militærbasane Gudauta og Vaziani etter det som vart avtala under Istanbul-toppmøtet skal vere oppløyste og styrkane trekte tilbake. Vi ønskjer ei snarleg fullføring av forhandlingane om kva for tidsfristar og andre reglar som skal gjelde for dei resterande russiske militærbasane, i tråd med vertsstatsrettane etter artikkel VI paragraf 5 i noverande CFE-avtale. Vi strekar under behovet for vesentleg og snarleg framgang når det gjeld tilsegna Russland gav i Istanbul om å trekkje tilbake landets styrkar og utstyr frå Moldova. Ved utgangen av dette året nærmar det seg fristen for å fullføre første fasen i denne tilsegna, nemleg tilbaketrekking og/eller øydelegging av russisk TLE, som enno ikkje er igangsett.
 72. Full gjennomføring og verifisering av CFE-avtalen er avgjerande for å sikre tryggleiken og stabiliteten i det euroatlantiske området. Ei snarleg iverksetjing av den tilpassa CFE-avtalen vil sikre framtida for CFE-avtalen i denne rolla, og vil gje høve for andre statar til å tiltre. Vi forpliktar oss til å arbeide for dette. Men vi har konsekvent sagt at for vår del kan ratifikasjon av den tilpassa CFE-avtalen berre komme på tale dersom alle avtaleparatar oppfyller dei materiell- og utstyrsnivåa som er fastsette i avtalen, i tråd med tilsegnene som går fram av CFE-sluttakta.
 73. Vi gler oss over dei positive stega Russland og Kviterussland har teke i retning av ratifikasjon av avtalen om opne luftrom. Denne avtalen er eitt av dei mest vidtrekkande internasjonale rustingskontrolltiltaka som hittil er gjorde for å fremje innsyn og opne forhold rundt militære styrkar og aktivitetar. Vi er tilfreds med at avtalen nærmar seg iverksetjing, og oppmuntrar både Russland og Kviterussland til å fullføre ratifikasjonsprosessen.
 74. Førebuingane til den første internasjonale FN-konferansen om alle sider ved ulovleg handel med handvåpen og lette våpen, som skal haldast i juli 2001, står i fokus for all internasjonal innsats dette året for å få bukt med den ukontrollerte spreinga og den destabiliserande opphopinga av handvåpen og lette våpen. Dei allierte er samde om at konferansen må ta sikte på eit handlingsprogram som kan leggje tilhøva best mogeleg til rette for bilateral og internasjonal bistand til dei delane av verda som er mest ramma av dette. Innstillinga til Alliansen er at desse problema må takast opp som ein del av ein langsiktig prosess med særleg fokus på arsenalforvaltning og støtte til øydelegging av overskotsvåpen og tilhøyrande materiell. PFP-fondet for øydelegging av antipersonellminer er utvida til å dekkje øydelegging av overskotsmateriell og handvåpen og lette våpen. Dette vil ytterlegare leggje tilhøva til rette for aktivitetsprogrammet som går fram av kapitlet om handvåpen og lette våpen i arbeidsprogrammet for Partnerskap for fred.
 75. Vi gler oss over dei regionale initiativa Den europeiske unionen og OSSE har teke i dette spørsmålet, særleg OSSE-dokumentet om handvåpen og lette våpen, som er ein milipel i dette arbeidet idet det set fokus på utviklinga av normer, prinsipp og tiltak som dekkjer alle sider ved spørsmålet. Vi går inn for at alle medlemsstatane i Det euroatlantiske partnerskapsrådet støttar gjennomføringa av tiltaka i OSSE-dokumentet.
 76. Spreiing av kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen (ABC-våpen) og leveringsmiddel for slike våpen er ei sak som framleis uroar Alliansen sterkt, sidan dette utgjør risikoar for tryggleiken på internasjonalt og

regionalt plan og kan vere ein direkte trussel mot dei allierte og deira folk, territorium og styrkar. Det fremste ikkje-spreiingsmålet for Alliansen og medlemslanda er uendra: å hindre at spreieing skjer, og å bruke diplomatiske middel for å reversere spreieing som likevel måtte ha førekomme. I denne samanhengen legg vi framleis stor vekt på kontrollordningar for ikkje-spreieing og eksport, internasjonal rustingskontroll og nedrusting som middel til å hindre spreieing. I samsvar med dette vil Alliansen ytterlegare auke innsatsen for å redusere farane som oppstår ved spreieing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen.

77. Avtalen om ikkje-spreieing av kjernefysiske våpen (NPT) er hjørnesteinen i ikkje-spreieingssystemet for kjernefysiske våpen og det avgjerande grunnlaget for å komme vidare i den kjernefysiske nedrustinga. Vi stadfestar vår fulle støtte til NPT, og er samde om at det er viktig at alle land etterlever og oppfyller avtalen, og om at alle avtalestatane er forplikta til nedrusting, styrking av sikringstiltaka til IAEA og fredeleg kjernefysisk samarbeid under tilhøve med effektive spreieingshindrande tiltak. Dei allierte har redusert talet på kjernefysiske våpen og leveringssystem dramatisk, og seier seg framleis forplikta til å arbeide for ytterlegare globale reduksjonar i talet på kjernefysiske våpen. På breiare grunnlag stadfestar vi at vi er fast bestemte på å medverke til gjennomføringa av konklusjonane frå tilsynskonferansen for NPT i 2000.
78. Vi forpliktar oss framleis sterkt til Kontrollregimet for missilteknologi (MTCR), Australiagruppa, Zanggergruppa og Gruppa av kjernefysiske leverandørar, som er viktige element i vår innsats for å motverke spreieing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi oppmuntrar alle land til å etterleve og einseitig gjennomføre retningslinene og vedlegget til MTCR, og likeins tilsvarende retningsliner og kontrollister for dei andre regima. Vi uttrykkjer òg glede over og støtte til innsatsen som alt vert gjort for å få i stand eit internasjonalt regelverk mot spreieing av ballistiske rakettar, som vi håpar vil bli ein mekanisme som alle land sluttar opp om for å hindre rakettspreieing.
79. Vi stadfestar at Alliansens forsvarsprofil må ha evne til med eigna og effektive middel å motverke truslane som spreieing av masseødeleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen kan stå for. Våre reaksjonar må vere i pakt med den udelelege alliansetryggleiken. Vi vil halde fram med å arbeide saman for å tilpasse Alliansens heilskapsstrategi i takt med desse utfordringane gjennom ein høveleg kombinasjon av politiske og forsvarsmessige tiltak. I denne samanhengen er multilaterale ikkje-spreieings- og eksportkontrollregime viktige, på lik linje med internasjonal rustingskontroll og nedrusting. Vi gler oss over konsultasjonane som president Bush har teke initiativ til om USAs strategiske gjennomgang, mellom anna av rakettforsvaret, saman med allierte og andre interesserte partar, og vil halde fram med konkrete konsultasjonar innanfor Alliansen i desse spørsmåla. Konsultasjonane med dei allierte vil omfatte ei eigna trusselvurdering og ta opp heile spekteret av strategiske spørsmål som vedkjem vår felles tryggleik og midla som kan brukast for å løyse dei, både avskrekking og angreps- og forsvarsmiddel, og auka effektivitet innan rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreieing, og likeins diplomatiske og spreieingsmotverkande tiltak. Vi aktar å gå iherdig inn for desse konsultasjonane, og gler oss over at USA har forsikra at synsmåtane til dei allierte vil bli tekne omsyn til når landet skal vurdere sine eigne planar vidare. Vi gler oss òg over det vedvarande arbeidet i NATO om punkt- og områdeforsvar

- mot krigsteatermissil, særleg med forstudien til eit mogeleg system for forsvar av utplasserte NATO-styrkar. Vi vil også heretter rådføre oss med Alliansen i spørsmål som gjeld krigsteatermissilforsvar (TMD).
80. Vi ser at mykje er oppnådd med START-prosessen hittil, og støttar sterkt opp om den pågåande prosessen med å få i stand ytterlegare reduksjonar i talet på strategiske kjernevåpen som USA og Russland har utplasserte. Aktuelle allianseland vil arbeide vidare for endå lågare nivå av kjernefysiske styrkar, men samstundes oppretthalde det minstemålet som er tilstrekkeleg til å bevare fred og stabilitet. På bakgrunn av behovet for å redusere uvissa rundt substrategiske kjernevåpen i Russland, meiner vi at ei ny stadfesting av presidentinitiativa frå 1991/92 kan vere eit første, men ikkje tilstrekkeleg steg i rett lei. Alliansen gler seg over tilsegna frå USA om å oppnå ei truverdig avskrekkingsevne med eit lågast mogeleg tal på kjernefysiske våpen ut frå tryggingssbehova til USA og Alliansen. Vi er framleis engasjerte i arbeidet med å få i stand omgåande forhandlingar innanfor nedrustingskonferansen om ein avtale om forbod mot omsetnad av spaltbart materiale i samsvar med mandatet til spesialkoordinatoren. Så lenge avtalen om totalforbod mot kjernefysiske prøvesprengingar (CTBT) ikkje er gjort gjeldande, ber vi innstendig om at alle statar held fast på dei eksisterande moratoria mot testing av kjernevåpen.
81. Vi ser det framleis som svært viktig at alle land tiltrer og etterlever, og fullt ut respekterer og gjennomfører, konvensjonen om biologiske og toksiske våpen (BTWC). Sjølv om Den russiske føderasjonen har ansvaret for å øydeleggje sine kjemiske våpen, stadfestar vi vår støtte til Russland når det gjeld øydelegging av kjemiske våpen. Vi gler oss over innsatsen som ad-hoc-gruppa for BTWC har gjort for å einast om tiltak, også mogelege handhevings- og etterlevingstiltak, som kan styrkje konvensjonen. Vi forpliktar oss framleis fullt ut til å streve etter å sikre at BTWC er eit effektivt instrument som kan motverke den aukande trusselen frå biologiske våpen. Vidare appellerer vi til alle statar om å ta konstruktivt del i konferansen for nedrusting og dei ulike aktivitetane i samband med denne.
82. Rapporten frå desember 2000 om alternativ for tillits- og tryggingsskapande tiltak (CSBM), verifisering, ikkje-spreiing og rustingskontroll og nedrusting er eit eksempel på det langvarige engasjementet til Alliansen for å nå måla når det gjeld rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing. Det faste rådet følgjer opp tilrådingane i denne rapporten, spesielt dei som gjeld tillits- og tryggingsskapande tiltak i kjernefysiske spørsmål saman med Russland gjennom PJC.
83. Vi er tilfreds med at NATOs WMD-senter held fram med å medverke til betra samordning av alle aktivitetar i tilknytning til masseøydeleggingsvåpen (WMD) ved NATO-hovudkvarteret, mellom anna når det gjeld å styrkje vårt engasjement for rustingskontroll og ikkje-spreiing. Etter det første året det har vore i arbeid, merkjer vi oss med glede at WMD-senteret har vore med på å støtte arbeidet til NATOs seniorgrupper for spreingsspørsmål. WMD-senteret leverer òg informasjon til partnerland i spreingsspørsmål; verdt å merkje seg er særleg dei pågåande konsultasjonane med Russland om spreing av WMD og leveringsmidla for slike våpen.
84. Vi fordømmer sterkt alle former for terrorisme. Terrorismen er ein trussel mot tryggleiken både internt og internasjonalt, mot det fredelege samkvemmet mellom statar og mot deira territoriale integritet, mot utvikling og drift av demokratiske institusjonar verda over og mot menneskerettar

- og borgarlege fridommar. Vi seier oss på nytt fast bestemte på å slå ned terrorismen, i fullt samsvar med alle våre internasjonale avtalar og nasjonale lovverk. I denne samanhengen set vi pris på og støttar arbeidet i FN med sikte på å slå tilbake denne trusselen.
85. Vi er blitt samde om ei ny ministerrettleiing for sivil beredskapsplanlegging, som inneheld konkrete tilrådingar til land og til dei aktuelle NATO-organa om korleis den vedvarande tilpassingsprosessen skal vidareførast. Vi vil treffe konkrete tiltak, også når det gjeld strukturar og rutinar, for å gjennomføre denne nye politiske rettleiinga og ser fram til å få partnarane våre med i denne prosessen.
86. Vi gler oss over den verdifulle rolla det euroatlantiske samordningssenteret for tiltak ved katastrofar (EADRCC) spelar til støtte for partnarar og allierte. Vi er nøgde med den gode framgangen i initiativet for førebygging og beredskap mot katastrofar (DPPI) innanfor arbeidstabellen for tryggingsspørsmål i Stabilitetspakta, som har fått støtte frå EADRCC. Vi rosar samarbeidet på tvers av institusjonar og nasjonar som DPPI har fostra, og står klar til å bidra ytterlegare med NATO-ekspertise og støtte til dette viktige regionale prosjektet.
87. I tråd med tilpassinga som går føre seg i NATO som svar på endringane på den internasjonale arenaen, og med den utvida agendaen til organisasjonen, har Generalsekretæren lansert eit initiativ («NATO+») som skal gjere organisasjonen meir rasjonell og effektiv. Vi fekk i dag overlevert ein første rapport frå Generalsekretæren om dette initiativet, og støttar sterkt opp om hans innsats for å gjere ein god organisasjon endå betre. Vi legg stor vekt på ei kontinuerleg modernisering av NATO og vil difor følgje framdrifta i dette initiativet gjennom Det faste rådet.
88. Vi gler oss over at det etter pålegget frå ministermøtet i desember 2000 har vore arbeidd med å gjere det sivile NATO-budsjettet meir oversiktleg og effektivt, særleg ved å tilpasse budsjettet til eit produksjons- eller målbasert format som speglar prioriteringane til Alliansen. Vi pålegg Det faste rådet å rapportere til oss i denne saka på vårt neste møte.
89. Vi understrekar at det er viktig å halde oppe framdrifta i prosjektet som skal gje organisasjonen eit moderne og effektivt hovudkvarter for det 21. hundreåret.
90. Vi uttrykkjer vår store takk til regjeringa i Ungarn som har vore vertskap for dette møtet.

1.2 Møte i NATO-Ukraina-kommisjonen på forsvarsministernivå i NATO-hovudkvarteret, 7. juni 2001

NATO-Ukraina-kommisjonen (NUC) møttest i dag på forsvarsministernivå i NATOs hovudkvarter i Brussel. Ministrane gjekk gjennom status for samarbeidet mellom NATO og Ukraina og drøfta kva bidrag den særskilde partnarskapen mellom NATO og Ukraina har ytt til Ukrainas arbeid med å utvikle effektive strukturar for å dekkje landets forsvars- og tryggingssbehov. Kommisjonen merkte seg at det er utnemnt nasjonale koordinatorar i Ukraina som eit hjelpemiddel for å gjere denne prosessen meir effektiv, særleg på området forsvarsreform.

Kommisjonen merkte seg Ukrainas vedvarande bidrag til tryggleiken i Europa. NATO-ministrane gav uttrykk for at dei var tilfredse med at Ukraina held fram med å støtte dei NATO-leidde operasjonane på Balkan, og at ukrain-

ske styrkar deltek i den polsk-ukrainske bataljonen i KFOR. Dei allierte merkte seg det verdifulle bidraget som den ukrainske 14. helikopteravdelinga har ytt til KFOR. I løpet av dei 18 månadene avdelinga var i teneste, fram til mars 2001, gjennomførte den 14. helikopteravdelinga over 6 500 flygetokt.

Kommisjonen sa seg tilfreds med statusrapporten om gjennomføring av aktivitetar i Den felles arbeidsgruppa (JWG) for forsvarsreform. Ministrane merkte seg dei mange ulike aktivitetane, deriblant ei rekkje rundebordskonferansar om tryggleik og forsvar med representantar frå Verkhovna Rada og drøftingar som er i gang med sjøforsvaret og grensevakta om relaterte maritime spørsmål. Kommisjonen merkte seg tilbodet frå Canada om å utnemne ein instruktør til det multinasjonale fakultetet som nyleg er oppretta ved det ukrainske nasjonale forsvarsakademiet. Ministrane merkte seg òg Ukrainas tilbod om å vere vertskap for eit PFP-symposium om «Verda i det 21. hundreåret: samarbeid, partnerskap og dialog», som skal haldast 5.-6. juli i Kiev.

Kommisjonen streka under at planleggings- og evalueringsprosessen i PFP er ein viktig og nyttig reiskap for å hjelpe Ukraina i arbeidet med å reformere forsvaret. Ministrane merkte seg at det er gjennomført ei vurdering av den noverande forsvarsevna til dei ukrainske væpna styrkane og dei aktuelle planane Ukraina har for omorganisering og omstrukturering. NATO-ministrane forsikra på nytt at dei ville støtte forsvarsreforma og arbeidet til Den felles arbeidsgruppa (JWG). Kommisjonen merkte seg at fleire land vurderte korleis dei kunne styrkje arbeidet med forsvarsreforma ved å sende tenestemenn på overordna nivå frå dei allierte til det ukrainske forsvarsdepartementet for å hjelpe Ukraina på område som f.eks. styrkeplanlegging.

Ministrane understreka òg kor viktig det er med auka innsyn og samordning når det gjeld dei omfattande bilaterale programma mellom Ukraina og NATO-landa, og dei påla Den felles arbeidsgruppa å følgje opp resultatane frå møtet i London 27. mars 2001, med det siktemål å maksimere verdien av dei meir enn 600 bilaterale aktivitetane som er planlagde så langt.

Ministrane merkte seg tilbodet frå Nederland om å stille til rådvelde ein ekspert som skal hjelpe den felles arbeidsgruppa i arbeidet med forsvarsreforma.

Ministrane gav uttrykk for at dei er tilfredse med det viktige bidraget NATOs liasonkontor og NATOs informasjons- og dokumentasjonssenter yter til gjennomføringa av aktivitetar i Den felles arbeidsgruppa som har som siktemål å gje støtte til forsvarsreforma og det meir omfattande samarbeidsprogrammet mellom NATO og Ukraina. Ministrane sa seg òg tilfredse med bidraget frå dei to ukrainske offiserane som er stasjonerte ved hovudkvartera for SACLANT og AFSOUTH, og dei var samde om å halde fram med å vurdere tiltak for ei vidare styrking av liasonordningane og samordningane.

Ministrane understreka at arbeidet i Den felles arbeidsgruppa på overordna nivå er av stor verdi, og dei var samde om å vurdere den vidare framdrifta i arbeidet med forsvarsreforma på sitt neste møte hausten 2001.

1.3 Møte i Det nordatlantiske rådet på forsvarsministernivå, Brussel, 7. juni 2001. Sluttkommuniké

1. Det nordatlantiske rådet møttest på forsvarsministernivå i Brussel den 7.

- juni 2001. Vi sluttar oss til fråsegna utanriksministerkollegaene våre gav på møtet i Budapest sist veke.
2. Vi tok hovudsakleg føre oss situasjonen på Balkan og framgangen i gjennomføringa av vedtaka som stats- og regjeringssjefane gjorde på toppmøtet i Washington. Når det gjeld det siste, drøfta vi særskilt gjennomføringa av initiativet for betra forsvarsevne (DCI), arbeidet med den europeiske trygging- og forsvarsidentiteten (ESDI) og samkvemmet mellom NATO og EU, viktige utfordringar når det gjeld spreining av kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen slik det er nedfelt i det strategiske konseptet for Alliansen, og til sist dei utoverretta og samarbeidsbaserte aktivitetane Alliansen driv.
 3. Vi gledde oss særleg over at utsiktene til framgang på dei ulike punkta på ESDI-saklista frå Washington er betra som følgje av dei meir djuptgåande drøftingane om deltakingsspørsmålet, som ein merkte seg på møtet i Budapest. Vi ser fram til ei snarleg fullføring av desse diskusjonane, som skulle gjere det mogeleg å få avtala dei praktiske ordningane for NATO-støtte til EU-leidde operasjonar.
 4. Når det gjaldt rakettforsvar, orienterte den amerikanske forsvarsministeren oss om evalueringa USA har gjort av eksisterande og framveksande truslar som følgjer av spreining av kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen og leveringsmiddel for slike våpen. Vi gler oss over konsultasjonane som president Bush har teke initiativ til, og var samde om at det var viktig at vi som forsvarsministrar held fram med å rådføre oss nært med kvarandre om vurderinga av slike truslar, måtar å møte dei på andre relaterte spørsmål, mellom anna multilaterale regime for ikkje-spreining og eksportkontroll, og likeins internasjonal rustingskontroll og nedrusting.
 5. Vi har gjeve eigne fråsegner om situasjonen på Balkan og om initiativet for betra forsvarsevne.

1.4 Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomitéen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa. Brussel 7. juni 2001. Sluttkommuniké

1. Forsvarsplanleggingskomitéen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i NATO var samla til ministermøte i Brussel den 7. juni 2001.
2. Den kollektive forsvarsplanlegginga er ein del av kjernen i alliansearbeidet. Gjennom denne planlegginga kan Alliansen sikre at han har den militære kapasiteten han treng for å vere førebudd på og å utføre heile sitt spekter av oppgåver, frå kollektivt forsvar til kriseinnsats og fredsstøtteoperasjonar. Denne fellesinnsatsen er òg med på å underbygge det indre politiske samhaldet i Alliansen og det transatlantiske bandet. Gjennom planleggingsprosessen for det kollektive forsvaret arbeider vi òg med å oppnå dei viktigaste kapasitetsforbetringane som det vart semje om med initiativet for betra forsvarsevne, DCI.
3. Ei sentral oppgåve for oss som forsvarsministrar i Alliansen er å sikre at planleggingsarbeidet i NATO er nøyaktig innretta på å nå dei resultata vi treng. Difor oppsummerte vi i dag arbeidet som er i gang for å gjennomføre den ministerrettleinga vi vart samde om sist vi møttest. Vi konsentrerte oss særleg om korleis militærstyresmaktene i NATO omset denne rettleinga i detaljerte nasjonale planleggingsmål, som vil bli lagde fram for oss til godkjenning som NATO-styrkemål på vårmøtet vårt neste år. Desse

styrkemåla må vere med på å auke framdrifta som alt er oppnådd i gjennomføringa av initiativet for betra forsvarsevne. Dette vil krevje at landa vi representerer gjer best mogeleg bruk av tilgjengelege forsvarsressursar, mellom anna gjennom fleirnasjonale, samfinansierte prosjekt, og i mange tilfelle at dei løyver ekstramidlar. Styrkemåla vil også spele ei viktig rolle i gjennomføringa av den nye styrkestrukturen i NATO.

4. På møtet i Den kjernefysiske planleggingsgruppa stadfesta vi at det grunnleggjande politiske formålet og prinsippa som underbyggjer kjernevåpenstyrkane til dei allierte, slik det er nedfelt i det strategiske konseptet for Alliansen frå 1999, framleis er gyldige. Vi understrekar på nytt at kjernevåpenstyrkar med base i Europa, som står til disposisjon for NATO, framleis utgjer eit sentralt politisk og militært bindeledd mellom dei europeiske og nordamerikanske alliansemedlemmene.
5. For ti år sidan, med det strategiske konseptet frå 1991, tok Alliansen fatt på ei rekkje avgjerande strategiske og politiske omleggingar for å tilpasse seg tryggingssituasjonen etter den kalde krigen. Når vi ser tilbake, er vi visse på at den nye strategien der NATO gjer seg mindre avhengig av kjernevåpen, som vart stadfesta i det strategiske konseptet frå 1999, no er fullt ut omsett i NATO-doktrinen, og at den drastisk reduserte kjernefysiske styrkeprofilen fullt ut er i samsvar med hovudprinsippa for Alliansen. Kjernevåpenstyrkar er eit truverdig og effektivt element i alliansestrategien om å hindre krig, og dei skal haldast på det minstenivået som trengst for verne om freden og stabiliteten under tilhøve som oppfyller dei strengaste krav til sikring og tryggleik.
6. I samband med at vi tok føre oss stillinga til dei kjernefysiske styrkane i NATO, sette vi pris på informasjonen frå USAs forsvarsminister om ei rekkje aktuelle tema. Vi sa oss interesserte i konsultasjonar med USA i samband med at landet vurderer å endre avskrekkingkonsept og styrkar for å tilpasse dei til framtidige trygging utfordringar, og merkte oss utsiktene for ytterlegare reduksjonar i strategiske kjernevåpen i samband med dette. Den amerikanske forsvarsministeren orienterte om gjennomgangen av den kjernefysiske avskrekkingsevna og styrkeprofilane som USA er i ferd med å gjennomføre, som òg omfattar rakettforsvar, og set pris på forsikringa om at det også heretter vil bli halde konsultasjonar om substansen i desse spørsmåla innanfor Alliansen.
7. NATO har lenge forplikta seg til rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing, og dette vil framleis vere viktige middel til å nå dei tryggingpolitiske målsetjingane Alliansen arbeider etter. Avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen (NPT) er hjørnesteinen i det kjernefysiske ikkje-spreiingssregimet og det avgjerande grunnlaget for kjernefysiske nedrusting. Vi stadfestar at vi vil arbeide for vidare reduksjonar i talet på kjernefysiske våpen, og at vi står fast på å medverke til gjennomføringa av konklusjonane frå tilsynskonferansen for NPT i 2000. Vi erkjenner resultatane som hittil er oppnådde i START-prosessen, og støttar sterkt opp om den pågåande prosessen for å komme fram til ytterlegare reduksjonar i talet på strategiske kjernevåpen som USA og Russland har utplasserte. Så lenge prøvestansavtalen (CTBT) ikkje er sett i kraft, oppmodar vi alle statar til å etterleve dei eksisterande moratoria på kjernevåpentesting.
8. På grunnlag av kjernevåpeninitiativet frå president Bush i 1991 gjorde NATO vedtaket om å redusere talet på kjernevåpen som stod til disposisjon for dei substrategiske styrkane i Europa med over 85 prosent. Desse reduksjonane var fullførte i 1993. Sidan det er behov for å rydde av vegen

ein del uvisse om dei ikkje-strategiske kjernevåpna i Russland, meiner vi at ei ny stadfesting av presidentinitiativa frå 1991/1992 kan vere eit første, men ikkje tilstrekkeleg steg i rett lei. Vi oppmodar difor på nytt Russland om å fullføre dei nedskjeringane i sitt ikkje-strategiske kjernevåpenarsenal som dei hadde som mål å gjennomføre innan utgangen av år 2000.

9. Vi set pris på meningsutvekslingane med Den russiske føderasjonen om eit breitt spekter av kjernevåpenspørsmål i Fellestrådet NATO-Russland, og ser fram til konsultasjonar om dei tillits- og tryggingsskapande tiltaka på det kjernefysiske området som NATO har gjort framlegg om, der målet er gjensidig auka innsyn mellom Alliansen og Russland i kjernevåpenspørsmål. Vi ser på desse framlegga som eit grunnlag for større forståing, tillit og samarbeid. Vi uttrykte von om at konsultasjonar med Russland om substansen i desse spørsmåla vil tene vårt uttrykte mål om ein ekte og påliteleg partnerskap med Den russiske føderasjonen.

1.5 Fråsegn om situasjonen på Balkan. Framlagd på møtet i Det nordatlantiske rådet på forsvarsministernivå som vart halde i Brussel, 7. juni 2001

1. Det siste tiåret har vore prega av tragediar, misbrukte sjansar og bortkasta ressursar for mange av folka på Balkan. Men i dag har landa i regionen i fleire samanhengar høve til å gripe ei betre framtid med grunnlag i støtte til den territoriale integriteten og suvereniteten til alle statar, demokratiske rettar for alle og avvising av etnisk ekstremisme og kriminell verksemd.
2. Vi stadfestar det sterke NATO-engasjementet for tryggleik, stabilitet, fred, demokrati og respekt for menneskerettane. Alliansen vil streve vidare etter å nå desse måla, først og fremst gjennom dei NATO-leidde fredsbevarende operasjonane i Bosnia-Hercegovina og i Kosovo, men òg gjennom bistand og innsats frå NATO i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁵⁾ og andre stader. Vi strekar under vårt forsett om å oppnå regional forsoning gjennom politisk engasjement, partnerskap, tillitsskapande tiltak, ei varig løysing på problemet med flyktningar og fordrivne personar og fullt samarbeid med den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY).
3. Vi rosar kvinnene og mennene i SFOR og KFOR for deira utrøyttleige innsats for fred og stabilitet. Ofte utfører dei denne innsatsen under vanskelege og farlege tilhøve, og frå tid til anna fører dette til alvorlege skadar og tap av menneskeliv. Vi uttrykkjer vår djupe medkjensle med familiane til dei som er drepne i fredens teneste. Vi er takksame mot NATO-partnarane og andre nasjonar og internasjonale organisasjonar for dei verdifulle bidraga dei yter til vår felles innsats.
4. Når det gjeld Kosovo, seier vi oss på nytt forplikta til full gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1244. KFOR vil framleis vere heilt og fullt engasjert i å skape trygge og sikre tilstandar som gjer at alle kan leve i fred og delta i demokratiske institusjonar, utan omsyn til etnisitet eller religion. Vi uttrykkjer sterk fordømming av etnisk, politisk og kriminelt motivert vald og ekstremisme frå alle hald. Vi stadfestar at KFOR er heilt og fullt forplikta til å støtte opp om tilbakevending av kosovoserbarar og andre minor-

¹⁵⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

itetar, og rosar samordningsinnsatsen til felleskomiteen for tilbakevending. Samarbeidet mellom KFOR og FN-oppgaget i Kosovo (UNMIK) er framleis det beste, og vi gler oss over at den nye spesialrepresentanten for Generalsekretæren viser ein urokkeleg vilje til å vidareføre UNMIK-innsatsen for å setje UNSCR 1244 ut i livet. Vi gratulerer UNMIK med det vellukka arbeidet med å gjennomføre resultatane frå lokalvala i fjor og med å leggje tilhøva til rette for ei fungerande sivil forvaltning, og ser med glede på forordninga UNMIK har lagt fram om dei konstitusjonelle rammene for eit mellombels sjølvstyre, som vil tene som grunnlag for valet som skal haldast den 17. november. Vi stadfestar at KFOR er forplikta til å støtte avviklinga av valet, særleg ved å syte for trygge forhold. Vi oppmodar alle grupper til å vere med på dette valet og delta for fullt i dei nye politiske strukturane i Kosovo. Vi gratulerer FN's koordineringssenter for minerydding (UNMACC) med det vellukka programmet det har gjennomført for å fjerne miner og andre ueksploderte sprenglekamar i Kosovo, eit program som er venta å vere avslutta innan desember 2001, eitt år før planen.

5. Vi rosar den modige innsatsen til UNMIK-politiet, og polititenesta for Kosovo for måten dei har opptredd på for å opprette offentleg ro og orden i Kosovo. KFOR er fullt ut forplikta til å støtte UNMIK-politiet, som no er fulltalig og har teke på seg hovudansvaret for lov og orden. Vi gler oss over opprettinga av felles operasjonssenter, som vil vere verdifulle forum for samordning av innsatsen til KFOR og UNMIK-politiet. Vi rosar òg den viktige innsatsen til den multietniske polititenesta for Kosovo, som snart vil ha sine tenestemenn ute på sjølvstendig patruljering. Likevel førekjem vald og truslar på kriminelt, politisk og interetnisk grunnlag langt oftare enn det som kan godtakast. Organisert kriminalitet er framleis ei stor utfordring mot dei måla det internasjonale samfunnet har sett og mot velferda til innbyggjarane i Kosovo, eit problem som vert forverra av at retts- og straffesystemet framleis er mangelfullt. Vi gler oss over tiltaka spesialrepresentanten for generalsekretæren i FN har sett i verk for å styrkje lov og orden.
6. Vi merkjer oss den vedvarande framgangen i å utvikle Den sivile beredskapsstyrken i Kosovo (KPC) til ein effektiv sivil organisasjon med UNMIK som øvste ansvarlege instans og under dagleg oppsyn av KFOR. Vi ser det framleis som svært viktig at tenesteinstruksen for KPC vert handheva, og merkjer oss at KPC stort sett opptre i samsvar med denne. Likevel er vi sterkt uroa over tilfelle av overtramp, deltaking i ulovleg aktivitet og støtte til ekstremistverksemd frå enkeltmedlemmer i KPC i Kosovo og andre stader i regionen. Vi motarbeider desse aktivitetane, og ber om at KPC-leiinga held fram med å gjere det som må til for å sikre at dei tek slutt og offentleg fordømmer all ekstremistverksemd.
7. Vi tok føre oss styrkenivå og struktur for KFOR sett under eitt, og kom til at det ikkje skal endrast på dette. Vi gav våre faste representantar i oppdrag å gå grundigare gjennom rollene og oppdraga til KFOR innan møtet vi skal ha i desember.
8. Vi er fast innstilte på full gjennomføring av den generelle rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina og på å oppnå måla som Fredsgjennomføringsrådet (PIC) har sett opp. Gjennom SFOR vil vi halde fram med å støtte innsatsen til Den høge representanten (OHR) for å motverke dei utfordringane separatistverksemd og nasjonalistisk vald står for. Vi fordømmer forsøka frå den kroatisk nasjonalkongressen (HNS) på å

- danne ein ulovleg, sjølvstyrt «tredje entitet». Vi ber nabolanda til Bosnia-Hercegovina om å gje si fulle støtte til alle sider ved den sivile og militære gjennomføringsprosessen.
9. SFOR vil halde fram med å syte for trygge og sikre tilstandar som gjer at den sivile gjennomføringa kan gå sin gang. Vi er djupt uroa over hendingane som kroatisk ekstremistar nyleg stod bak i Mostar, og likeins over ugjerningane til serbiske ekstremistar i Trebinje og Banja Luka. Slike episodar fordømmer vi sterkt, og oppmodar alle ansvarlege styresmakter og politiske leiarar i Bosnia-Hercegovina og i heile regionen til å auke innsatsen for å nå måla som er oppsette av Fredsgjennomføringsrådet (PIC). SFOR er framleis fullt forplikta til å støtte offentleg ro og orden og tilbakeending av flyktingar, og tolererer ikkje valdsbruk frå noko hald. Vi var samde om behovet for å auke tempoet i oppbygginga av sivile institusjonar og lokalt politi slik at desse kan bli i stand til å ta meir ansvar for tryggleik og lov og orden på lokalt plan.
 10. Vi gler oss over at det i det siste er gjort framsteg når det gjeld å styrkje statsinstitusjonane i Bosnia-Hercegovina, særleg Ministerrådet. Vi oppmodar ministerrådet til å setje inn alle mogelege tiltak, i samarbeid med Parlamentet og Presidentskapen, slik at denne innsatsen kan halde fram. Vi er særleg oppmuntra over opprettinga og utviklinga av Den statlege grensvakttenesta, som når ho blir fullt operativ skal kunne medverke til å få bukt med smugling og ulovleg menneskehandel og leggje til rette for auka innkrevjing av midlar til statsforvaltninga. Vi rosar Presidentskapen i Bosnia-Hercegovina for tilslutnaden ein felles forsvarspolitik, og ber Presidentskapen auke tempoet i arbeidet med omstrukturering av dei væpna styrkane i dei to statseiningane gjennom den faste komitéen for militære spørsmål (SCMM). Vi rosar SFOR for innsatsen dei gjer saman med SCMM for å utvikle ein felles kommando- og styringsstruktur for væpna styrkar som kan utplasserast og opptre saman under leiing av internasjonale og regionale tryggingssamarbeid med Bosnia-Hercegovina yter eit viktig bidrag til dette. Vi stadfestar at SFOR forpliktar seg til å støtte kontoret til Den høge representanten og dei andre sivile organa som arbeider for å gje grobøtn for sentrale institusjonar. Vi stadfestar òg at vi er fullt ut forplikta til å støtte den internasjonale domstolen for det tidlegare Jugoslavia, særleg arbeidet domstolen gjer for å pågripe personar som er tiltala for krigsbrottsverk. Vi vil framleis arbeide for at krigsforbrytarar skal stillast for retten.
 11. Vi tok føre oss styrkeomfang og struktur for SFOR sett under eitt, og kom til at det i dag ikkje er tilrådeleg å vurdere større omleggingar eller reduksjonar i SFOR, særleg i lys av den aktuelle utviklinga, men at det på visse vilkår, slik dei militære NATO-styresmaktene bestemmer, kan gjennomførast ein moderat reduksjon i det samla styrkeomfanget innanfor den noverande styrkestrukturen. Vi merkte oss det særskilde bidraget dei fleirnasjonale specialeiningane (MSU) yter, og at nasjonane må oppfylle COMSFORs krav. Vi gav våre faste representantar i oppdrag å utarbeide ein mellomlangsigteleg strategi for SFOR, med vurdering av dei oppdrag og roller styrken skal ha, til det neste uformelle møtet vårt i september. I lys av dette gav vi dei i tillegg i oppdrag å føreta ein vidare gjennomgang av SFOR innan vårt neste formelle møte i desember.
 12. Vi gler oss over eit stadig betre samkvem med den demokratiske regjeringa i Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ) og over framgangen til FRJ i samarbeidet om full gjennomføring av den generelle rammeavtalen

for fred i Bosnia-Hercegovina og UNSCR 1244 om Kosovo. Vi gler oss over den meir samarbeidsvillige innstillinga FRJ viser overfor ICTY og dei positive tiltaka som alt er sette i verk, og ventar oss at regjeringa vil gå vidare i retning av fullt samarbeid med domstolen i Haag, mellom anna ved å vedta eit passande lovverk. Alle tiltala personar må stillast til ansvar for sine handlingar, i fullt samsvar med tryggingrådsresolusjon 827 om oppretting av ICTY. I samband med dette gler vi oss over arrestasjonen av tidlegare president Milosevic. Vi oppmodar Beograd og Podgorica om å prøve å finne ei løysing begge sider kan godta i spørsmålet om det framtidige konstitusjonelle tilhøvet dei imellom innanfor ein demokratisk føderal jugoslavisk republikk.

13. Som før støttar vi innsatsen som vert gjort for å komme fram til ei fredeleg løysing på problema i Sør-Serbia. Vi rosar innsatsen under leiing av Generalsekretærens personlege representant for å lette denne prosessen i nært samarbeid med EU. Vi er tilfreds med at FRJ, etter at vi vedtok å tillate ei kontrollert tilbakevending av FRJ-styrkar til bakketryggingssona med tanke på å at sona etter kvart skal avviklast, har etterlevd COMKFORs intensjonsnotat om slik retur av serbiske styrkar, særleg til sektor Bravo. Vi gler oss over at denne tilbakevendinga skjedde utan alvorleg vald og at mange medlemmer av væpna grupper har lagt ned våpna sine frivillig. Vi oppmodar dei etniske albanarane om å halde fram med å gå bort frå valdsbruk. Vi oppmodar alle som bur i området om å støtte ein multietnisk politistyrke og å delta i administrative og politiske strukturar på lokalt plan. Styresmaktene i FRJ må halde fram med å gjennomføre dei tryggingsskapande tiltaka som inngår i planen deira for ei fredeleg løysing på problemet.
14. Vi stadfestar at vi går heilt og fullt inn for tryggleik, stabilitet og territorial integritet for Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁶⁾. Vi minner om den verdifulle innsatsen Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁷⁾ har gjort for Alliansen, særleg sidan 1999, at republikken framleis støttar KFOR og kommunikasjonslinjene til styrken, og om bidraget til Partnerskap for fred. Vi fordømmer sterkt dei valdshandlingane albanske ekstremistgrupper nyleg har gjennomført og som ikkje berre er ein trussel mot stabiliteten i landet, men undergrev innsatsen til alle etniske albanarar som arbeider saman med verdssamfunnet for å føre fred, demokrati og stabilitet til Balkanregionen. Dei væpna ekstremistane må straks leggje ned våpna sine og trekkje seg tilbake. Valdsmetodane deira har inga støtte, og er i direkte strid med innsatsen og måla til det internasjonale samfunnet. Vi gler oss over opprettinga av ei brei koalisjon-sregjering, og ber partane innstendig om å ta snarlege og konkrete skritt vidare i den interetniske dialogen som omfattar alle lovlege parti i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁸⁾ under leiing av president Trajkovski. I samband med dette gler vi oss over fråsegna frå dei politiske leiarane den 29. mai. Vi støttar styresmaktene i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ¹⁹⁾ i innsatsen dei gjer for å isolere dei ekstremistiske elementa på ein måte som fremjar ei fredeleg løysing. Vi ventar oss at styresmaktene vil unngå overdriven valdsbruk og at dei tek

¹⁶⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹⁷⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹⁸⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

¹⁹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

- alle forholdsreglar for å unngå sivile tap.
15. Vi gler oss over dei robuste tiltaka KFOR har sett i verk for å auke tryggleiken på Kosovo-sida av grensa mot Den tidlegare republikken Makedonia ²⁰⁾, og merkjer oss dei intensiverte grenseoperasjonane som no finn stad. Vi takkar dei allierte og partnarane som sytte for det ekstra som skulle til av styrkar og fleksibilitet for å auke patruljeringa og gjere KFOR betre i stand til å avskrekke, oppdage og hindre straumen av menneskap og materiell mellom Kosovo og Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²¹⁾.
 16. Vi gler oss over den betra militære koordineringa mellom KFOR og forsvars- og innanriksministeria i Skopje, over inngåinga av ein styrkestatusavtale mellom NATO og Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²²⁾ og opprettinga av eit NATO-senter for samarbeid og samordning, som vil gjere det lettare å utveksle militær informasjon i rett tid. Vi merkjer oss òg med glede den innsatsen allierte land gjer for å trappe opp den bilaterale hjelpa til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²³⁾. Alliansen vil framleis vere innstilt på å finne praktiske løysingar for å auke bistanden på alle desse områda. Vi er særleg glade for det konstruktive engasjementet mellom NATO og regjeringa i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²⁴⁾ og det nære samarbeidet mellom NATO og EU, som vi har sett eksempel på ved at Generalsekretæren i NATO og Den høge representanten for EU i fellesskap har gjennomført oppdrag i Skopje.
 17. Vi fekk i dag overlevert den konsoliderte framdriftsrapporten om utviklinga i Initiativet for Sørøst-Europa (SEEI) og Alliansens bidrag til å nå måla i Stabilitetspakta, og merkte oss med glede framgangen som er oppnådd i dette initiativet. Utarbeidinga av eit fellesdokument om evaluering av regionale tryggingsspolitiske utfordringar og framtidsutsikter (SEECAP) kan bli eit varig bidrag til utvikling av regionalt samarbeid og fremje reformer i tryggingssektoren. Vi gler oss òg over den vedvarande innsatsen til SEEGROUP for ytterlegare å styrkje det regionale samarbeidet. Arbeidet med å styrkje grensevakhaldet i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²⁵⁾ og Albania har medverka til tryggleik og stabilitet i regionen. Vi gler oss over samarbeidet som NATO og Verdsbanken har tilbydd Kroatia for å omskolere og reintegrere tidlegare militært personell i den sivile økonomien. Vi er oppmuntra over framgangen dei sørøsteuropeiske landa har hatt i å utvikle sin eigen regionale fredsbevaringsstyrke, og merkjer oss at den fleirnasjonale fredsstyrken for Sørøst-Europa sa seg operativ 1. mai.

1.6 Fråsegn om initiativet for betra forsvarsevner frå møtet i Det nordatlantiske rådet på forsvarsministernivå i Brussel, 7. juni 2001

1. På grunnlag av ein rapport frå Styringsgruppa (på høgt nivå) for gjennom-

²⁰⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²¹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²²⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²³⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²⁴⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²⁵⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

føring av DCI tok vi føre oss framgangen som er gjort i gjennomføringa av Initiativet for betra forsvarsevne (DCI) sidan initiativet vart presentert av stats- og regjeringssjefane i NATO i april 1999. Målet med DCI er uendra: å syte for at Alliansen har dei styrkar og evner han treng for å møte trygging utfordringane i det 21. hundreåret over heile spekteret av oppdrag. Særleg aktar vi å auke forsvarsevnene og interoperabiliteten ved å gjere dei allierte styrkane lettare å deployere, meir mobile, meir overlevingsdyktige og betre skikka til langvarige oppdrag, betre i stand til å gripe effektivt inn og med meir effektiv kommando og leiing.

2. Sjølv om det er gjort framgang på visse område, krevst det meir innsats for å få i stand dei nødvendige forbetringane. Til dømes har det lenge vore kritiske manglar i evna til å gripe effektivt inn og i overlevingsevna til alliansestyркane, mellom anna når det gjeld undertrykking av fiendtleg luftforsvar, elektronisk krigføring, identifisering i strid, etterretning, overvaking og mål oppdaging (der bakkeovervakingssystemet til Alliansen kjem inn), luftvåpensystem som kan brukast dag og natt og i all slags ver, luftforsvar i heile si breidd, også mot ballistiske krigsteatermissil og kryssarmissil, kapasitet mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen (ABC-våpen) og leveringsmiddel for desse og oppdaging og vern ved bruk av ABC-våpen. Vi legg stor vekt på å framskande arbeidet på alle desse områda, også for å løyse ressursproblem der dette er nødvendig. Vi slutta oss til ein rapport om særlege omsyn i forsvaret mot biologiske våpen. Når det gjeld undertrykking av fiendtleg luftforsvar og elektronisk krigføring, og det allierte bakkeovervakingssystemet, gav vi pålegg om at eigne høgnivåmøte må haldast for å sondere utsiktene for kooperative løysingar.
3. Vi set særleg pris på innsatsen som er gjort i nasjonalt leidde høgnivåmøte for å sjå på potensialet for framgang i fleirnasjonale prosjekt med store ressursmessige implikasjonar. Desse dekkjer strategisk luft- og sjøtransport, drivstoffylling i lufta, presisjonsstyrte sprenglekamar, taktisk kommunikasjon, identifisering i strid, mottiltak mot miner og kooperative innkjøp til logistikkklager. Vi har tru på at desse tiltaka vil føre til nye måtar å løyse kapasitetsmanglar på. Vi ser òg fram til vidare arbeid innanfor DCI for å oppnå betre harmonisering av forsvarsplanlegginga og for å utnytte potensialet for konseptutvikling og eksperimentering.
4. Vi går framleis sterkt inn for at DCI skal bli vellukka, og støttar sterkt opp om arbeidet i Styringsgruppa (på høgt nivå) for gjennomføring av DCI (HLSG). Å nå måla med initiativet krev vedvarande innsats frå alle allierte. Dette vil òg styrkje den europeisk søyla i Alliansen, sidan måla i DCI og EUs hovudmålsetjing er gjensidig forsterkande. Vi er bestemte på å oppnå ei vesentleg auka gjennomføring av DCI og å sikre at dei nødvendige forbetringane av forsvarsevna skjer. For å oppnå dette vil vi engasjere oss sterkare personleg i gjennomføringa av DCI gjennom betre bruk av eksisterande ressursar, ved å auke dei tilgjengelege ressursane der det trengst og ved å engasjere oss meir direkte i avgjerder om potensielle fleirnasjonale prosjekt.

1.7 Fråsegn frå Det nordatlantiske rådet. Pressemelding (2001) 124 12. september 2001

Den 12. september kom Det nordatlantiske rådet saman igjen, for å drøfte dei sjokkerande åtaka på USA i går.

Rådet var samd om at dersom det vert stadfesta at dette åtaket var retta mot USA utanfrå, skal det sjåast på som ei handling som vert omfatta av *artikkel 5* i Washington-traktaten, som slår fast at eit væpna åtak på ein eller fleire av dei allierte i Europa eller Nord-Amerika skal reknast som eit åtak på dei alle.

Forpliktinga til kollektivt sjølvforsvar, som er nedfelt i Washington-traktaten, vart først inngått under omstende som var svært ulike dei som no eksisterer, men forpliktinga er ikkje mindre gyldig og ikkje mindre viktig i dag, i ei verd som er utsett for svepa til den internasjonale terrorismen. Då stats- og regjeringssjefane i NATO kom saman i Washington i 1999, prisa dei suksessen til alliansen når det gjaldt å sikre fridomen til medlemslanda under den kalde krigen og opne vegen for eit fritt og udelt Europa. Men dei erkjende òg at det eksisterte ei rad ulike trugsmål mot tryggleiken, nokre av dei heilt ulike dei som hadde ført til skipinga av NATO. Meir spesifikt fordømde dei terrorismen som eit alvorleg trugsmål mot freden og stabiliteten, og dei stadfesta på nytt at dei var fast bestemte på å ta opp kampen mot terrorismen, i samsvar med forpliktingane sine overfor kvarandre, dei internasjonale forpliktingane sine og den nasjonale lovgjevinga i medlemslanda.

Artikkel 5 i Washington-traktaten slår fast at dersom det skjer åtak som fell innanfor ramma av artikkelen, skal alle dei allierte hjelpe den parten som åtaket vart retta mot, ved å setje i verk dei tiltaka dei finn nødvendige. USAs NATO-allierte står derfor klare til å gje den hjelpa det måtte vere behov for som følgje av desse barbariske handlingane.

1.8 Ministermøte i Det nordatlantiske rådet i NATO-hovudkvarteret, Brussel, 6. desember 2001. Sluttkommuniké

1. Terroristangrepa i USA 11. september 2001 førte til at artikkel 5 i Atlanterhavspakta vart teken i bruk for første gong i historia til Alliansen. Vi seier oss lei for dei menneskelege tapa som ramma så mange av NATO- og partnerskapslanda. I dag har vi utarbeidd ei eiga fråsegn om NATOs reaksjon på terrorismen og Alliansen sitt bidrag til kampen mot denne plaga. På denne bakgrunnen har vi vurdert NATOs generelle program og gjeve nærare instruksar for korleis det skal setjast ut i livet i tida fram mot møtet som våre stats- og regjeringssjefar skal ha i Praha i november neste år.
2. I dag er vi engasjerte i arbeidet med å skape eit nytt forhold til Russland, for å styrkje vår evne til å samarbeide på område der vi har felles interesser. Vi stadfestar på nytt at ein partnerskap mellom dei allierte og Russland, som byggjer på tillit og samarbeid, og som er basert på felles demokratiske verdiar og eit felles engasjement for eit stabilt, fredeleg og udelt Europa, slik det er nedfelt i Grunnakta NATO-Russland, er avgjerande viktig for stabiliteten og tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi har vedteke å tilføre partnerskapen vår ny framdrift og nytt innhald, med det siktemålet å opprette, saman med Russland, eit nytt NATO-Russland-råd, for å velje ut og arbeide vidare med tiltak som ein kan samarbeide om i 20-format. Til dette formålet har vi gjeve Det nordatlantiske rådet i fast sesjon i oppgåve å utforske og utvikle, i dei kommande månadene og på grunnlag av Grunnakta, nye og effektive mekanismar for samråd, samarbeid, felles vedtak og samordna/felles tiltak. Det er målsetjinga at desse samarbeids-

mekanismane skal vere på plass til vårt neste møte i Reykjavik i mai 2002, eller før. NATOs fundamentale formål er framleis dei som er fastlagde i Washington-traktaten, og NATO vil i kraft av det som er bestemt i traktaten stå fast på sin rett til å fatte uavhengige vedtak og gjennomføre uavhengige tiltak på basis av dei 19 medlemslanda i alle spørsmål i samsvar med dei plikter og ansvarsområde organisasjonen har.

3. Vi er glade for at Russland står saman med oss i kampen mot terrorismen, og vi trur at dette vil vere eit viktig bidrag til å nå vårt felles mål, som er ein sterk, stabil og varig partnerskap mellom NATO og Russland. Vi intensiverer samarbeidet vårt på dette og på andre område, inkludert spørsmål som gjeld ikkje-spreiing, eksportkontroll og rustingskontroll, tiltak som gjeld våpeninnsyn, tillitsskapande tiltak, rakettforsvar, leite- og bergingsoperasjonar til sjøs og militært samarbeid, som representerer eit viktig steg mot eit kvalitativt nytt forhold. Vi stadfestar Russland sin rett til å verne om sin territoriale integritet, og vi erkjenner retten landet har til å verne alle innbyggjarane sine mot terrorisme og kriminalitet. Vi helsar med glede dei innleiande steg som Russland har teke for å etablere ein politisk dialog om konflikten i Tsjetsjenia. Vi ber Russland innstendig om å byggje vidare på desse tiltaka for å finne ei rask, varig og fredeleg politisk løysing på konflikten, og om å respektere og verne om menneskerettane og dei juridiske rettane til innbyggjarane. Vi oppmodar den tsjetsjenske sida til å samarbeide i god tru for å finne ei politisk løysing på konflikten, og til å fordømme terrorismen og gjennomføre tiltak mot denne.
4. På toppmøtet dei skal ha i Praha i november neste år, skal stats- og regjeringssjefane våre innleie neste runde i utvidinga av NATO. Vi oppmodar dei ni kandidatlanda til å halde fram med det målretta arbeidet for å førebu eit mogleg framtidig medlemskap og utnytte fullt ut dei opningane som finst i vår Handlingsplan for medlemskap (MAP). Vi ser fram til å få ein konsolidert rapport om framdrifta i aktivitetar innanfor ramma av MAP i 2001-2002 på vårt møte neste vår. Vi vil vidareføre MAP-prosessen også etter at inneverande periode er over. Medan kandidatlanda held fram med å førebu seg, vil NATO gjennomføre sine eigne interne førebuingar til opptak av nye medlemmer. Vi pålegg Rådet i fast sesjon å rapportere på vårt neste møte om dei spørsmåla som treng å studerast, slik at det kan leggjast fram omfattande tilrådingar for våre stats- og regjeringssjefar når dei skal gjere sine vedtak på toppmøtet i Praha.
5. Vi stadfestar på nytt vårt engasjement for eit fredeleg, stabilt og demokratisk Sørøst-Europa, og vi er framleis fast bestemte på ikkje å godta noka form for vald, enten motivet er etnisk, politisk eller kriminelt. Vi gjentek vår støtte til den territoriale integriteten og suvereniteten til alle landa i Sørøst-Europa. Vi vil, i samarbeid med våre partnerar i SFOR og KFOR og med andre internasjonale institusjonar, halde fram med å fremje regional forsoning og regionalt samarbeid, godt naboskap, stabile og sikre grenser, vern om rettane til medlemmer av alle etniske grupper og minoritetar, tillitsskapande tiltak, ei varig løysing på problemet med flyktningar og internt fordrivne personar og fullt samarbeid med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Alle som er tiltala av ICTY for krigsbrottsverk, må stillast for retten i Haag.
6. Seinare denne månaden vil våre forsvarskollegaer gå gjennom status for NATO-operasjonane på Balkan og vurdere om det kan gjennomførast ei rasjonalisering og ei meir regionalt retta løysing, samtidig som Alliansen erkjenner behovet for eit nært vidare samråd med andre involverte inter-

nasjonale organisasjonar. Arbeidet vårt har som endeleg målsetjing å skape grunnlag for varig fred og demokrati i regionen utan at internasjonale militære styrkar treng vere til stades.

7. I løpet av det siste året har Alliansen spela ei særskild aktiv rolle i arbeidet med å fremje stabilitet og tryggleik i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²⁶⁾, i nært samarbeid med Den europeiske unionen (EU) og Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE). I den samanhengen rosar vi nabostatane, og særleg Albania, for deira konstruktive haldning. Vi helsar med glede den frivillige avvæpninga og oppløysinga av det såkalla NLA, nasjonalforsamlinga sitt vedtak om endringar i landets grunnlov og amnestiet som president Trajkovski har erklært. Vi stadfestar på nytt vår fordømming av bruken av vald for politiske formål. Vi oppmodar innstendig alle involverte partar om å gjennomføre rammeavtalen heilt og fullt og halde fram med å samarbeide med det internasjonale samfunnet. Vi gjentek vår støtte til den territoriale integriteten til Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²⁷⁾. NATO er klar til å vidareføre sitt bidrag til tryggleiken ved å gje støtte til kontrollørane frå EU og OSSE i ein ny tremånadersperiode, som ein del av Alliansen sitt bidrag til fred og stabilitet i landet.
8. Vi forpliktar oss framleis til full gjennomføring av den generelle rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina, og oppmodar alle politiske leiarar i dette landet til å halde fram med å ta avstand frå separatisme og vald, til å støtte demokratiske institusjonar og til å påta seg større ansvar for og engasjement i prosessen med å gjennomføre Dayton-avtalen. Vi sluttar fullt og heilt opp om det arbeidet SFOR og ICTY gjer for å arrestere og stille for retten personar som er tiltala for krigsbrottsverk. I den samanhengen gjentek vi at det er dei to entitetane som har det primære ansvaret for å stille til ansvar personar som er tiltala for krigsbrottsverk, og vi oppmodar dei innstendig om å samarbeide meir effektivt med SFOR for å få dette til.
9. Vi helsar med glede valet som vart halde i heile Kosovo 17. november, der alle grupper deltok med godt frammøte, som eit viktig steg på vegen mot eit fredeleg, multietnisk, fleirkulturelt og demokratisk Kosovo, der alle menneske, utan omsyn til etnisk bakgrunn eller religion, kan leve i fred og tryggleik og nyte godt av universelle menneskerettar og fridommar på like fot, mellom anna gjennom deltaking i demokratiske institusjonar. Vi oppmodar dei nyvalde leiarane til å utøve sine nye funksjonar i nøye samsvar med resolusjon 1244 frå Tryggingrådet i FN og det konstitusjonelle rammeverket for mellombels sjølvstyre, og i nært samarbeid med UNMIK og KFOR. Vi oppmodar dei òg til å innleie eit effektivt samarbeid med styresmaktene i Den føderale republikken Jugoslavia (FRJ).
10. Vi helsar med glede den konstruktive støtta frå Beograd til at det serbiske samfunnet i Kosovo deltok i det nyleg gjennomførte valet i Kosovo. Vi er tilfredse med at det har vore ein kontinuerleg framgang i arbeidet for forsoning mellom partane i Sør-Serbia, og vi vil halde fram med å følgje utviklinga i denne regionen nøye. Vi gler oss over at forholdet vårt til FRJ vert stadig betre, og vi ser fram til at dette forholdet vert utvikla vidare. Vi stadfestar på nytt vår støtte til eit demokratisk Montenegro innanfor eit demokratisk FRJ.

²⁶⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

²⁷⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

11. Når vi no markerer tiårsdagen for NATOs partnerskaps- og samarbeidspolitikk, erkjenner vi at våre partnerland yter eit avgjerande bidrag til Alliansens arbeid for å fremje fred og stabilitet i den euroatlantiske regionen. Vi set særleg stor pris på deira bidrag til våre fredstryggjande operasjonar på Balkan. Vi verdset òg solidariteten og støtta som våre partnerar, og særleg dei i Sentral-Asia og Kaukasus, har vist i den internasjonale kampen mot terrorisme. Vi ønskjer å utvide og styrkje samarbeidet ytterlegare innanfor ramma av Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) og Partnerskap for fred (PFP). Vi oppmodar alle våre partnerar til å arbeide for eit meir aktivt forhold til Alliansen. Vi vil også gjerne utvide og styrkje samarbeidet med våre partnerar rundt Middelhavet, og vi oppmodar dei til å intensivere dialogen med oss om tryggingsspørsmål som vi alle er opptekne av.
12. Vi legg framleis stor vekt på å styrkje og utvikle vidare den særskilde partnerskapen mellom NATO og Ukraina. I den samanhengen oppmodar vi Ukraina til å halde fram med å ta konkrete steg for å føre reformprosessen vidare, og vi står klare til å hjelpe dei i dette arbeidet. Vi ønskjer også å streke under at det er viktig at vi oppfyller dei plikter og oppgåver vi i fellesskap har teke på oss på Balkan.
13. Vi stadfestar på nytt at vi vil arbeide for å utvikle eit nært, ope og konsekvent samkvem mellom NATO og EU. Vår felles innsats på Balkan har ført oss nærare fred og stabilitet i denne regionen og vist at eit nært samarbeid byr på vesentlege fordelar. Hendingane 11. september har understreka kor viktig det er at dei to organisasjonane utvidar samarbeidet om spørsmål av felles interesse som er knytte til tryggleik, forsvar og krisehandtering, slik at kriser kan møtast med ein mest mogleg formålstenleg militær reaksjon og ei effektiv krisehandtering er sikra. Det gjenstår enno viktig arbeid når det gjeld organiseringa av NATOs støtte til EU-leidde operasjonar, i samsvar med vedtaka frå NATOs toppmøte i Washington i 1999 og seinare ministermøte. Vi er framleis fast bestemte på å gjere framsteg på alle dei ulike sidene av forholdet vårt, og vi merkjer oss behovet for å finne løysingar som alle dei allierte kan vere nøgde med i spørsmålet om deltaking frå europeiske allierte som ikkje er medlemmer av EU. Vi merkjer oss EUs engasjement for å ordne dei nærare vilkåra for samråd med Canada og for Canadas deltaking i EU-leidde operasjonar.
14. Hendingane 11. september og seinare viser at tryggleiken vår er trua på mange ulike måtar som til tider er vanskelege å forutsjå. Gjennom initiativet for betra forsvarsevne ønskjer vi å sikre at styrkane til Alliansen har best mogleg evne til å takle desse utfordringane, og at dei er i stand til å samarbeide saumlaust. Ei betring av den europeiske forsvarsevna står sentralt i denne prosessen.
15. Vi stadfestar på nytt at Alliansen må ha evne til å forsvare seg på ein formålstenleg og effektiv måte mot den trusselen som ei spreining av masseøyleggingsvåpen og leveringsmiddel for slike kan utgjere. Vår reaksjon skal vere tufta på ein udeleleg alliansetryggleik. Vi vil halde fram med å samarbeide for å tilpasse den omfattande strategien til Alliansen, slik at vi kan møte desse utfordringane med ei formålstenleg blanding av politisk og militær innsats. I den samanhengen vil Alliansen sin politikk til støtte for rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreining halde fram med å spele ei viktig rolle for å nå målsetjinga for Alliansen sin tryggingsspolitikk. Alliansen strekar under kor viktig det er å overhalde og styrkje eksisterande multilaterale ordningar for ikkje-spreining og eksportkontroll

og internasjonale avtalar om rustingskontroll og nedrusting. Vi vil halde fram med å bidra aktivt til utvikling av avtalar og tiltak på dette området, og arbeide vidare for ytterlegare våpenreduksjonar, meir innsyn og større gjensidig tillit. Vi stadfestar på nytt at vi er fast bestemte på å bidra til å følgje opp konklusjonane frå tilsynskonferansen for ikkje-spreiingsavtalen i 2000, og vi vil arbeide for eit vellukka utfall av den føreståande gjennomgangen. Vi støttar også arbeidet som vert gjort for å få vedteke eit internasjonalt regelverk mot spreiging av ballistiske rakettar før slutten av 2002. Ikkje-spreiing, rustingskontroll og nedrusting spelar saman med avskrekking og forsvar ei viktig rolle for å skape eit betre vern mot desse nye truslane og utfordringane. Den rolla eit rakettforsvar kan spele i denne samanhengen, vert aktivt vurdert etter kvart som vi held fram med våre konsultasjonar med USA om dette spørsmålet. Vi helsar i denne samanhengen med glede det kontinuerlege arbeidet i NATO når det gjeld forsvar mot krigsteatermissil.

16. Dei allierte minner om resultatet av den andre tilsynskonferansen for CFE-avtalen, og helsar med glede Russlands planlagde reduksjonar av overskytande utstyr i Nord-Kaukasus til dei avtala nivåa, som må skje på ein open og verifiserbar måte, og framgangen når det gjeld reduksjon og tilbaketrekking av russisk utstyr frå Moldova. Vi oppmodar Russland og Georgia til å finne ei snarleg løysing på dei spørsmåla som framleis er uløyste mellom dei to landa. For dei allierte kan ratifisering av den tilpassa CFE-avtalen berre komme på tale dersom alle land som er partar i avtalen, fullt ut held seg til dei avtala maksimumsgrensene i samsvar med det dei har forplikta seg til i CFE-sluttakta. Vi ser fram til at avtalen om opne luftrom trer i kraft 1. januar 2002.

1.9 NATOs reaksjon på terrorisme Erklæring frå ministermøtet i Det nordatlantiske rådet NATO-hovudkvarteret, Brussel 6. desember 2001

1. Terroristangrepa 11. september var ei ugjerning mot heile verda. Vi reagerer for å stille dei som stod bak desse brotsverka til ansvar, og for å hindre dei i å ta uskuldige liv i framtida.
2. Terrorisme utgjør ein trussel for liva til våre innbyggjarar og deira menneskerettar og borgarrettar. Det utgjør òg ein trussel mot utviklinga av og funksjonen til demokratiske institusjonar, den territoriale integriteten til statar og den fredelege sameksistensen mellom dei, og mot freden og tryggleiken i verda. Det finst absolutt ingen ting som kan rettferdiggjere terroristhandlingar. Vi tek kategorisk avstand frå og fordømmer resolutt alle former for terrorisme, same kva måte det manifesterer seg på. Vi, dei 19 allierte i NATO, er fast bestemte på å få bukt med denne plaga. Vår tryggleik er avhengig av det.
3. Vi vurderer hendingane 11. september som eit væpna åtak, ikkje berre på ein alliert, men på oss alle, og vi har difor teke i bruk artikkel 5 i Washington-traktaten. Som ei følgje av dette har vi vedteke at vi samla og kvar for oss skal støtte dei igangverande USA-leidde militæroperasjonane mot terroristane som sette i scene ugjerningane 11. september, og dei som gjev dei ly. Overvåkingsfly frå NATO patruljerer amerikansk luftrom for første gong i historia. Flåtestyrkar frå Alliansen er overførte til den austlege delen av Middelhavet for å vise solidaritet og handlekraft frå NATO si side.

Våre fredstryggjande styrkar på Balkan har, med støtte frå land i regionen, gjennomført tiltak for å hindre terroristgrupper i å operere på og frå Balkan. Allianseland har på individuelt grunnlag kome med tilbod om styrkar og andre ressursar til kampen mot terrorismen og til bruk i det humanitære hjelpearbeidet. Vi vil halde fram med å gje støtte til den USA-leidde operasjonen mot desse terroristane til målsetjinga er nådd. Vi vil gje denne støtta i samsvar med våre vedtak og i tråd med det vi har forplikta oss til etter folkeretten og dei relevante punkta i FN-pakta.

4. Vår kamp er ikkje retta mot islam eller mot det uskuldige folket i Afghanistan. Våre land gjev humanitær hjelp til det afghanske folket, som har lidd under det forferdelege regimet til Taliban. Vår kamp, det internasjonale samfunnet sin kamp, er retta mot terroristane, deira nettverk og dei som skjuler dei, slik det er stadfesta i resolusjon 1368 frå Tryggingrådet i FN.
5. Vi stadfestar på nytt at vi er fast bestemte på å kjempe mot terrortrusselen så lenge dette er nødvendig. I tråd med det vi har forplikta oss til i Washington-traktaten, vil vi halde fram med å styrkje vår nasjonale og kollektive evne til å verne våre innbyggjarar, vårt territorium og våre styrkar mot alle væpna åtak, også terroriståtak, som måtte bli retta mot oss frå andre land. Vi erkjende denne utfordringa i det strategiske konseptet som vart vedteke på toppmøtet i Washington, der vi gjorde det klart at eit kvart væpna åtak på territoriet til dei allierte, kvar det enn kjem ifrå, vil komme inn under artikkel 5 i Washington-traktaten, og der vi framheva terrorismen som ein risiko mot tryggingssinteressene til Alliansen. Det er avgjerande for tryggleiken vår at vi taklar denne utfordringa.
6. For å løyse denne livsviktige oppgåva med å verne våre innbyggjarar, vårt territorium og våre styrkar, vil vi studere korleis vi kan tilpasse og styrkje den militære forsvarsevna til Alliansen. Vi vil styrkje våre band til andre statar og til internasjonale organisasjonar, slik at vi kan utveksle informasjon og gjennomføre nødvendige samarbeidstiltak på ein meir effektiv måte. Landa våre samarbeider også tett for å møte trusselen som ein potensiell bruk av masseøydeleggingsvåpen frå terroristane si side utgjør. Nedrusting, rustingskontroll og ikkje-spreiing kan vere eit viktig bidrag til kampen mot terrorismen. Vi vil styrkje vår evne til å gje støtte, når vi vert bedne om det, til nasjonale styresmakter, for å verne sivile mot verknadene av terroriståtak. Vi vil også styrkje samarbeidet med partnarane våre på dette området, og ta omsyn til dei ulike forslaga og initiativa som vert sette fram.
7. Støtta frå medlemslanda i Det euroatlantiske partnarskapsrådet, Fellesrådet NATO-Russland og NATO-Ukraina-kommisjonen, og fordøminga frå desse landa si side av åtaket 11. september, har vore avgjerande for arbeidet med å byggje den internasjonale koalisjonen. Vi rosar landa i Sentral-Asia og Kaukasus for deira modige støtte til kampen. Vi applauderer også det eintydige standpunktet til partnarane våre i Middelhavsdialogen, som utan atterhald har fordømt desse åtaka. Vi stadfestar på nytt vår vilje til å yte hjelp, på individuell eller kollektiv basis, etter behov og i samsvar med vår kapasitet, til allierte og andre statar som er eller kan bli utsette for auka truslar frå terroristar som følgje av deira støtte til kampen mot terrorismen.
8. Etter åtaka 11. september har Russland gjeve dei allierte tilbod om eit reelt og vesentleg samarbeid i kampen mot terrorismen. Dette samarbeidet illustrerer det kvalitativt nye i forholdet mellom NATO og Russland. Vi ser fram til å byggje vidare på dette samarbeidet og utvide samkvemmet mel-

- lom NATO og Russland, for å møte dei nye utfordringane som heile det euroatlantiske samfunnet står overfor.
9. Vi understrekar at militære middel åleine ikkje er tilstrekkeleg for å få effektivt bukt med terrorismen. Reaksjonen må vere mangearta og omfattande. I denne samanhengen støttar vi arbeidet til Dei sameinte nasjonane og den sentrale rolla denne organisasjonen spelar på dette området, og vi forpliktar oss til å gjennomføre fullt ut Tryggingrådsresolusjon 1373. Vi støttar også det arbeidet EU, OSSE, G-8 og internasjonale finansinstitusjonar gjer for å få bukt med terrorismen. Vi trur det vil vere viktig å halde fram med å utvikle samarbeidet mellom internasjonale organisasjonar i denne mangefasetterte kampen, samtidig som vi tek omsyn til dei plikter og det ansvar den einskilde organisasjonen har. NATO og Den europeiske unionen undersøker i den samanhengen korleis ein kan styrkje samarbeidet for å få bukt med terrorismen. Dagens møte mellom utanriksministrane i NATO og EU vil understreke det viktige forholdet mellom dei to organisasjonane.
 10. Vi vil utarbeide ein tiltakspakke frå Alliansens side til toppmøtet i Praha, for å styrkje vår forsvarsevne og vårt felles engasjement med våre partnarar for å møte denne utfordringa.

1.10 Møte i NATO-Ukraina-kommisjonen på utanriksministernivå, Brussel 6. desember 2001. Erklæring

NATO-Ukraina-kommisjonen møttest i dag på utanriksministernivå i NATOs hovudkvarter.

Ministrane drøfta spørsmål knytte til den regionale tryggleiken i det euroatlantiske området og forplikta seg på nytt til å samarbeide med den internasjonale koalisjonen i kampen mot terrorisme. Dei allierte gav uttrykk for at dei sette pris på Ukrainas støtte til dei tiltak som NATO og dei allierte har sett i verk i kampen mot terrorisme, særleg Ukrainas vedtak om å opne luftrommet sitt for overflyging med amerikanske fly. Ministrane drøfta korleis samarbeidet mellom NATO og Ukraina i kampen mot terrorisme kunne utvidast, og dei rosa ekspertdrøftingane 3. oktober om kampen mot kvitvasking av pengar, ulovleg innvandring og spreining av kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen.

Kommisjonen understreka sitt engasjement for ei gradvis styrking av den særskilde partnerskapen mellom NATO og Ukraina. Kommisjonen uttrykte støtte til Ukrainas rolle i arbeidet for å styrkje det regionale samarbeidet, fremje stabilitet og tryggleik i det euroatlantiske området og skape godt naboskap. Kommisjonen helsa med glede den utvida dialogen, samarbeidet og samråda mellom NATO og Russland.

Dei allierte merkte seg minister Zlenkos fråsegn om at samarbeidet mellom NATO og Ukraina på grunnlag av NATO-Ukraina-charteret utgjer eit viktig element i Ukrainas euroatlantiske integreringspolitikk og er ein vesentleg del av Ukrainas nasjonale tryggingssopplegg.

Ministrane understreka kor viktig det er med felles innsats for at resultatet av fredsprosessen i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ²⁸⁾

²⁸⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

skal bli vellukka, i den same ånda som pregar den særskilde partnerskapen mellom NATO og Ukraina. Dei sa seg glade for at nasjonalforsamlingen har ratifisert den generelle rammeavtalen og understreka kor viktig det er at denne blir gjennomført heilt og fullt.

Dei allierte rosa Ukraina for det viktige bidraget landet framleis yter til den NATO-leidde operasjonen i Kosovo gjennom den polsk-ukrainske fredsbevarande bataljonen. Kommisjonen sa seg tilfreds med det lovande utfallet av valet i Kosovo 17. november 2001, og understreka at dei er forplikta til full gjennomføring av tryggingrådsresolusjon 1244.

Kommisjonen noterte seg den markerte framgangen i samarbeidet mellom NATO og Ukraina på grunnlag av charteret om særskild partnerskap sidan det siste møtet vart halde i Budapest. Kommisjonen sa seg glad for dei gjensidige vitjingane av høgt profilerte representantar frå begge sider og for dei mange ulike politiske konsultasjonane og ekspertkonsultasjonane som vart gjennomførte i 2001. Kommisjonen framheva òg den vesentlege auken i aktivitetar der NATO og Ukraina samarbeider, m.a. innanfor planlegging av sivil beredskap, økonomisk tryggleik og på områda vitskap og miljø.

Ministrane framheva resultatane frå møtet på overordna nivå i Den felles arbeidsgruppa for forsvarsreform som vart halde 25. oktober 2001, og uttrykte store forventningar til det ambisiøse aktivitetsprogrammet som Gruppa for 2002 har sett opp, særleg arbeidet med målsetjinga for den nasjonale forsvarsreforma. Ministrane sa seg glade for den felles innsatsen frå NATOs militærkomité og Ukraina i 2001, som har retta fokus for det militære samarbeidet mot å oppfylle mål innanfor områda interoperabilitet og forsvarsreform.

For å framheve dei praktiske fordelane ved samarbeidet mellom NATO og Ukraina var kommisjonen til stades ved underteikninga av ein intensjonsavtale (MOU) mellom Ukraina og NATOs organ for vedlikehald og forsynningar (NAMSA) om realiseringa av eit PFP-fond som skal sikre at 400 000 anti-personellminer vert øydelagde på forsvarleg vis.

Ministrane gav sin tilslutning til Arbeidsplanen for 2002 og la særleg vekt på vidare politiske konsultasjonar, i kombinasjon med ei vidareføring av det praktiske samarbeidet på grunnlag av dei vellukka erfaringane frå 2001. Dei uttrykte vilje til å utvide den gjensidige utvekslinga av informasjon, særleg når det gjeld spørsmål i tilknytning til kampen mot terrorisme og andre tryggingsspørsmål. I 2002 skal NATO-Ukraina-kommisjonen også markere femårsdagen for underteikninga av charteret om særskild partnerskap.

Medlemmane av kommisjonen gav uttrykk for at dei var tilfredse med arbeidet til NATOs informasjons- og dokumentasjonssenter og NATOs sambandskontor i Ukraina, og dei var samde om at dei ville halde fram med å gje dei aktiv støtte i det viktige arbeidet dei gjer.

Dei allierte merkte seg minister Zlenkos fråsegn om at det er viktig at det blir halde eit møte i NATO-Ukraina-kommisjonen på stats- og regjeringssjefnivå i Praha i 2002.

1.11 Det euroatlantiske partnerskapsrådet (EAPC) Handlingsplan 2002-2004

Del I: Kortidsplanlegging

Organisering av EAPC-arbeidet (arbeidsprogram mellom ministermøte, med politiske og tryggingrelaterte konsultasjonar og praktisk samarbeid)

1. Handlingsplanen for EAPC dekkjer ein toårsperiode. Handlingsplanen for perioden 2000 til 2002 er gjennomgått i haust med tanke på å utvikle handlingsplanen for EAPC for neste toårsperiode, og vil bli oppdatert hausten 2002. Etter framlegging for ambassadørane vil handlingsplanen bli godkjend av ministrane når dei trer saman i desember.
2. Som oppfølging av dei regulære møta mellom utanriks- og forsvarsministrane i EAPC vil EAPC-ambassadørane setje opp eit arbeidsprogram for konsultasjonar i politiske og tryggingrelaterte spørsmål og for praktiske samarbeidsaktivitetar etter handlingsplanen for EAPC som førebuing til neste ministermøte. Diskusjonsemna i dette tidsrommet vil vere dikterte av den politiske og tryggingmessige utviklinga, og det vil bli teke omsyn til dei ministermøta som nettopp er avslutta. Programmet kan justerast etter behov. Andre møte, til dømes i formatet «Alliansen + n», vil bli fastsette frå sak til sak. Formannen for EAPC vil halde EAPC-rådet orientert om relevante utviklingstrekk innanfor Alliansen.
3. I følge Grunnlagsdokumentet for EAPC kan dei konkrete emneområda som allierte og partnarar kan rådføre seg med kvarandre om innanfor EAPC, mellom anna *«omfatte, men ikkje vere avgrensa til: politiske og tryggingrelaterte saker, krisehandtering, regionale spørsmål, rustingskontroll, spreiding av og forsvar mot kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen, internasjonal terrorisme; forsvarsplanlegging og -budsjett og forsvarspolitik og -strategi, tryggingpolitiske konsekvensar av den økonomiske utviklinga. Det vil òg vere rom for konsultasjonar og samarbeid i saker som: sivil naud- og katastrofeberedskap, materiellsamarbeid under oppsyn av Konferansen av nasjonale materielldirektørar (CNAD), kjernefysisk tryggleik, forsvarsrelaterte miljøspørsmål, sivil-militær samordning av leiing og kontroll av lufttrafikk, vitenskapleg samarbeid og spørsmål i tilknytning til fredsstøtteoperasjonar.»*
4. Som arbeidsmetode kan opne grupper av EAPC-medlemmer på ad-hoc-basis utarbeide diskusjonsdokument om konkrete spørsmål eller saker som gjeld regionalt tryggingssamarbeid for å stimulere til poengterte og resultatorienterte diskusjonar i plenumsforsamlinga i EAPC. Plenumsforsamlinga i EAPC vil så formidle idear og forslag til praktisk samarbeid som er utvikla innanfor denne ramma, til relevante komitear for eventuell oppfølging. I 2001 har ad-hoc-arbeidsgruppa for samarbeid i fredsbevaring i EAPC/PMSC arbeidd vidare. Også andre ad-hoc-arbeidsgrupper har vore samla for å drøfte følgjande saker: globale humanitære mineryddingstiltak, utfordringar knytte til spreiding av handvåpen og lette våpen, utsikter for regionalt samarbeid i Sørøst-Europa, utsikter for regionalt samarbeid i Kaukasus. EAPC vil på grunnlag av aukande praktisk erfaring vurdere om desse arbeidsmetodane må forberast, tilpassast eller utvidast. Ein stor del av arbeidsprogrammet vil gjelde vidare utvikling og gjennomføring av partnerskapsrelaterte initiativ som vart lagde fram på Washington-toppmøtet, dvs. initiativet om ein forberast og meir operativ partnerskap, som omfattar dei politisk-militære rammene for NATO-lei-

dde PFP-operasjoner (PMF), den utvida og tilpassa planleggings- og revisjonsprosessen (PARP), konseptet for operative evner i NATO-leidde PFP-operasjoner (OCC) og Det konsoliderte trenings- og utdanningsprogrammet i PFP (TEEP).

5. Gjennomføringa av dei ulike aktivitetane i denne handlingsplanen vil vere avhengig av at dei nødvendige ressursane blir stilte til disposisjon.

Del II: Langtidsprogram for konsultasjonar og samarbeid

Politiske og tryggingsrelaterte spørsmål

Emne

1. Regionale saker, mellom anna Sørøst-Europa og Sør-Kaukasus
2. Auka praktisk samarbeid med dei sentralasiatiske partnerlanda innanfor EAPC
3. Internasjonal kamp mot terrorisme
4. Samarbeid i spørsmål som gjeld Stabilitetspakta (arbeidstabell 3)
5. Samarbeid med OSSE og andre internasjonale institusjonar om tryggingsspørsmål
6. Situasjonen på Balkan
7. Oppfølging av dei politisk-militære rammene for NATO-leidde PFP-operasjonar
8. Praktiske samarbeidsspørsmål
9. Grensevern
10. Anna

Aktivitetar

1. Seminar, arbeidssamlingar, møte i opne ad-hoc-grupper, ekspertmøte, orienteringar og utveksling av informasjon om Bosnia-Hercegovina og Kosovo

Planlagde arrangement

1. Seminar om tilpassing av EAPC til den nye tryggingssituasjonen, vertskap Romania (2003, dato ikkje fastsett)
2. Tre årlege seminar/arbeidssamlingar om regionalt tryggingssamarbeid, m.a.:
 - Seminar om regional tilnærming til nye tryggingssisikoar, vertskap Romania (2002, dato ikkje fastsett)
 - Seminar om «Utfordringar i det regionale samarbeidet i Sør-Kaukasus», Baku, Aserbajdsjan (første halvår 2002)
 - Seminar om styrking av samarbeidet NATO-OSSE-EU for å sikre stabilitet og tryggleik i Sørøst-Europa, vertskap Romania (2003, dato ikkje fastsett)
 - Seminar om betra samordning av initiativ for regionalt samarbeid i Sørøst-Europa, vertskap Romania (2003, dato ikkje fastsett)
 - Arbeidssamling om «Innsamling av ulovleg eigde handvåpen og lette våpen og regionale kontrollregime for handvåpen og lette våpen (andre halvår 2002, dato ikkje fastsett), vertskap Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia.

- Seminar om «Regionalt samarbeid om varsling og oppfølging av krisesituasjonar over landegrensar, sett i miljøperspektiv», vertskap Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia²⁹⁾ (første halvår 2003).
3. Møte mellom NATOs regionale ekspertar og ekspertar frå partnerland (datoar ikkje fastsett)

Komitéstøtte

EAPC ved Ambassadør- og politisk komité, PMSC i EAPC/PFP-format, Gruppe for politisk samordning med EAPC-partnarar

Stabsstøtte:

Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat, Avdeling for forsvarsplanlegging og operasjonar

Politikkplanlegging

Emne

1. Utanriks- og tryggingspolitiske spørsmål på mellomlang og lang sikt

Aktivitetar

1. Møte i NATOs rådgjevingsgruppe for atlantisk politikk i EAPC-format

Planlagde arrangement

1. Årlege møte i APAG i EAPC-format. Det neste blir halde i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia³⁰⁾

Komitéstøtte

1. EAPC ved Politisk komité

Stabsstøtte

1. Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat

Rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing

Emne

1. Rustingskontroll
2. Politisk og forsvarsmessig innsats mot spreiiing av kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen og rakettar og komponentar til desse
3. Utfordringa med handvåpen og lette våpen
4. Globale humanitære mineryddingstiltak
5. Grensevern

²⁹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

³⁰⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

Aktivitetar

1. Konsultasjonar og ekspertmøte, møte i opne ad-hoc-arbeidsgrupper

Planlagde arrangement

1. Handvåpen og lette våpen: oppfølging av Brugge-seminaret i mai 2001 om arsenaltryggleik og -handtering
2. Oppfølging av arbeidssamlinga i Baku i juni 2001 om handvåpen og lette våpen

Komitéstøtte

EAPC ved Politisk komité, PMSC i EAPC/PFP-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat, Direktorat for forsvarspolitisk partnerskap og samarbeid, Avdeling for forsvarsplanlegging og operasjonar

Gjennomføring av rustingskontrollavtalar*Emne*

1. Konvensjonell rustingskontroll, gjennomføring og verifisering

Aktivitetar

1. Konsultasjonar, ekspertmøte, seminar, møter i arbeidsgrupper
2. Opplæring og kurs i støtte til gjennomføring av rustingskontroll

Planlagde arrangement

1. Innføringskurs i generell rustingskontroll ved NATO-skulen i Oberammergau, januar/juli 2002
2. Framhald og tillemping av program for felles multilaterale inspeksjonsgrupper for samarbeidspartnarar i CFE
3. Vidare drift og utvikling av databasen VERITY
4. Årlege møte i arbeidsgrupper med alle CFE-partane for å leggje data frå informasjonsutvekslinga i CFE inn i VERITY-basen
5. Årleg arbeidsmøte med alle CFE-partane for å revidere aktuell notifisert styrkestruktur i VERITY
6. Seminar om gjennomføring av rustingskontrollavtalar for konvensjonelle våpen (m.a. CFE), med regionalt fokus, etter behov

Komitéstøtte

Verifiserings- og koordineringskomitéen

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat

Internasjonal kamp mot terrorisme

Emne

1. Identifisering av terrortruslar og reaksjonar på terrorhandlingar
2. Utvikling av EAPC si rolle i den internasjonale kampen mot terrorisme
3. Oppretthalding av politisk engasjement på høgt nivå, som oppfølging av EAPC-erklæringa av 12. september
4. Handgripeleg støtte, som det passar, til partnerland i Sentral-Asia og Kaukasus
5. Samarbeid innan sivil beredskapsplanlegging (CEP)
6. Anna praktisk samarbeid, medrekna PFP-aktivitetar

Aktivitetar

1. Møte i Spesialkomitéen i EAPC-format
2. Sjå til at terrorisme står høgt på saklista til ambassadørmøte i EAPC og andre komitear som møtest i EAPC-format
3. Framdriftsrapportar utarbeidde til ministermøte i EAPC slik det passar
4. Undersøke mellom anna bruk av fondsmekanismen for å gjere det lettare for sentralasiatiske og kaukasiske partnerland å delta i relevante EAPC/PFP-aktivitetar
5. Eventuell partnardeltaking i gjennomføring av CEP-handlingsplan for betra sivil beredskap mot mogelege angrep mot sivilbefolkning med kjemiske, biologiske og radiologiske stoff
6. Partnermedverknad til WMCDs inventar av nasjonale evner som allierte og partnerar kan vere villige til å stille til disposisjon på frivillig basis for å hjelpe eit land som er råka av terroristangrep med kjemiske, biologiske og radiologiske våpen (CBR).
7. Eventuelt undersøkje nærare vilkår for samarbeid i aktivitetar utanom artikkel 5 i tilknytning til WMD-senteret
8. Seminar/arbeidssamlingar om EAPC si rolle i kampen mot terrorisme

Planlagde arrangement

1. Møte i Spesialkomitéen i EAPC-format (2002)
2. Seminar om EAPC si rolle i den internasjonale kampen mot terrorisme, vertskap Polen (februar 2002)
3. Seminar om «Internasjonal kamp mot terrorisme: utsikter til regionalt samarbeid i Sør-Kaukasus» (forslag til dato: andre halvår 2002)
4. Seminar om «Samanhengen mellom terrorisme, narkotikasmugling, organisert kriminalitet og anna ulovleg verksemd», vertskap Aserbajdsjan (forslag til dato: tidleg i 2003).

Komitéstøtte

Spesialkomitéen i EAPC-format, Politisk komité i EAPC-format, PMSC i EAPC/PFP-format, Seniorkomitéen for sivil beredskapsplanlegging i EAPC-format og andre relevante komitear i EAPC/PFP-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab: NATOs Tryggingsskontor, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat, Avdeling for forsvarsplanlegging og operasjonar, SILCEP/CEP-direktoratet

Fredsbevaring

Emne

1. Felles forståing av konsept og prinsipp for fredsbevaring, mellom anna:
 - humanitære aspekt ved fredsbevaring og sivil-militære relasjonar
 - lærdommar frå fredsbevaring
 - tidleg varsling og konfliktførebygging
 - offentleg tryggleik i samband med PSO
 - handtering av situasjonar etter konflikt
 - vern av kultureigedommar ved PSO

Aktivitetar

1. Møte i EAPC/PMSCs ad-hoc-gruppe for samarbeid om fredsbevaring, eventuelt med inviterte internasjonale organisasjonar og andre aktuelle grupper (datoar ikkje fastsett). Utvida kontaktar og dialog med FN og OSSE om teoretiske innfallsvinklar til fredsbevaring
2. Ad-hoc-møte mellom spesialistar på humanitær folkerett

Komitéstøtte

EAPC/PMSCs ad-hoc-gruppe for samarbeid om fredsbevaring

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Politisk direktorat, Avdeling for forsvarsplanlegging og operasjonar

Forsvarsøkonomiske spørsmål

Emne

1. Forsvarsrelaterte saker
 1. Forsvarsutgifter og ressursforvaltning
 2. Innsyn i forsvarsplanlegging og budsjettering
 3. Overgang frå verneplikt til yrkesforsvar
 4. Forvaltning av tidlegare militæranlegg
 5. Omstrukturering av forsvarsindustri (også privatisering)
 6. Regionale saker
7. Tryggingsspolitiske aspekt ved den økonomiske utviklinga - utvalde tema (t.d. regionalt samarbeid, skuggeøkonomi, investeringsklima)
8. Økonomiske aspekt ved den internasjonale kampen mot terrorisme

Aktivitetar

1. Seminar, arbeidssamlingar, ekspertmøte, årleg kollokvium

Planlagde arrangement

1. Årleg NATO-kollokvium i økonomi, blir arrangert i juni 2002 i NATO-hovudkvarteret og deretter med Ukraina som vertskap i 2003 (forslag til dato kjem seinare).
2. Seminar i Bulgaria om «Privatisering og omstrukturering av forsvarsindustri, med særleg vekt på framgangen i Sørøst-Europa» (forslag til dato: første halvår 2002).
3. Konferanse i Tyskland om utvalde forsvarsøkonomiske spørsmål, arrangert i samarbeid med Marshallsenteret (forslag til dato: September 2002).
4. Seminar i Ungarn om «Formålet med bruk av dobbel bokføring i ressursforvaltninga i forsvaret» (forslag til dato kjem seinare).
5. Serie av presentasjonar/kurs i trygging- og forsvarsøkonomi ved ekspertar for utvalde publikum frå landa i Sør-Kaukasus (forslag til dato seinare).
6. Forsvarsøkonomisk seminar i Berlin, vertskap Tyskland (forslag til dato kjem seinare).
7. Seminar om «Planlegging, programopplegg og budsjettering på forsvarsområdet» i Riga, vertskap Latvia (forslag til dato seinare).
8. Meiningsutvekslingar om «Reelle forsvarsutgifter målt i kjøpekraftparitetar» (format ikkje fastlagt).
9. EAPC-seminar om «Forsvarsøkonomi gjennom ti år - trygging og stabilitet i forandring», vertskap Slovenia, 28.-29. januar 2002.

Komitéstøtte

EAPC ved Økonomisk komité

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for politiske saker, Økonomidirektoratet, eventuelt i samordning med andre avdelingar

Sivil planlegging for naudssituasjonar og katastrofeberedskap

Emne

1. Sivil planlegging for naudssituasjonar og katastrofeberedskap

Aktivitetar

1. Betring av den sivile beredskapen mot eventuelle åtak på sivilbefolkninga med kjemiske, biologiske og radiologiske stoff (CBR)
2. Øve EADRCC-rutinar og EADRU-deployering
3. Møte mellom SCEPC og PB&C-ar i EAPC-format
4. Partnardeltaking etter avtale i gjennomføringa av CEP-gjennomgangen og tilpassinga av denne og i arbeidet til SCEPC og PB&C
5. Partnardeltaking etter avtale i sivil-militær planlegging og samordning til støtte for operasjonar som svar på kriser utanom artikkel 5
6. Støtte til utvikling av partnerane sine planleggingsstrukturar for sivil naud-

- planlegging (CEP)
7. Vurdering av problema som kan melde seg ved åtak på kritisk sivil infrastruktur, idet det vert teke omsyn til arbeidet som vert utført av Planleggingsutvala og -komitéane (PB&C)
 8. Støtte til nasjonale styresmakter i sivile naudsituasjonar

Planlagde arrangement

1. SCEPC-møte i EAPC-format
2. PB&C-møte, seminar, arbeidssamlingar i EAPC-format
3. Besøk av CEP-evalueringsteam
4. Besøk av CEP-team frå partnerland til NATO-hovudkvarteret
5. CEP-CIMIC-kurs ved NATO-skulen i Oberammergau
6. Regionale CEP-CIMIC-kurs i Slovenia og Republikken Kirgisistan
7. PWP/EADRCC-øving «Taming the Dragon/Dalmatia» i Kroatia i mai 2002
8. PWP/EADRCC-feltøving i Russland hausten 2002
9. PWP/EADRCC-feltøving i 2003, vertskap Romania

Komitéstøtte

Seniorkomitéen for sivil naudplanlegging (SCEPC) i EAPC-format

Stabsstøtte

EADRCC, SILCEP/CEP-direktoratet, SHAPEs CIMIC-avsnitt og NMA-ar slik det passar

Vitskap

Emne

1. Deltaking i aktivitetane til NATOs sivile vitskapsprogram, som fokuserer på å knyte saman vitskapsfolk frå partner- og NATO-land. Dei fire underprogramma er:
 - Forskingsstipend
 - Vitskaps- og teknologisamarbeid
 - Støtte til forskingsinfrastruktur
 - Vitskap for fred

Aktivitetar

1. Prosjektstøtte til anvend vitskap og teknologi innan industri-, miljø- eller tryggingrelaterte problem under programmet Vitskap for fred
2. Møte i Vitskapskomitéen i EAPC-format minst ein gong i året
3. Møte i Vitskapskomitéen i eit partnerland minst ein gong i året med fokus på å fremje regionalt samarbeid (t.d. Kaukasus, Sentral-Asia osv.), mellom anna møte med viktige regionale vitskapsfolk og «leiarar for morgondagen»
4. Deltaking av vitskapsfolk frå partnerland i institutt for avanserte studium (ASI) og avanserte forskingsseminar (ARW), pluss avvikling av slike møte i partnerland

5. Deltaking av vitskapsfolk frå partnerland i ordningar for samarbeidsstipend, forskingsstipend og stipend til ekspertbesøk
6. Sende referat frå forskingsmøte i NATO til eit sentralt bibliotek i kvart av dei aktuelle partnerlanda og spreie annan litteratur om vitskapsprogrammet til vitskapsfolk i partnerland
7. Støtte ekspertbesøk frå partnerland etter invitasjon frå prosjektleiarar i NATO-land
8. Hjelp til partnerar ved å utnytte NATO-nettverket av referansepersonar og ekspertar
9. Hjelp til partnerland med å utvikle datanettverk som kan tilknytast Internett for å lette kontakten og fremje meir effektivt samarbeid mellom vitskapsfolk. Dette skjer gjennom tilskot til nettverksinfrastruktur og nettverkstillegg til samarbeidsstipend. Ein viktig aktivitet på dette området som skal haldast i tidsrommet 2001 til 2004, er prosjektet «Den virtuelle silkevegen», som skal gje vitskapsfolk i dei 8 landa i Kaukasus og Sentral-Asia mykje større bandbreidde på Internett
10. Besøk av ekspertar frå NATOs vitskapskomité til partnerland

Planlagde arrangement

Rundt 10 000 vitskapsfolk frå EAPC-landa deltek kvart år i aktivitetar med støtte frå vitskapsprogrammet i NATO. Vitskapsfolk frå partner- og NATO-land leverer fellessøknader for å gjennomføre samarbeidsaktivitetar. Tilnærma tal på tildelingar til nye aktivitetar kvart år er:

- 60 avanserte forskingsseminar
- 35 institutt for avanserte studium
- meir enn 1100 stipend
- 300 samarbeidsstipend
- 35 prosjekt innanfor Vitskap for fred
- 50 ekspertbesøk
- 15 tilskot til infrastruktur for datanettverk

Komitéstøtte

Vitskapskomitéen i EAPC-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for vitskaps- og miljø saker

Utfordringar i moderne samfunn

Emne

Følgjande er nøkkelmåla som er avtala i CCMS; nokre eksempel er gjevne for å indikere enten pågåande eller planlagde aktivitetar.

1. Redusere miljøeffektane av militære aktivitetar (etterbruk av tidlegare militæranlegg, miljøforvaltningssystem)
2. Gjennomføre regionale studiar, også av grensekryssande aktivitetar (Svar-tehavet, Kaspiahavet, Austersjøen og Sentral-Asia)
3. Hindre konflikhtar i høve til knappe ressursar (vasskvalitet, vassmengde)
4. Møte framveksande risikoar mot miljøet og samfunnet som kan skape

- økonomisk, kulturell og politisk ustabilitet (utsette samfunn i ei globalisert verd)
5. Møte ikkje-tradisjonelle truslar mot tryggleiken (smittsame sjukdommar, miljøkriminalitet og økoterrorisme, lovleg og ulovleg transport av farlege stoff over landegrensene)
 6. Eventuelle andre emne av interesse både for NATO og partnerland

Aktivitetar

1. Møte i Komitéen for utfordringane i det moderne samfunnet (CCMS) i EAPC-format minst ein gong i året
2. Deltaking av ekspertar frå partnerland i møte om pilotstudiar, korttidsprosjekt, arbeidssamlingar, konferansar, seminar og avvikling av møte i partnerland
3. Spreiing av informasjon om CCMS sine pilotstudiar, korttidsprosjekt, arbeidssamlingar, konferansar og seminar, saman med godkjende rapportar til partnerar
4. Følgjande emne for pågåande eller nyleg gjennomførte pilotstudiar vil bli gjennomgådde årleg i samråd med partnerane:
 - Reine produkt og prosessar
 - Modellar for berekraftig forvaltning av økosystem i kystlagunar (fase II)
 - Modellar for tilførsel og verknader av næringsstoff i elvar og elvemunningar
 - Berekraftige byggjemåtar for militær infrastruktur
 - Miljømessig avgjerdstaking for berekraftig utvikling i Sentral-Asia
 - Former for miljøopplæring av dei væpna styrkane og korleis dei kan medverke til å skape miljøvennlege haldningar
 - Utsette samfunn i ei globalisert verd
 - Bruk av landskapsvitskap i miljøevaluering

Planlagde arrangement

1. Arbeidssamling om risikovurdering av konsekvensane etter Tsjernobyl-ulukka
2. Arbeidssamling om etterbruk og reingjering av tidlegare militæranlegg
3. Arbeidssamling om miljøutfordringar i Kaspiahavet, vertskap Aserbajdsjan, i Baku, mars 2002

Komitéstøtte

Komitéen for utfordringane i det moderne samfunnet i EAPC-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for vitskaps- og miljøspørsmål

Informasjon

Emne

1. Bidra til auka forståing av spørsmål rundt NATO og EAPC/PFP og til ein

- meir opplyst debatt om tryggingsspørsmål
2. Kartlegging av kva forventningar som vert stilte til informasjonsprogrammet, også blant publikum

Aktivitetar

1. Informasjon om NATO og NATO-politikken og om EAPC/PFP-spørsmål vil bli gjort tilgjengeleg for målgrupper i partnerland, deriblant utvalde institusjonar og organisasjonar, mellom anna gjennom ambassadane til NATO-land som tener som kontaktpunkt, og andre kanalar
2. Vidareføre og ytterlegare intensivere informasjonsrelatert samarbeid med relevante institusjonar i partnerland som har det nødvendige av utstyr, støttepersonell og tenester
3. Besøk i NATO av målgrupper
4. Støtte til ekspertar frå partnerland for å delta på tryggingsrelaterte seminar i allierte land
5. Delfinansiering av seminar/arbeidssamlingar og opplæringsaktivitetar som er relevante for euroatlantiske tryggings- og forsvarssaker
6. Presentasjonar ved foredragshaldarar frå NATO- og partnerland på utvalde tilstellingar
7. Auka spreieing av NATO-dokumentasjon og informasjonsmaterieil i partnerland, spreieing av informasjon med elektroniske hjelpemiddel
8. Distribusjon av videoar og foto frå NATO
9. Presseturnear til NATO- og partnerland

Planlagde arrangement

1. Møte etter oppsett plan i Komitéen for informasjons- og kultursamarbeid (CICR) med EAPC-partnarar (datoar ikkje fastsett)

Komitéstøtte

1. Komitéen for informasjons- og kultursamarbeid (CICR) i EAPC-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Informasjons- og pressekontoret

Nytt område - Humanitær folkerett

Emne

1. Kjennskap til og bruk av humanitær folkerett

Aktivitetar

1. Seminar, arbeidssamlingar, orienteringar og ekspertmøte

Planlagde arrangement

1. Arbeidssamling om gjennomføringsmekanisamar for humanitær folkerett 2002 (Oppfølging av London-samlinga i november 2000)

2. Oppfølging av arbeidssamlinga i Interlaken om straffeforfølging av krigsbrottsverk (2003)
3. Orientering til EAPC-ambassadørane ved presidenten i ICRC (2003)

Komitéstøtte

EAPC ved Politisk komité, PMSC i EAPC/PFP-format

Stabsstøtte

Internasjonal stab, Avdeling for politiske spørsmål, Politisk direktorat, Avdeling for forsvarsplanlegging og operasjonar, Direktorat for forsvarspartnerskap og samarbeid

Nytt område - Vern om gradert informasjon

Emne

1. Felles forståing av konsept og prinsipp i tilknytning til vern om graderte opplysningar
2. Kunnskap om og bruk av NATO-rutinar for vern om gradert informasjon og materiell, mellom anna i fredsstøtteoperasjonar

Aktivitetar

1. Regelmessige besøk/kontaktar med tryggingssstyresmaktene i EAPC-medlemsland
2. Spesialkurs i vern om gradert informasjon

Planlagde arrangement

1. Seminar om tryggingssprinsipp og -rutinar i NATO

Komitéstøtte

NATOs tryggingsskomité i EAPC-format

Stabsstøtte

NATOs tryggingsskontor

Del III - Samarbeidsområde i PFP

1. Som Grunnlagsdokumentet for EAPC slår fast, vil Partnerskap for fred i si utvida form vere eit klart identifiserbart element innanfor den fleksible ramma som Det euroatlantiske partnerskapsrådet utgjer. PFP vil ha den karakteren av «Alliansen + 1» som speglar seg i dei individuelle partnerskapsprogramma, og samtidig ivareta prinsippet om sjølvdifferensiering. I denne samanhengen vil PFP gje auka rom for regionale samarbeidsaktivitetar.
2. Emna og aktivitetane som PFP arbeider med, går fram av Arbeidsprogrammet for PFP-partnerskap, som er eit separat dokument. Nedanfor er

ei liste over dei generelle samarbeidsområda som er avtala, og denne vil bli oppdatert anna kvart år.

1. Luftforsvarssaker (ADF)
2. Forvaltning og kontroll av luftrom (ASM)
3. Konsultasjon, kommando og kontroll, mellom anna kommunikasjons- og informasjonssystem, navigasjons- og identifikasjonssystem, interoperabilitet, prosedyrar og terminologi (C3)
4. Sivil planlegging for naudssituasjonar (CEP)
5. Krisehandtering (CRM)
6. Demokratisk kontroll med styrkar og forsvarsstrukturar (DCF)
7. Forsvarsplanlegging, budsjettering og ressursforvaltning (DPB)
8. Planlegging, organisering og leing av nasjonale forsvarsinnkjøpsprogram og internasjonalt samarbeid på materiellområdet (DPM)
9. Forsvarspolitik og strategi (DPS)
10. Planlegging, organisering og leing av nasjonal forskning og teknologi på forsvarsområdet (DRT)
11. Militær geografi (GEO)
12. Globale humanitære mineryddingstiltak (HMA)
13. Humanitær folkerett (IHL)
14. Språkopplæring (LNG)
15. Forbrukslogistikk (LOG)
16. Helsetenester (MED)
17. Meteorologisk støtte til NATO- og partnerstyrkar (MET)
18. Militær infrastruktur (MIF)
19. Politisk og forsvarsmessig innsats mot spreiding av ABC-våpen (NBC)
20. Teoretiske, planleggingsmessige og operative sider ved fredsbevaring (PKG)
21. Handvåpen og lette våpen (SLW)
22. Operative, materielle og administrative sider ved standardisering (STD)
23. Militære øvingar og tilknytte opplæringsaktivitetar (TEX)
24. Militær utdanning, opplæring og doktrine (TRD)

Som det går fram av kapitlet «Korttidsplanlegging» i dette dokumentet, vil ein stor del av innsatsen bli vigd til vidare utvikling og gjennomføring av partnerskapsrelaterte initiativ som vart lanserte på Washington-toppmøtet. Utviding av PFP-aktivitetane, eventuelt med tilpassing av arbeidsprogrammet for partnerskapen for å møte dei utfordringane terrorismen inneber. Ein del av planleggingssymposiet for PFP i Oberammergau i januar 2002 vil dreie seg om korleis antiterrorrevnene kan forbedrast.

1.12 Ministermøte i Forsvarsplanleggingskomitéen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa, Brussel 18. desember 2001. Sluttkommuniké

1. Forsvarsplanleggingskomitéen og Den kjernefysiske planleggingsgruppa i Atlanterhavspaktalliansen var samla til ministermøte i Brussel den 18. desember 2001.
2. I kjølvatnet av terrorangrepa på USA, som førte til at artikkel 5 i Washington-traktaten vart teken i bruk, får forsvarsplanleggingsarbeidet vårt ei ny og viktigare rolle. Vi sa oss på nytt forplikta til kollektivt forsvaret, og stad-

- festat at Alliansen må ha tilstrekkeleg kapasitet til å sikre at vi kan svare effektivt på all aggresjon eller truslar om aggresjon mot oss som nasjonar, og til å handtere dei kriser som elles måtte melde seg.
3. Gjennomgangen av forsvarsplanane til dei allierte viste at desse jamt over har dei styrkestrukturar og den kapasitet som skal til for å møte eventuelle konvensjonelle militære åtak på allianseterritoriet. Men som det går fram av det strategiske konseptet for NATO, og som hendingane den siste tida til fulle har vist, må styrkane våre også vere i stand til å ta effektivt hand om eit breiare spekter av utfordringar, der det òg kan bli snakk om å utplassere styrkar av eit visst omfang utanfor allianseterritoriet. I så måte, og når det gjeld evna til å handtere risikoane ved spreining av ABC-våpen og leveringsmiddel for slike våpen, er styrkane til dei fleste allierte framleis mangelfulle på viktige område. Tiltak for å rette på desse manglane er nedfelte i initiativet for betra forsvarsevne og i forsvarsplanleggingsprosessen i NATO. Men no er det presserande å komme vidare i utviklinga av meir flyttbare styrkar som kan ta på seg dei oppgåvene vi sette oss i minsterrettleinga i fjor.
 4. Vi er fast bestemte på å syte for at styrkane våre blir vidareutvikla på måtar som står i forhold til desse utfordringane. Med dette som siktemål skal vi med styrke arbeide vidare med den naudsynte omleggings- og moderniseringsprosessen som i alt er i gang. Dels aktar vi å oppnå dette gjennom meir effektiv utnytting av forsvarsressursane, mellom anna med bruk av fleirnasjonalt samarbeid. Men vi erkjenner òg at det i nokre tilfelle krevst meir ressursar for å setje denne ambisjonen ut i livet, og vi vil gjere vårt yttarste for å sikre at slike ressursar blir gjorde tilgjengelege.
 5. Ei vidareutvikling av Alliansens forsvarsevner er relevant også når det gjeld utsiktene for at framtidige EU-leidde operasjonar skal kunne lukkast. Kvar av dei aktuelle nasjonane vil måtte oppfylle både NATO-krav og EU-krav med eitt og same styrkesett. I forsvarsgjennomgangen har vi òg gjort rekning med styrkar og den kapasitet som allianseland vil kunne stille til disposisjon i EU-leidde operasjonar. Tilsegnene om dette synest fullt ut å vere tilpassa og i pakt med styrkeplanane til Alliansen, og skulle såleis ikkje svekkje Alliansens evne til å utføre sine oppdrag.
 6. På møtet i Den kjernefysiske planleggingsgruppa tok vi føre oss stillinga til dei kjernefysiske NATO-styrkane og drøfta ei rekkje spørsmål i samband med dette. Vi minte om det grunnleggjande politiske siktemålet, som er å verne om freden og hindre tvang og alle former for krig, og stadfesta ut frå dette dei prinsippa som skal underbyggje desse styrkane slik det går fram av det strategiske konseptet for Alliansen. I ei tid med trygging utfordringar vi ikkje har stått overfor før, har vi særleg grunn til å stadfeste vår fulle tillit til og faste oppslutnad om ein sterk og gyldig transatlantisk fellesskap innanfor Alliansen, som garanterer lik tryggleik og stabilitet i det euroatlantiske området. Vi la på ny vekt på at kjernevåpenstyrkar med base i Europa, som står til disposisjon for NATO, framleis er eit vesentleg politisk og militært bindeledd mellom dei europeiske og dei nordamerikanske medlemmene i Alliansen.
 7. Vi sette pris på opplysningane frå forsvarsministeren i USA om meining-utvekslingane som går føre seg mellom USA og Den russiske føderasjonen om eit nytt strategisk rammeverk. Vi støttar fullt opp om nye tiltak som skal gje grobott for samarbeid på grunnlag av felles interesser og styrkje samarbeidet om strategisk stabilitet og ikkje-spreiing. Vi gler oss over utfallet av møta 13. og 14. november mellom presidentane Bush og Putin,

- og ventar oss at den same ånda av tillit og samarbeid i spørsmål om global tryggleik og strategisk stabilitet til fulle vil gjere seg gjeldande i tilhøvet mellom Alliansen og Russland, mellom anna i diskusjonane om kjernevåpenspørsmål.
8. Avskrekking og forsvar, saman med rustingskontroll, nedrusting og ikkje-spreiing, vil framleis spele ei hovudrolle for å nå tryggingsmålsetjingane til Alliansen. Vi gledde oss over at president Bush har bestemt seg for at dei operasjonelt utplasserte strategiske kjernevåpna til USA dei neste ti åra skal reduserast i tal til mellom 1 700 og 2 200, og over erklæringa frå president Putin om at Russland akta å redusere sine strategiske kjernevåpen «tilsvarande». Vi sa oss på nytt bestemte på å styrkje avtalen om ikkje-spreiing av atomvåpen (NPT) og å medverke til å få sett konklusjonane frå tilsynskonferansen for NPT i 2000 ut i livet. Vi støttar dei noverande moratoria på kjernefysisk prøvesprenging.
 9. I ei tid med auka merksemd om tryggingsspørsmål er vi stolte over dei framifrå resultatata NATO-kjernevåpna kan vise til når det gjeld tryggleik og sikring. Vi forplikta oss på nytt til at dei strengaste trygging- og sikringsskrav skal gjelde for desse våpna, og streka igjen under at NATO-kjernevåpna er sikre og trygge på alle måtar.
 10. Vi sa oss godt nøgde med den oppmuntrande framgangen i diskusjonane med Den russiske føderasjonen om kjernevåpenspørsmål i Fellesrådet NATO-Russland, særleg om kjernevåpenrelaterte tillits- og tryggingsskapande tiltak som NATO har føreslått. Vi var samde om at det er i vår felles interesse at desse diskusjonane i første omgang vert konsentrerte om spørsmål som gjeld trygging og sikring av desse våpna. Det at begge sider ser verdien i slike meningsutvekslingar, og ser det som ønskjeleg at kjernevåpenekspertar møtest, er ei konstruktiv utvikling mot større innsyn og auka gjensidig tillit mellom NATO og Russland på dette viktige feltet.

1.13 Møte i Det nordatlantiske rådet, Brussel 18. desember. Sluttkommuniké

1. Forsvarsministrane i Det nordatlantiske rådet møttest i Brussel 18. desember 2001.
2. Vi konsentrerte oss om arbeidet med å tilpasse forsvarsevna til Alliansen til endringar i den tryggingspolitiske situasjonen, særleg i lys av terroristangrepa på USA 11. september og situasjonen på Balkan, og vi har sendt ut eigne fråsegner om desse spørsmåla. Vi drøfta òg status for arbeidet med den europeiske trygging- og forsvarsidentiteten og forholdet mellom NATO og EU. Vår felles innsats på Balkan har vist at nært samarbeid gjev store fordelar. Det gjenstår enno viktig arbeid når det gjeld organiseringa av NATOs støtte til EU-leidde operasjonar, i samsvar med vedtaka frå NATO-toppmøtet i Washington i 1999 og seinare ministermøte. Vi er framleis fast bestemte på å gjere framsteg på alle dei ulike sidene ved forholdet mellom NATO og EU, og vi merkjer oss behovet for å finne løysingar som alle dei allierte kan vere nøgde med på spørsmålet om deltaking frå europeiske allianseland som ikkje er medlemmer av EU. Vi merkjer oss EUs engasjement for å ordne dei nærare vilkåra for samråd med Canada og for Canadas deltaking i EU-leidde operasjonar.
3. Vi vurderte også arbeidet med å betre forsvarsevna til Alliansen gjennom

Initiativet for betra forsvarsevne. Det har vore ein viss framgang som ei følge av dette initiativet, men enno er ikkje det fulle potensialet til initiativet realisert, og vi er difor fast bestemte på å halde fram med å gje det vår nære personlege oppfølging parallelt med den kontinuerlege tilpassinga av strukturane og rutinane i Alliansen.

4. Vi utveksla synspunkt på rakettforsvar og den globale strategiske situasjonen. Vi merkte oss fråsegner frå USA og Russland om at det ikkje utgjør nokon trussel for Den russiske føderasjonen at USA har trekt seg frå avtalen om antiballistiske missil. Det er framleis avgjerande viktig at den strategiske stabiliteten vert halden ved lag. Vi gledde oss over at begge sider har arbeidd og held fram med å arbeide intenst for å skape eit nytt strategisk forhold basert på felles interesser og samarbeid over eit breitt spekter av politiske, økonomiske og tryggingspolitiske spørsmål, for å gje eit bidrag til global tryggleik og strategisk stabilitet. I den samanhengen gledde vi oss over at det både i amerikanske og russiske fråsegner er gjeve klårt uttrykk for ei utvikling mot nye og lågare nivå når det gjeld lagra av kjernefysiske angrepsvåpen. Vi ser fram til vidare samråd med USA om desse spørsmåla og gler oss over det kontinuerlege arbeidet som vert lagt ned i Alliansen når det gjeld krigsteatermissilforsvar.
5. Vi drøfta også samarbeidsaktivitetane til NATO, inkludert førebuingane til ei utviding av Alliansen, Partnerskap for fred, Middelhavsdialogen og forholdet vårt til Ukraina og Russland. Vi stadfestar på nytt at ein partnerskap mellom dei allierte og Russland som byggjer på tillit og samarbeid, og som er basert på felles demokratiske verdiar og eit felles engasjement for eit stabilt, fredeleg og udelt Europa, slik det er nedfelt i Grunnakta NATO-Russland, er avgjerande viktig for stabiliteten og tryggleiken i det euroatlantiske området. Vi helsar difor med glede vedtaket som utanriksministrane gjorde 7. desember om å tilføre partnerskapen mellom NATO og Russland ny framdrift og nytt innhald, med det siktemål å opprette eit nytt NATO-Russland-råd som skal velje ut og arbeide vidare med tiltak ein kan samarbeide om i 20-format. Til dette formålet har Det nordatlantiske rådet i fast sesjon fått i oppgåve å utforske og utvikle, i dei komande månadene og på grunnlag av Grunnakta, nye og effektive mekanismar for samråd, samarbeid, felles vedtak og samordna/felles tiltak. NATOs fundamentale formål er framleis dei som er fastlagde i Washington-traktaten, og NATO vil i kraft av det som er bestemt i traktaten stå fast på retten til å fatte uavhengige vedtak og gjennomføre uavhengige tiltak på basis av dei 19 medlemslanda i alle spørsmål i samsvarende med dei plikter og ansvarsområde organisasjonen har. Som forsvarsministrar er vi fast bestemte på å styrkje partnerskapen mellom NATO og Russland når det gjeld forsvaret og det militære.
6. På toppmøtet dei skal ha i Praha i november neste år, skal stats- og regjeringssjefane våre innleie neste runde av utvidinga av NATO. Vi oppmodar dei ni kandidatlanda til å halde fram med førebuingane på grunnlag av prosessen i Handlingsplanen for medlemskap, som omfattar forsvarsreform og betring av den militære forsvarsevna. I mellomtida vil NATO gjennomføre sine egne interne førebuingar til opptak av nye medlemmer, og Det nordatlantiske rådet i fast sesjon vert bede om å gjere greie for desse på vårt neste møte. Vi vil halde fram med prosessen i Handlingsplanen for medlemskap også etter at inneverande periode er over.
7. Vi er fullt ut samde i fråsegnene som våre utanriksministerkollegaer kom med tidlegare denne månaden om desse og andre spørsmål.

1.14 Fråsegn om situasjonen på Balkan. Framlagd på møtet i Det nordatlantiske rådet på forsvarsministernivå som vart halde i Brussel 18. desember 2001

1. Vi stadfestar NATO's sterke engasjement for tryggleik, stabilitet, fred, demokrati og respekt for menneskerettane på Balkan, og at Alliansen er fast bestemt på å motarbeide all vald, enten motivet er etnisk, politisk eller kriminelt. Alliansen vil framleis arbeide med stor kraft for å nå dette målet, først og fremst gjennom dei NATO-leidde fredsbevarande operasjonane i Bosnia-Hercegovina og Kosovo og gjennom styrken Task Force Fox i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ³¹⁾.
2. Som før støttar vi den territoriale integriteten og suvereniteten til alle land på Balkan. Vi går på det sterkaste inn for å fremje forsoning og samarbeid i regionen gjennom tillitsskapande tiltak, ei varig løysing på problemet med flyktningar og fordrivne og samarbeid med Den internasjonale straffedomstolen for det tidlegare Jugoslavia (ICTY). Vi rosar innsatsen mange statar har gjort i regionen for å spele ei større rolle i oppbygginga av regional tryggleik gjennom tettare samarbeid.
3. Vi rosar mennene og kvinnene i SFOR, KFOR, styrken Task Force Harvest og styrken Task Force Fox for deira framifrå innsats for fred og stabilitet. Vi verdset og takkar for måten dei har ofra seg på, særleg dei som er komne alvorleg til skade. Vi uttrykkjer vår djupaste medkjensle med familiane til dei som har mist livet. Vi takkar NATO-partnarane og andre nasjonar for deira viktige bidrag til denne fellesinnsatsen.
4. NATO leier i dag rundt 60 000 militærpersonar frå 19 NATO-land og 20 andre land på Balkan. Det NATO-leidde nærværet har vore eit avgjerande bidrag til stabilitet og politisk framgang, og styrkane utfører framleis sitt oppdrag med hell. Dei siste seks åra har oppgåvene og truslane endra seg radikalt, og felles problem gjer seg meir og meir gjeldande i operasjonssområda. På bakgrunn av dette trur vi det er rom for å utvikle ein meir regional innfallsvinkel for visse sider av operasjonane på Balkan, mellom anna når det gjeld tilbakevending av flyktningar, grensesikring og kamp mot organisert kriminalitet, ekstremisme og terrorisme. Operasjonane på Balkan kan òg gjerast meir rasjonelle, og eit hovudsiktemål med dette må vere auka effektivitet og vesentlege ressursinnsparingar. Vi har avtala at neste halvårsgjennomgang av KFOR og SFOR skal vere basert på ein samla analyse av dei pågåande operasjonane i heile operasjonsområdet, og skal ta føre seg eit breitt spekter av mogelege rasjonaliseringstiltak og utvikling av ein meir regional innfallsvinkel for det NATO-leidde militære nærværet. Innsatsen vår må alt i alt fremje sjølvstendig varig fred og demokrati i regionen slik at internasjonale militærstyrkar ikkje lenger trengst.
5. Vi gjekk gjennom status for den NATO-leidde operasjonen i Kosovo. Vi går framleis heilt og fullt inn for å gjere vårt til å nå måla det internasjonale samfunnet har sett, i samsvar med tryggingsrådsresolusjon 1244. Vi stadfestar at KFOR pliktar å støtte tilbakevending av flyktningar og fordrivne, også kosovoserbarar og andre minoritetar, og rosar samordningsinnsatsen i felleskomitéen for tilbakevending. Samarbeidet mellom KFOR og alle søylene i UNMIK er det aller beste. Vi gratulerer OSSE og UNMIK

³¹⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

- som med støtte frå KFOR stod for ei vellukka gjennomføring av valet til den folkevalde forsamlinga for heile Kosovo i november 2001.
6. KFOR går heilt og fullt inn for å støtte UNMIK-politiet og polititenesta for Kosovo, og vi gler oss over den nystarta prosessen som skal føre fram til at ansvaret for offentleg ro og orden blir overført til dei rette sivile styresmakter så snart det er forsvarleg. Vi er oppmuntra over det aukande bidraget frå den multietniske polititenesta for Kosovo, som er i ferd med å ta over ansvaret for det daglege politiarbeidet. Vi gler oss over dei tiltaka spesialrepresentanten for generalsekretæren i FN har sett i verk for å styrkje lov og orden, mellom anna ved å opprette ei kriminaletterforskningsavdeling og å innføre tiltak for å hindre terrorisme, kontrollere grenseovergangar og få bukt med ulovleg våpeninnhald.
 7. Det sivile beredskapskorpset i Kosovo (KPC) utviklar seg stadig i samsvar med målsetjinga om å bli ein effektiv sivil beredskapsorganisasjon som skal arbeide til beste for alle innbyggjarar i Kosovo. Vi gler oss over programmet som er utarbeidd for å lære opp KPC i naudtenester innan handtering av sprenglekamar. Vi merkjer oss at KPC stort sett følgjer regelverket, men ber likevel medlemmene om å ta avstand frå all ekstremistisk og kriminell verksemd. Vi forlanger at tenesteinstruksjonen og disiplinærreglane for KPC vert strengt handheva. Det hastar òg med å få løyst spørsmålet om å ta ytterlegare 2 000 KPC-medlemmer ut av aktiv teneste og overføre dei til reservestyrken.
 8. KFOR held fram med sine robuste tiltak for betre sikring på Kosovo-sida av grensa mot Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia ³²⁾, dette som ein del av operasjon Eagle. Styrken følgjer òg opp ei rekkje tiltak som går ut på auka samordning med forsvars- og innanriksministeria i Skopje - med dei midlar og evner som står til disposisjon - for å styrkje den militære effektiviteten i samband med grensekontroll og handheving av forbod; tilsvarende gjeld overfor albanske styresmakter.
 9. Vi tok føre oss styrkenivå og styrkestruktur i KFOR sett under eitt, og kom til at det inn til vidare ikkje skulle gjerast andre endringar enn å skifte ut noko fleire tunge kampeiningar med andre som er betre eigna til interne tryggingsovergangar. Vi gav våre faste representantar i oppdrag å sjå nærare på KFOR sine roller og oppdrag til vi møttest igjen neste vår. Sikttemålet er å få mest mogeleg fleksible og rasjonelle styrkar, mellom anna ved hjelp av ein gjennomgang av strukturane i KFOR.
 10. Vi har teke føre oss den militære og sivile framgangen i Bosnia-Hercegovina. SFOR vil byggje vidare på det vellukka arbeidet som hittil er gjort for å oppretthalde trygge og sikre tilstandar i Bosnia-Hercegovina, og forpliktar seg til å støtte det arbeidet internasjonale organisasjonar gjer i gjennomføringa av sivile oppgåver, med dei midlar og evner som står til disposisjon. I samband med dette legg Alliansen særleg vekt på behovet for å framskande utviklinga av sivile institusjonar og lokalt politi slik at desse kan ta på seg sitt rettmessige ansvar for offentleg ro og orden og rettsstatlege tilstandar i Bosnia-Hercegovina. Vi erkjenner at politiet i Bosnia-Hercegovina treng auka evner, tillit, opplæring og utstyr for å ta hand om sivil uro, og at det framleis trengst tett samordning mellom SFOR, den internasjonale politistyrken (IPTF) og lokalt politi. Vi merkjer oss at IPTF-mandatet tek slutt ved utgangen av 2002, og ser med glede på innspelet frå kontoret til den høge representanten om å effektivisere det internasjonale

³²⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

- nærværet i Bosnia-Hercegovina. Vi ser fram til at dette vert gjennomført, noko som vil vere eit viktig skritt i gjennomføringa av Dayton-avtalen.
11. Den tredelte Presidentskapens godkjenning av ein forsvarspolitikkk for Bosnia-Hercegovina var eit viktig skritt, og vi merkjer oss at presidentskapen har uttrykt ønske om å bli med i Partnerskap for fred. Vi ser med glede på det pågåande arbeidet med å danne eit tryggingspoliti for Bosnia-Hercegovina. Vi ber presidentskapen om å byggje vidare på desse positive trekk og framskande forsvarsreformer, særleg reduksjon og omstrukturering av dei væpna styrkane, gjennom den faste komitéen for militære spørsmål (SCMM). Vi rosar SFOR for arbeidet som er gjort til støtte for SCMM i omstrukturings- og reformprosessen, noko som bør stå i sentrum for NATO-engasjementet overfor dei væpna styrkane i Bosnia-Hercegovina.
 12. Vi vil framleis støtte fullt og heilt opp om ICTY, særleg om arbeidet som blir gjort for å pågripe personar som er tiltala for krigsbrottsverk. Det er viktig at alle tiltala personar, særleg Radovan Karadzic og Ratko Mladic, blir pågripne og stilte for retten. Vi vil arbeide vidare for å få krigsforbrytarar dømde. Vi har i det siste sett fleire gledelege eksempel på samarbeid mellom Føderasjonen og ICTY, og vil sterkt oppmode alle styresmakter i regionen om å rette seg etter Dayton-avtalen på dette punktet.
 13. Vi tok føre oss omfang og struktur for SFOR-styrken samla sett, og kom til at det inn til vidare ikkje skal gjerast endringar her. Vi bad om at ressursane til dei fleirnasjonale spesialeiningane blir stilte til disposisjon i samsvar med den avtala behovsspesifikasjonen. I trua på at framgangen i felten vil vare ved og at ansvaret for støtte til den sivile gjennomføringa dermed vil bli overført til andre organisasjonar, gav vi dei militære NATO-styresmaktene i oppdrag å utarbeide eit styrkeovergangskonsept - med fastsette standardmål - og leggje fram ulike alternativ til styrkestruktur neste vår; desse må kunne hindre at krigshandlingane tek seg oppatt og på same tid, så langt evner og midlar rekk, bidra til trygge tilstandar med eit lågare nærvær i Bosnia-Hercegovina.
 14. Dei vellukka operasjonane Essential Harvest og Amber Fox viser at NATO engasjerer seg i stabilitet og territorial integritet for Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia³³⁾ i samarbeid med andre internasjonale organisasjonar, særleg OSSE og EU. Vi sluttar opp om vedtaket om å forlengje mandatet til styrken Task Force Fox med tre månader til 26. mars 2002, eit vedtak som kom etter oppmoding frå president Trajkovski. Vi oppmodar sterkt om at alle partar følgjer opp Ohrid-avtalen og held fram med å samarbeide nært med det internasjonale samfunnet, mellom anna om å la tryggingsstyrkar vende tilbake til sensitive område og om iverksetjing av eit amnesti. Vi oppmodar ekstremistar frå alle sider om å la vere å bruke vald. Vi støttar rolla til NATOs samarbeids- og samordningssenter og den meir strukturerte NATO-tilnærminga til nærværet i regionen, mellom anna i form av tettare samordning med nasjonale støtteelement. Vi merkjer oss med glede den vedvarande innsatsen frå allierte og partnerar som yter eigen bilateral hjelp.
 15. Vi rosar den albanske regjeringa for den konstruktive innstillinga som vart vist under krisa som nyleg oppstod i Den tidlegare jugoslaviske republikken Makedonia³⁴⁾, og er elles oppmuntra over det positive bidraget

³³⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

³⁴⁾ Tyrkia godtek Republikken Makedonia med landets konstitusjonelle namn

- COMMZ(West) har ytt i Albania i ein KFOR-samanheng.
16. Vi gler oss over det betra samkvemmet med Den føderale republikken Jugoslavia og den konstruktive innsatsen derfrå til støtte for gjennomføringa av den generelle rammeavtalen for fred i Bosnia-Hercegovina, tryggingrådsresolusjon 1244 om Kosovo. Vi ber styresmaktene i Beograd utvikle vidare samarbeidet med ICTY. Vi er tilfreds med at styresmaktene i FRJ oppmuntra kosovoserbarane til å delta i vala i Kosovo den 17. november, og gler oss over underteikninga av fellesdokumentet mellom FRJ og UNMIK. Vi ventar oss vidare samarbeid frå den demokratiske regjeringa i FRJ om å løyse problem i Kosovo, mellom anna Mitrovica, om å tydeleggjere sitt forhold til Den serbiske republikken og om vidare innsats for å stille personar tiltala for krigsbrottsverk for retten. Vi nemner på ny at vi støttar eit demokratisk Montenegro innanfor eit demokratisk FRJ.
 17. Vi merkjer oss at situasjonen i Sør-Serbia er relativt roleg og stabil. Vi ber alle partar arbeide vidare med sikte på ei fredeleg løysing på alle uoppgjorde saker. Vi oppmuntrar dei etniske albanarane til også heretter å halde seg unna valdsbruk. Alle partar må gje full støtte til den multietniske politistyrken og nytte alle sjansar til å la seg integrere i lokale administrative og politiske strukturar, mellom anna ved lokale val. Styresmaktene i FRJ må halde fram med gjennomføringa av planen for ei fredeleg løysing på problemet. Vi ser fram til ei stadig og rask gjennomføring dei tillitsskapinge tiltaka i Covic-planen. Vi stadfestar at vårt endelege mål er å oppheve tryggingssonene både på bakken og i lufta.

1.15 Fråsegn om kampen mot terrorisme: Tilpassing av dei allierte forsvarsevnene, Brussel 18. desember 2001

1. Dei grufulle handlingane mot USA den 11. september var eit angrep på alle allierte. At artikkel 5 i Washington-traktaten vart gjort gjeldande for første gong, innan eit døgn etter desse tragiske hendingane, var eit sterkt vitnemål om dette og demonstrerte at NATO som ein del av si samla tryggingspolitiske tilnærming også kan gå til felles handling som svar på eit terroristangrepa utanfrå retta mot eit alliert land. Det var òg eit vitnemål om at vi såg på det som var hendt som eit angrep ikkje berre på tusenvis av uskuldige menneske, men på dei verdiane vi baserer samfunna våre på. Desse verdiane vil vi forsvare. Saman og kvar for oss må vi innrette oss etter nye tryggingspolitiske tilstandar.
2. Alliansen må tilpasse sine evner etter desse endringane i trygging- og stabilitetstilhøva. Vi stiller oss heilt og fullt bak erklæringa om terrorisme som utanriksministrane våre nyleg har offentleggjort. Som forsvarsminister er vi spesielt opptekne av å sikre at dei militære konseptane Alliansen opererer med, blir endra etter kvart som vi blir meir klar over den trusselen terrorismen er, og at Alliansen har forsvarsevner som stettar dei krava som vil bli stilte, mellom anna ved militære reaksjonar på terrorisme. I slike tilfelle må sjølvsagt mange ulike nasjonale og internasjonale middel takast i bruk, og militære verkemiddel utgjer berre ein del av desse. Men som tillegg til sivile instrument kan forsvar og militære verkemiddel tene mange avgjerande formål, mellom anna innanfor etterretning, tiltak mot terroristar og dei som gjev dei opphald, vern av befolkningar, infrastruktur og styrkar mot åtak frå terroristar og handtering av konsekvensane om eit angrep likevel skulle komme.

3. Som følgje av den omlegginga av styrkar, militære strukturar og forsvarsplanlegging som har pågått sidan slutten på den kalde krigen, kan Alliansen allereie spele ei viktig rolle i kampen mot terrorismen. Dei allierte har då også spela ei slik rolle etter 11. september, både enkeltvis og samla. I samband med at artikkel 5 vart teken i bruk, har vi opna luftrommet vårt for fly som tek del i koalisjonsoperasjonane, vi har sendt fly for luftboren varslings- og kontroll som skal vere med på å patruljere amerikansk luftrom, sendt ein marinestyrke til det austlege Middelhavet, sett i verk tiltak for å styrkje vernet av sensitive anlegg og auka utvekslinga av informasjon og etterretning. Vi ser nærare på korleis luftforsvaret i Alliansen kan gjerast betre.
4. Ei meir generell nytenking rundt forsvarsprofilen og forsvarsplanane til Alliansen på bakgrunn av hendingane den 11. september er alt i gang. Ei ny vurdering av terrorismen som trussel er under utarbeiding, det er lagt fram forslag til betre beredskap mot terrorisme i form av kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske våpen, og dei aktuelle allierte landa er i gang med å granske korleis terrorismen kan gje seg utslag i nasjonale forsvarsplanar i samband med styrkeplanleggingssystemet i NATO. Vi legg ned mykje arbeid i innsatsen for å hindre spreiding av masseødelegingsvåpen og leveringsmiddel for slike våpen, og intensiverer samarbeidet innanfor sivil beredskapsplanlegging.
5. I tillegg utgjer samkvemmet mellom NATO og partnerlanda - Russland, Ukraina og dei andre medlemmene i Det euroatlantiske partnerskapsrådet - eit nettverk av land som er knytte til kvarandre gjennom samarbeidsvanar og som står saman i si fordømming av terrorismen. Desse relasjonane har alt vist seg operasjonelt viktige på Balkan, og er også verdifulle i kampen mot terrorisme. Verdien av samarbeidet med partnerane våre har alt vist seg i konsultasjonane som finn stad om den pågåande krisa og det faktum at mange av dei er med i koalisjonsoperasjonane. Vi ønskjer å utdjupe forholdet til dei sentralasiatiske og kaukasiske partnerane våre og til landa som er deltakarar i Middelhavsdialogen, som òg har fordømt angrepa på USA utan atterhald.
6. I kampen mot terrorismen vil ei lang rekkje internasjonale organisasjonar vere medspelarar. Vi støttar innsatsen som FN gjer i si sentrale rolle på dette feltet, og det same gjeld Den europeiske unionen, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa, G-8 og internasjonale finansinstitusjonar.
7. Men enno står mykje att å gjere, både på teoretisk og praktisk plan. Dette er noko av det:
 - Det må, som før nemnt, vurderast vidare korleis Alliansen kan bidra på forsvarsområdet i kampen mot terrorismen;
 - militærstyresmaktene i NATO må, etter rettleiing frå Det faste rådet og etter at den nye trusselvurderinga er utvikla, utarbeide eit militært konsept for forsvar mot terrorisme som Det faste rådet kan godkjenne;
 - politikken, strukturane og evnene til Alliansen må vurderast for å sjå om dei er militært og forsvarsmessig eigna for heile oppdragsspekteret sett på bakgrunn av terrortrusselen;
 - den overordna forsvarsgruppa for spreidingsspørsmål må i samråd med andre aktuelle organ i NATO arbeide vidare for å skaffe Alliansen auka evne til å handtere eventuell bruk av kjemiske, biologiske, radiologiske og kjernefysiske stoff frå terroristhald;
 - nasjonar og aktuelle NATO-organ må arbeide vidare med å finne fram

- til moglege tiltak på alle aktuelle område som har med DCI-evner å gjere, både på kort og lang sikt, eller fleire tiltak som kan gje Alliansen ein sterkare forsvarsprofil mot terroriståtak;
- dei allierte må styrkje informasjonsutvekslinga når det gjeld trusselvarsling og etterretningsvurderingar, konsept, strukturar, utstyr, opplæring og øving av militære styrkar for å slå tilbake terroristtruslar; likeins når det gjeld andre tiltak som kan gje Alliansen ein betre forsvarsprofil mot slike truslar.
8. Innsatsen for å setje NATO betre i stand til å svare på terrorisme må vere ein integrert, om enn presserande, del av det meir generelle arbeidet som er i gang for å styrkje forsvarsevnene i Alliansen. Det har vore ein viss framgang i slik vidare forstand sidan sist vi møttest, men mykje meir må gjerast. Vi er særleg uroa over langvarige og vedvarande manglar på område som overlevingsevne, deployeringsevne, identifisering i strid, etterretning, overvaking og måloppdaging. Full gjennomføring av DCI står sentralt om Alliansen skal kunne utføre sine ulike oppdragstypar sett på bakgrunn av terrortrusselen.
9. På bakgrunn av denne fråsegna får Det faste rådet i oppdrag å halde desse sakene under oppsikt og å rapportere til oss på vårt neste møte om framdrifta i oppgåvene som er opplista i punkt 7, og meir generelt om Alliansen si militære og forsvarsmessige evne til å utføre alle sine ulike oppgåver i det endra tryggingsspolitiske landskapet, særleg i lys av terrortrusselen. Rådet bør òg komme med tilrådingar om eventuelt anna arbeid som må gjerast. I tillegg vil møtet mellom stats- og regjeringssjefane i Praha neste år vere eit særleg viktig høve til å evaluere framdrifta i utviklinga av dei evnene som krevst i kampen mot terrorismen og i dei andre uløyste oppgåvene ein står overfor, og til å gje ytterlegare rettleiing der det trengst.

Vedlegg 2**Forkortingar**

ABM	Anti-Ballistic Missile - Antibalistisk missil
AFSOUTH	Allied Forces Southern Europe - Dei allierte styrkane i Sør-Europa
ANP	Annual National Programme - Dei nasjonale programma for førebuing til medlemskap
APAG	Atlantic Policy Advisory Group - Den atlantiske politiske rådgjevingsgruppa
AWACS	Airborn Warning and Control System - Flybore kontroll- og varslingsystem
BTWC	Biological and Toxic Weapons Convention - Konvensjonen om biologiske og toksiske våpen
CBR-angrep	Chemical, Biological and Radiological attack - Kjemiske, biologiske og radiologiske angrep
CCMS	Committee on the Challenges of Modern Society - Komitéen for utfordringar i det moderne samfunnet (miljøkomitéen)
CEP	Civil Emergency Planning - Sivil beredskapsplanlegging
CFE	Treaty on Conventional Armed Forces in Europe - Avtalen om konvensjonelle styrkar i Europa
CICR	Committee on Information and Cultural Relations - Komitéen for informasjons- og kultursamarbeid
CIMIC	Civil/Military Cooperation - Sivilt-militært samarbeid
ComKFOR	Commander KFOR - KFOR-styrken sin øvste leiar
ComSFOR	Commander SFOR - SFOR sin øvste leiar
CNAD	Conference on National Armaments Directors - Konferansen av nasjonale materielldirektørar
CSBM	Confidence and Security Building Measures - Tillits- og tryggingsskapande tiltak
CTBT	Comprehensive Nuclear Test Ban Treaty - Avtalen om fullstendig forbod mot kjernefysisk prøvesprenging
DCI	Defence Capabilities Initiative - Initiativet for forbetra forsvarsevne

DGP	Senior Defence Group on Proliferation - Seniorforsvarsgruppa for spreingsspørsmål
DPC	Defence Planning Committee - Forsvarsplanleggingskomitéen
DPPI	Disaster Prevention and Preparedness Initiative - Initiativ for førebygging og beredskap mot katastrofar
DSACEUR	Deputy Supreme Allied Commander Europe - NATOs militære nestkommanderande i Europa
DSB	Direktoratet for Sivil Beredskap
EADRCC	Euro-Atlantic Disaster Response Coordination Center - Det euroatlantiske koordineringssenteret for katastrofehjelp
EADRU	Euro-Atlantic Disaster Response Unit - Internasjonal innsatseining for katastrofehjelp
EAPC	Euro-Atlantic Partnership Council - Det euroatlantiske partnerskapsrådet
EMERCOM	Det russiske ministeriet for sivil beredskap
ESDI	European Security and Defence Identity - Europeisk tryggings- og forsvarsidentitet
ESDP	European Security and Defence Policy - Europeisk tryggings- og forsvarspolitik (innanfor EU)
EU	European Union - Den europeiske unionen
EUMC	European Union Military Committee - EU sin militærkomité
EUMS	European Union Military Staff - EU sin militære stab
FRJ	Den føderale republikken Jugoslavia
HLSG	High Level Steering Group - Styringsgruppa for gjennomføringa av DCI (på høgt nivå)
HLTF	High Level Task Force - Høgnivågruppa for nedrusting og rustingskontroll
IAEA	International Atomic Energy Agency - Det internasjonale atomenergibyrådet
IASC	Inter-Agency Standing Committee - FN sin ståande koordineringskomité

ICTY	International Criminal Tribunal for the former Yugoslavia - FN sin internasjonale straffedomstol for det tidligere Jugoslavia
IRF-L	Immediate Reaction Force - Land
JES	Joint Exercise Study - Den militære fellesøvinga VEU-NATO juni 2001
JSRC	Joint Sub Regional Command - Felles regional underkommando
JWG	Joint Working Group on Defece Reform - Den felles arbeidsgruppa for forsvarsreform
KFOR	Kosovo Force - Den internasjonale fredsstyrken for Kosovo
KLA	Kosovo Liberation Army - Den kosovoalbanske frigjeringshæren
KNM	Kongeleg Norske Marine
KPC	Kosovo Protection Force - Det sivile beredskapskorpset i Kosovo
FYROM	Former Yugoslav Republic of Macedonia - Den tidligere jugoslaviske republikken Makedonia
MAP	Membership Action Plan - Handlingsplan for medlemskap
MAPE	Multinational Advisory Police Element - Det rådgjevande multinasjonale politielementet i Albania
MTCR	Missile Technology Control Regime - Kontrollregimet for missilteknologi
NAC	North Atlantic Council - Det nordatlantiske rådet (NATO-rådet)
NAMSA	NATO Maintenance and Supply Agency - NATOs organ for vedlikehald og forsyningar
NATO	North Atlantic Treaty Organisation - Atlanterhavspakt-organisasjonen
NLA	National Liberation Army - Den albanske nasjonale frigjeringshæren i Makedonia
NPG	Nuclear Planning Group - Den kjernefysiske planleggingsgruppa

NPT	Treaty on the Non-Proliferation of Nuclear Weapons - Avtalen om ikkjespreading av kjernefysiske våpen
NUC	NATO-Ukraine Commission - NATO-Ukraina-kommisjonen
OSSE	Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa
OCC	Operational Capabilities Concept - Det operative kvalifikasjonskonseptet
OHR	Office of the High Representative - Kontoret til Den høge representanten
PARP	Planning and Review Process - Planleggings- og tilsynsprosessen i PFP
PB&C	Planning Boards and Committees - Planleggingsutval og -komitéar
PIC	Peace Implementation Council - Fredsgjennomføringssrådet
PJC	NATO-Russia Permanent Joint Council - Fellesrådet NATO-Russland
PFP	Partnership for Peace - Partnerskap for fred
PMF	Political-Military Framework - Det politisk-militære rammeverket for NATO-leidde PFP-operasjonar
PMSC	Political-Military Steering Committee on Partnership for Peace - Den politisk-militære styringsgruppa for PFP
PSC	Political and Security Committee - Utanriks- og tryggingpolitisk komité (i EU)
PWP	Partnership Work Programme (PFP) - Partnerskapsarbeidsprogram (PFP)
SACEUR	Supreme Allied Commander Europe - NATO sin militære øvstkommanderande i Europa
SACLANT	Supreme Allied Commander Atlantic - Øvstkommanderande for dei allierte styrkane i Atlanterhavsområdet
SCEPC	Senior Civil Emergency Planning Committee - Høg-nivåkomitéen for sivil beredskapsplanlegging
SCMM	Standing Committee on Military Matters - Den faste militærkomitéen i Bosnia-Hercegovina

SEECAP	Common Assessment Paper on Regional Security Challenges and Opportunities - Felles evalueringsdokument om regionale trygging utfordringer og utsikter
SEEGROUP	Styringsgruppa for tryggingssamarbeid i Sørøst-Europa
SEEI	South Eastern Europe Initiative - NATO-initiativet for Sørøst-Europa
SFOR	Stabilisation Force - Den internasjonale stabiliseringsstyrken i Bosnia-Hercegovina
SGP	Senior Political-Military Group on Proliferation - Overordna politisk-militær gruppe for sprengingsproblemer
SHAPE	Supreme Headquarters Allied Powers Europe - Hovedkvarteret for østkommanderande for dei allierte styrkane i Europa
SILCEP	Security investment, Logistic and Civil Emergency Planning - Tryggingssamarbeid, logistikk og sivil beredskapsplanlegging
SRSO	Special Representative of the UN Secretary General - FNs Generalsekretærs spesialrepresentant
STANAVFORMED	Standing Naval Forces Mediterranean - Den ståande Middelhavsflåten
STANAVFORLANT	Standing Naval Force Atlantic - Den ståande Atlanterhavsflyten
START	Strategic Arms Reduction Treaty - Avtalen om reduksjon av strategiske våpen
TEEP	Training and Education Enhancement Programme - Det konsoliderte trenings- og utdanningsprogrammet
TEU	Treaty of the European Union - Traktaten om Den europeiske unionen
TLE	Treaty Limited Equipment - Avtaleavgrensa utstyr
TMD	Theater Missile Defence - Kortdistansemissilforsvar
UN	The United Nations - Dei Sameinte Nasjonane (SN/FN)
UNEP	United Nations Environmental Program - FNs miljøprogram
UNMACC	United Nations Mine Action Coordination Center - FNs koordineringssenter for minerydding

UNMIB	United Nation Mission in Bosnia Herzegovina - FN-operasjonen i Bosnia-Hercegovina
UNMIK	United Nation Mission in Kosovo - FN-operasjonen i Kosovo
UNSCR	United Nations Security Council Resolution - FN-tryggingrådsresolusjon
VEU	Vestunionen (VEU)
VCC	Verification Coordinating Committee - Samordningskomitéen for verifiseringsspørsmål
WEAG	Western European Armaments Group - Materiellsamarbeidsgruppa i Den Vesteuropiske Unionen
WEUDAM	Western European Union Demining Advisory Mission - VEU sin rådgjevande mineryddingsmisjon til Kroatia
WMCD	Weapons of Mass Destruction Centre - Senter for masseøydeleggingsvåpen
WMD	Weapons of Mass Destruction - Masseøydeleggingsvåpen
